LINDÅS KOMMUNE

# KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL 2019-2031

Konsekvensutgreiing

Vedtatt av kommunestyret
15. oktober 2019, sak 068/19



# Konsekvensutgreiing og arealvurderingar

## Innhold

1. Innleiing ... 1
1.1. Omfang ... 1
2. Metode ... 2
2.1. Tema for KU og kunnskapsgrunnlaget ... 3
2.1.2. Forureining, klima og miljø ... 5
2.1.3. Landbruk og jordressursar ... 6
2.1.4. Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag ... 7
2.1.5. Landskap ... 8
2.1.6. Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv ... 9
2.1.7. Klimatilpassing ... 10
2.1.8. Strandsone ... 11
2.1.9. Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminne ... 12
2.1.10. Sosial infrastruktur ... 13
2.1.11. Transportbehov, samordna areal- og transportplanlegging ... 13
2.1.12. Teknisk infrastruktur – veg, vatn og avløp (VA), handtering av overvatn ... 14
2.1.13. Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit ... 14
2.1.14. Folkehelse ... 15
2.1.15. Barn og unge ... 16
3. Konsekvensutgreiing ... 17
3.1. Krav til vurdering av samla konsekvensar av planen ... 17
3.2. Samla for arealføremål ... 17
3.3. Samla for KU-tema ... 19
3.4. Samla sett opp mot samfunnsdelen, strategiar og regionale/statlege føringar ... 21
4. Konsekvensutgreiing av enkeltinnspel ... 22
4.1. Vurdering av enkeltinnspel ... 22
4.1.1. Lindås skulekrins ... 23
4.1.2. Seim skulekrins ... 40
4.1.3. Alversund skulekrins ... 65
4.1.4. Knarvik skulekrins ... 68
4.1.5. Leiknes skulekrins ... 73
4.1.6. Eikanger skulekrins ... 85
4.1.7. Kløve skulekrins ... 114
4.1.8. Ostereidet skulekrins ... 117

Konsekvensutgreiing og arealvurderingar
Arealdelen til kommuneplanen 2019-2031

1. gongs handsaming i plan- og miljøutvalet 19. juni 2019, sak 064/19.
Vedtak i kommunestyret 15. oktober 2019, sak 068/19.

Sist revidert 22. november 2019-revidert i tråd med vedtak i kommunestyret 15. oktober 2019, sak 068/19.

# 1. INNLEIING

Planar som set rammer for framtidig utbygging skal ha ei særskilt vurdering og skildring av konsekvensane for miljø og samfunn. Dette går fram av plan- og bygningslova § 4-2 og er utdjupa i forskrift om konsekvensutgreiingar (KU)[1]. Den vedtekne samfunnsdelen er det overordna styringsverktøyet for kommunen, og kommuneplanen sin arealdel skal speila dei vedtekne målsettingane. Arealplanen legg rammer for å styra kommunen si strategiske utvikling, og fell under *Planer som alltid skal behandlast etter forskrifta § 6. a.*

Denne utgreiinga til kommuneplanen sin arealdel for Lindås kommune, er utarbeidd med utgangspunkt i føringane i lov og forskrift. Vurderingane er på oversiktsnivå, og dei skildrar verknadane for miljø og samfunn av nye område for utbygging eller vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggeområde, og endringar i overordna infrastruktur.

Føremålet med konsekvensutgreiinga er å få fram ei vurdering av:

- Viktige miljø- og samfunnsverdiar
- Verknaden ei eventuell utbygging vil ha for desse verdiane
- Kva som kan gjerast av avbøtande tiltak for redusere dei negative verknadene

I tråd med forskrift om konsekvensutgreiingar er det berre dei delane av planen som fastset rammer for framtidig utbygging og som inneber endringar i forhold til gjeldande plan som skal utgreiast. Program for konsekvensutgreiing er innarbeidd i planprogrammet for kommuneplanen. Planprogrammet vart stadfesta i kommunestyret 22.03.2018, sak 019/18.

I tråd med plan- og bygningslova § 4-3, skal det ved utarbeiding av planar for utbygging gjennomførast ei risiko og sårbaranalyse (ROS). Denne er utforma som eit eige dokument.

## 1.1. OMFANG

Til kommuneplanen sin arealdel mottok Lindås kommune om lag 200 private innspel, og 11 innspel frå offentlege etatar. Det er gjennomført ei grovsiling av innspela[2]. Innspel som ikkje er silt vekk gjennom grovsilinga av innspel, er tatt med vidare til KU og ROS-analyse. Innspel som overlappar /ligg svært nær kvarandre og er av lik karakter er, der det har vore teneleg, slått saman og vurdert felles. I desse høva er dei ulike forslagsstillarane lista saman.

Arbeidet med kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen går parallelt med arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Tema for KU i planprogrammet til kommuneplanen og kommunedelplanen er ikkje identiske. For å sikre at desse to planane i størst mogleg grad har ei lik utforming er det utforma ein ny oversikt over tema for KU, som skal vere felles for dei to planane. Alle KU-tema er framleis med for begge planane, men for å få ein felles mal, er det gjort nokre endringar jamfør planprogramma.

I politisk styringsgruppemøte 24. mai 2018 ba styringsgruppa om at alle innspel vert vurdert om det er i tråd med samfunnsdelen eller ikkje. Forskrifta om konsekvensutgreiing *krev* at det i tillegg til ei vurdering av dei einskilde innspela til planen, vert gjort ei framstilling av planen sine samla konsekvensar for samfunnet:

- Samla for dei ulike arealformåla
- Samla for dei ulike tema
- Samla opp mot samfunnsdelen og regionale/statlege føringar

Det er eit viktig mål for Lindås kommune å leggje til rette for utvikling i heile kommunen, men i ulik grad i dei ulike delane av kommunen (jf. strategi 31 og 32 i samfunnsdelen). Samstundes er det ei regional føring for planen å ikkje legge ut område som vesentleg overstig behovet i kommunen.

[1] 1. juli 2017.
[2] Sjå vedlegg for samla oversikt over gjennomført grovsiling og generelle innspel.

## 2. METODE

**Generelt**

Metodikken for KU'en tek utgangspunkt Miljøverndepartementet sin rettleiar T-1493, og er utført med utgangspunkt i nasjonale, regionale og lokale målsettingar og styringsdokument.

Arealdelen til kommuneplanen er på eit overordna nivå og utgreiinga skal, så langt råd er, byggje på føreliggjande og allereie registrert kunnskap. Innsamling av ny kunnskap er avgrensa til det som trengs for vedtaksgrunnlag på eit overordna nivå. Ved ei seinare utarbeiding av område- eller detaljregulering, vil det kunne vere behov for å kartleggje ny kunnskap, dersom verknadene av det aktuelle tiltaket ikkje er tilstrekkeleg kjent.

Alle innspela er vurdert opp mot alternativ-0, som er gjeldande kommuneplan. Det vert konsekvensutgreia fleire innspel enn dei som blir del av sjølve planframlegget. Det er to hovudårsaker til at eit innspel ikkje vert tilrådd vidareført;

1. Fordi konsekvensane på eit eller fleire av utredningstemaa gjer at ein ikkje kan tilrå at dei blir tatt med i rulleringa.
2. Ikkje i tråd med overordna føringar (samfunnsdelen, samt nasjonale/regional føringar).

Kommuneplanens samfunnsdel skal peike ut den strategiske satsinga som kommunen skal fylgja i planperioden. Difor vil det vera naudsynt å utelata dei innspela som ikkje støttar opp om den retninga for samfunnsutviklinga som samfunnsdelen legg til grunn. Arealplanen skal vere ein «kartmessig» spegling av måla i samfunnsdelen. I ei samla vurdering vil ein kunne vurdere korleis planforslaget støttar opp om dei overordna føringane.

Innspela er samla og omtalt områdevis, inndelt etter skulekrins. Kvar skulekrins vert innleia med eit oversynskart over alle innspela og ei skildring av området.

**Vekting av konsekvensar**

Konsekvensen er eit resultat av verdien ny arealbruk eventuelt er i konflikt med, og i kva grad/omfang ny arealbruk vil råka verdiområdet. Konsekvensutgreiinga skal ikkje berre syne verknadene tiltaket kan ha innanfor sjølve innspelsavgrensinga, men og for eventuelle verdiområde rundt (innspel kan ha eit influensområde som er vesentleg større enn innspelet i seg sjølv).

Verdisetting til eit tema for eit område er henta frå aktuelle datasett. Desse nyttar nasjonale standardar for verdisetting, som oftast følgjer ein A til C verdiskala (der A er høgast), eller ein inndeling med verdi av nasjonal, regional eller lokal interesse. Ein del tema har ikkje geografiske verdiområde og konsekvensvurderinga må gjerast i høve til korleis måla for temaet blir oppnådd. Konsekvensar ved ny arealbruk vert vurdert og sortert inn i ein tredelt skala.

| | |
|---|---|
| GRØNN | Ingen vesentleg konflikt innanfor vurderingstemaet. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. Dette blir i så fall nemnt. |
| GUL | Mogleg konflikt som bør kontrollerast nærare ved detaljregulering, eller konflikt som vurderast som innanfor det akseptable, så lenge det ikkje er fleire vesentlege konfliktar knytt til innspelet. |
| RAUD | Tydeleg/sterk konflikt innanfor temaet. *Kan* åleine vere grunn til at innspelet ikkje vert tilrådd. Unntaket er om det finst fleire positive konsekvensar / sterkt behov for å likevel å tilrå tiltaket. Ved avbøtande tiltak eller arrondering av areal, kan konsekvensen verte endra. |

Etter gjennomgang jf. kvart enkelt KU-tema, kjem ei samla vurdering av innspelet, med ei tilråding om å teke med innspelet i planforslaget eller ikkje.

## 2.1. TEMA FOR KU OG KUNNSKAPSGRUNNLAGET

Oversikten under skildrar bakgrunnen for dei ulike tema, og gjer greie for korleis ny arealbruk vil verta vurdert om den råkar dei skildra verdiane eller kjem i konflikt med dei ulike omsyna.

### 2.1.1. OVERORDNA FØRINGAR OG FORVENTNINGAR TIL KOMMUNAL AREALPLANLEGGING

Bakgrunn

Regjeringa legg vekt på, i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023, at vi står overfor fire store utfordringar: å skape eit berekraftig velferdssamfunn, å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning, å skape eit sosialt berekraftig samfunn, å skape eit trygt samfunn for alle. Det forventast at kommunane legg til rette for vekst og utvikling i kompakte og klart avgrensa byområde gjennom samordna areal- og transportplanlegging. Planane fastset utbyggingsmønster, senterstruktur og hovudtrekk i transportsystemet. Regjeringa meiner det er viktig å lokalisere hovudtyngda av handelsverksemd, bustadbygging og arbeidsplass- og besøksintensive verksemder innanfor tettstader som er definerte og avgrensa gjennom kommunal planlegging

Kommunal arealplanlegging skal ta utgangspunkt i nasjonale, regionale og lokale mål, føringar og forventningar. På nasjonalt nivå ligg det føre statlege planretningsliner og nasjonale forventningar til kommunal planlegging. På regionalt nivå er det fleire planar som legg grunnlaget for kommunal arealplanlegging, men det er særleg Regional areal- og transportplan (RATP) som skal sikre ei heilskapleg planlegging av bustad, areal og transport i Hordaland. Denne planen har som overordna mål at utbyggingsmønster og transportsystem skal gje effektiv utnytting av samfunnsressursar og infrastruktur. Samordna planlegging og eit klimavenleg utbyggingsmønster skal leggje til rette for at transportveksten skjer i tråd med nullvekstmålet og at regional grønstruktur og kulturminneverdiar vert bevart.

Det er kommuneplanen sin samfunnsdel som legg grunnlaget for ønska samfunns- og arealutvikling i Lindås kommune. Kommunen vedtok sin samfunnsdel i 2017. Overordna føringar og prinsipp i samfunnsdelen er ei samfunnsutvikling som legg til rette for god folkehelse, gode levekår, livskraftige lokalsamfunn, trivsel, fellesskap, tryggleik, frivilligheit, inkludering og deltaking. Kommuneplanen sin samfunnsdel er bygd opp rundt åtte hovudtema med tydelige mål og strategiar. Det er totalt 19 mål og 98 strategiar som skal peike ut korleis samfunnsutviklinga i kommunen skal vere.

Kommuneplanen sin arealdel skal seie noko om arealkonsekvensen av dei mål og strategiar som ligg i samfunnsdelen. Arealdelen skal på mange måtar vere ei «kartmessig» spegling av måla i samfunnsdelen, og derfor er det naudsynt å vurdere dei enkelte arealinnspela opp om kommunens mål og strategiar i samfunnsdelen. Følgjande mål og strategiar har særlege konsekvensar for kommunen si arealplanlegging:

- **STRATEGI 4:** Utvikle grøntstrukturen i og rundt sentrum
- **STRATEGI 5:** Leggje til rette for offentleg og privat tenesteyting i Knarvik sentrum og omland
- **STRATEGI 8:** Sikre eit godt samspel mellom mjuke trafikanter, biltrafikk og næringslivet sitt behov.
- **STRATEGI 10:** Sikre offentleg areal for framtidig vekst og utvikling
- **STRATEGI 11:** Utvikle samanhengande gang- og sykkelvegar, og leggje til rette for sykkelparkering i sentrumsområdet
- **STRATEGI 12:** Sikre god pendlarparkering i og rundt Knarvik, og ha enkel kopling til kollektivtransport
- **STRATEGI 13:** Vi vil arbeide for å etablere raske og enkle kollektivalternativ mellom regionsenteret og Bergen, på sjø og land
- **STRATEGI 16:** Vidareutvikle Mongstad og Knarvik-området som knutepunkt for næringsutvikling
- **STRATEGI 17:** I hovudsak samle og utvikle arealintensiv næring langs hovudfartsårene E39 og FV57
- **STRATEGI 18:** Bruke sjøen og kystlina i større grad til næringsretta aktivitet, med vekt på berekraftig utvikling og miljø
- **STRATEGI 23:** Leggje til rette for auka matproduksjon og næringsutvikling i landbruket
- **STRATEGI 24:** Regulere og oppretthalde areal på land og i sjø til havbruk der det er miljømessig forsvarleg

- **STRATEGI 31:** Auke arealutnyttinga i Knarvik, Alversund og dei definerte nærsentra Ostereidet og Lindås, og i nærleiken til skule, barnehage, fritids- og servicetilbod
- **STRATEGI 32:** Leggje til rette for spreidd busetnad og mindre byggjefelt i heile kommunen
- **STRATEGI 33:** Leggje til rette for møteplassar og uterom som sikrar fellesskap, aktivitetar, leik og sosialt samvær
- **STRATEGI 34:** Sikre trygg ferdsel for barn og unge frå bustadområde til skular og andre aktivitetar i nærmiljøa
- **STRATEGI 35:** Sikre variert bustadbygging til folk i ulike livsfasar
- **STRATEGI 36:** Leggje til rette for at bumiljøa har område der alle kan vere i aktivitet
- **STRATEGI 37:** Leggje til rette for å bruke natur og friområde som ein kvalitet i og rundt bumiljøa
- **MÅL 8:** Vi vil utvikle nærsentra Lindås og Ostereidet vidare
- **STRATEGI 55:** Utvikle nødvendig infrastruktur slik at fleire skal kunne nytte miljøvennlege transportmiddel
- **STRATEGI 57:** Leggje til rette buområde og aktivitetar som sikrar redusert behov for lokaltransport
- **STRATEGI 58:** Ha auka fortetting i regionsenter og nærsentra
- **STRATEGI 59:** Byggje ut infrastruktur som legg til rette for mjuke trafikantar
- **STRATEGI 62:** Ta vare på jordressursar ved utbygging, og bruke dette på areal som er i bruk eller tidlegare ikkje vore brukt
- **STRATEGI 72:** Utvikle nærmiljø, areaner og møteplassar som sikrar at alle kan delta og høyre til
- **STRATEGI 75:** Leggje til rette for eit aktivt friluftsliv

<u>Kunnskapsgrunnlag/føringar:</u>
Kommuneplanens samfunnsdel, regionale planer, Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2019-2023).

| | |
|---|---|
| (grøn) | • I tråd med nasjonale og regionale føringar, samfunnsdel og planprogram. |
| (gul) | • Innspel som er i tråd med mål og strategiar i samfunnsdelen, men delvis eller i konflikt med nasjonale og regionale føringar. |
| (raud) | • I konflikt med nasjonale og regionale føringar, samfunnsdelen og planprogram. |

## 2.1.2. FORUREINING, KLIMA OG MILJØ

Bakgrunn

*Forureining* inkluderer både forureining av grunn, vatn og luft. Forureina grunn er jord eller berggrunn med ein konsentrasjon av helse- eller miljøfarlege stoffar som er høgare enn det normverdiar i Forurensningsforskriften § 2-3 . Ved etablering av ny busetnad og anlegg i område med forureina grunn må krav i Forurensningsforskriften følgjast. Temaet inneber òg ei vurdering av om etablering av ny verksemd eller nye tiltak kan medføra fare for ny forureining av grunn, luft eller vatn eller forverra situasjonen.

*Støy* påverkar helsa i befolkninga. Temaet er eit viktig tema i arealplanlegginga. I anbefalinga frå *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging,* T-1442, står det at:

*Gul sone er en vurderingssone hvor kommunene bør vise varsomhet med å tillate etablering av nye boliger, sykehus, pleieinstitusjoner, fritidsboliger, skoler og barnehager. I utgangspunktet bør slik bygningar bare tillates dersom man gjennom avbøtende tiltak tilfredsstiller grenseverdiene i tabell 3.*

*Rød sone angir et område som på grunn av det høye støynivået er lite egnet til støyfølsomme bruksformål. I rød sone bør kommunen derfor ikke tillate etablering av boliger, sykehus, pleieinstitusjoner, fritidsboliger, skoler og barnehager. Kommunen bør også være varsom med å tillate annen ny bygningar eller arealbruk med støyfølsomt bruksformål.*

*Klimagassutslepp og energiforbruk* påverkast av transportavstandar. Nærleik til daglege funksjonar som skole, arbeid, offentlege tilbod og daglegvarehandel vil gje lågare utslepp. Omfang av, og nærleik til kollektivtransport kan dempe negative verknader av avstandar til nokre tilbod.

Kunnskapsgrunnlag:

Miljødirektoratet, forureina grunn: https://kartkatalog.miljodirektoratet.no/Dataset/Details/50

Regional klima og energiplan 2014 – 2030. Hovudplan for vatn og avløp.
Strategisk støysonekart (Geonorge Kartverket og støysoner i KPA 2011-2023.

| | |
|---|---|
| Grøn | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt med forureining, klima og miljø. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| Gul | • Nye areal til bygningar og anlegg i område med kjend forureina grunn vurderast til gult/raudt.<br>• Nye areal til bustad-/fritidsbustad i områder i gul støysone vurderast til gult.<br>• Nye areal til bustader (inntil 4) i områder utan nærleik til skole/barnehage (meir enn 2 km), områder med høg arbeidsplasskonsentrasjon og offentlege tilbod vektast til gult. |
| Raud | • Nye areal til bygningar og anlegg i område med kjend forureina grunn vurderast til gult/raudt.<br>• Nye områder for bustad/fritidsbustad i områder i raud støysone vurderast til raudt.<br>• Nye områder for bustader (meir enn 4) i områder utan nærleik til skole/barnehage (meir enn 2 km), områder med høg arbeidsplasskonsentrasjon og offentlege tilbod vektast til gult/raudt. |

### 2.1.3. LANDBRUK OG JORDRESSURSAR

Bakgrunn:

Jordvernet skal stå sterkt, jf. bl.a. jordlova og nasjonal jordvernstrategi. Omdisponering av dyrka eller dyrkbar mark bør ein unngå. Særleg viktig er større samanhengande områder. Areal som ikkje er i bruk i dag, må liggja urørt hvis det er landbruksareal av et visst omfang, og kan takast i bruk på nytt av nye generasjonar. Ein komplett eigedom treng både slåtteland og beiter. Skog av høg bonitet har og verdi i landbrukssamanheng.

Kunnskapsgrunnlag:

Kommunen sin landbruksplan og kjerneområde landbruk (omsynssone landbruk – dei mest verdifulle landbruksareala i Lindås, både med omsyn til dyrka mark (fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite) og kulturlandskap). Gardskart AR5.

| | |
|---|---|
| | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt med landbruk og jordressursar.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg som støttar opp om eksisterande gardsbruk/gardsdrift vurderast som positivt. |
| | • Nye areal til bygningar og anlegg i områder med potensial for jordbruk eller skogdrift vurderast til gult.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg i områder som bind saman areal for jordbruk vurderast til gult om dei kan erstattast, eller raudt om dei ikkje kan erstattast og gjer det vanskeleg å drive på ein god måte. |
| | • Nye areal til bygningar og anlegg i områder som bind saman areal for jordbruk vurderast til gult om dei kan erstattast, eller raudt om dei ikkje kan erstattast og gjer det vanskeleg å drive på ein god måte.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg i områder med dyrka mark vurderast til raudt.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg i områder med drivverdig skog med høg bonitet vurderast til raudt. |

| | |
|---|---|
| **2.1.4. NATURMANGFALD, VASSMILJØ OG VERNA VASSDRAG** | |
| Bakgrunn<br>Det biologiske mangfaldet og vassressursar skal i tilstrekkeleg grad sikrast for framtida, og skal ha ei særskild vurdering når kommunar vurderer å taka i bruk nye areal til utbygging. I tillegg skal det gjerast ein vurdering av om tilgrensande område vert påverka. Naturmangfaldslova og vassforskrifta gjer føringar for forvaltninga av disse ressursane.<br><br>Kunnskapsgrunnlag:<br>Naturmangfaldslova. Naturbase. Miljødirektoratet; utvalt naturtyper, naturvernområder, viktige naturtyper og artfunksjonsområder. Naturtyperegisteringar. Fiskeridirektoratet sine kartdatabasar. Vassforskrifta. | |
| (grøn) | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt med naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| (gul) | • Nye areal til bygningar og anlegg som direkte rører ved vassdrag og vassførekomstar vurderast til gult/raudt.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg i områder med vassdrag og vassførekomstar i tilkopling til verna vassdrag og vassførekomstar vurderast til gult.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg som rører ved vassføring i vassdrag og vassførekomstar som er tilførsel til våtmark med registrerte raudlista arter vurderast til gult.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg tett på områder med kjende trua artar og naturtypar som kan verte negativt påverka av utbygginga vurderast til gult/raudt |
| (raud) | • Nye areal til bygningar og anlegg som direkte rører ved vassdrag og vassførekomstar vurderast til gult/raudt.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg tett på områder med kjende trua artar og naturtypar som kan verte negativt påverka av utbygginga vurderast til gult/raudt.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg i områder med kjente trua artar og naturtypar vurderast til raudt. |

| **2.1.5. LANDSKAP** | |
|---|---|
| Bakgrunn:<br>Landskapsformar er ein viktig del av dei identitetsskapande elementa i kommunen. Det skal gjennomførast en vurdering av landskapsvirkningar av nye byggeområde, og om tiltak råkar viktige landskapselement. Det vert lagd vekt på eksponering, terrenginngrep og ivaretaking av dei viktigaste landskapsdraga.<br><br>Kunnskapsgrunnlag:<br>Miljødirektoratet; verdifulle kulturlandskap. NIBIO. Kartgrunnlag, landskapskart, flyfoto, synfaring og fagleg vurdering | |
| (grøn) | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt med landskap. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| (gul) | • Nye areal til bygningar og anlegg i bratte og eksponerte områder vurderast til gult.<br>• Bebygde områder ved (innsjøer)/tjern som vert fortetta vurderast til gult.<br>• Ubebygde skogsområde som vert fjerna av nye areal til bygningar og anlegg vurderast til gult. |
| (raud) | • Nye areal til bygningar og anlegg i som fjerner eller endrar markerte høgdedrag vurderast til raudt<br>• Ubygde områder ved (innsjøar)/tjern som vert råka av nye areal til bygningar og anlegg vurderast til raudt.<br>• Opne myrlandskap som framstår som dominerande landskapstrekk innanfor området, og som vert fjerna av nye areal til bygningar og anlegg, vurderast til raudt. |

## 2.1.6. NÆRMILJØ, GRØNSTRUKTUR OG FRILUFTSLIV

Bakgrunn:
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv heng tett saman. Nasjonal politikk og strategiar har som målsetting at kommunane i Noreg skal leggje til rette for eit aktivt friluftsliv kor alle skal kunne driva helsefremmande, trivselsskapande og miljøvenleg aktivitet i nærområda. Område av verdi for friluftsliv skal sikrast og forvaltast slik at naturgrunnlaget blir teken i vare (Prop. 1 S (2023-2014)). Dei nasjonale målsettingane og føringane stemmer godt med Lindås kommune sitt val av folkehelse som overordna og førande prinsipp for samfunnsdelen kor bruk av natur og friluftsområde er ein sentral del av ein aktiv kvardag. Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel og kommunedelplanen for Knarvik-Alversund med Alverstraumen held også fram at ein skal forvalta natur- og friluftsområde for framtidige generasjonar, sikre gode ulike typar møteplassar, grønstruktur, snarvegar og tilkomstar til friområde, og legge til rette for ein tydlegare kolbing mellom sjø og land.

Konsekvensutgreiinga vil avklare forholdet til kartlagde og verdsette friluftsområde. Dei vil bli vurdert i forhold til korleis dei styrkar eller kommer i konflikt og forringer statleg sikra friluftsområde og/eller kartlagde friluftsområde. Den vil også vurdera korleis innspela påverkar, kommer i konflikt med eller forringer uformelle møteplassar, leikeplassar, grønstruktur og nærmiljøanlegg

Kunnskapsgrunnlag:
Bergen og Omland friluftsråd sin kartlegging og verdisetting av friluftsområde 2015-2017, gjennomført Barnetråkk, innspel på tema og lokal kunnskap.

| | |
|---|---|
| (grøn) | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt med nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| (gul) | • Nye areal til bygningar og anlegg som kjem så tett på etablerte turløyper/turdrag at det verkar forringande på opplevinga, vurderast til gult.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg som bryt etablerte tilkomstar og snarvegar til naturområde/grøntareal vurderast til gult/raudt. |
| (raud) | • Nye areal til bygningar og anlegg som bryt etablerte tilkomstar og snarvegar til naturområde/grøntareal vurderast til gult/raudt.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg som kjem i konflikt med kartlagde viktige friluftsområde vurderast til raudt.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg som bryt etablerte turløyper/turdrag utan at dei kan erstattast i nærleiken vurderast til raudt. |

### 2.1.7. KLIMATILPASSING

Bakgrunn:

Tilpassing til klimaendringar vil all hovudsak måtta gjerast i detaljreguleringar, samstundes er det konsekvensar av endringar i arealformål som skal vurderast på kommuneplannivå. Ekstremnedbør, regnflaum, jord- flaum- og sørpeskred og stormflo er blant dei mest aktuelle konsekvensane av klimaendringar i området (ref. Norsk klimaservicesenter sin «Klimaprofil Hordaland»).
Elvdrag, bekkefar, fordrøyning og infiltrering av vatten i grunnen er viktige naturelementer som kan hjelpe oss i handteringa av økt nedbør; open overvannshandtering bør soleis sjåas på som ein strategisk resurs i klimatilpassing.

Kunnskapsgrunnlag:

Klimatilpassing.no. DSB-veileder «Klimahjelperen» (2015). NVE karttjenester.

| | |
|---|---|
| (grøn) | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt med klimatilpassing. |
| (gul) | • Nye areal til bygningar og anlegg som råkar vassdrag og vassførekomstar vurderast til gult. |
| (raud) | • Nye areal til bygningar og anlegg langs sjø, under nivå for forventa havnivåstigning vurderast til raudt.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg som kjem i konflikt med kjende flaumvegar vurderast til raudt. |

### 2.1.8. STRANDSONE

Bakgrunn:
Lindås kommune er plassert i kategori 2, jfr. statleg planretningslinja for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen - det vil seie andre område der presset på areala er stort. Nye naust- og aktivitetsområde kan kome i konflikt med eksisterande eller ønska bruk av strandsona.

Kommunen har gjennomført ei kartlegging av funksjonell strandsone, for strekninga Alverstraumen, Alversund og Knarvik, samt Mundal-Molvik. Prinsippa som vart lagd til grunn for kartlegginga er og lagd til grunn for vurderinga av dette temaet; tilgjenge til strandsona frå sjø; landskap / visuell eksponering frå sjø (uavhengig av vegetering); registrert naturmangfald og strandsone som står i direkte økologisk samspel med sjøen (særleg fugleliv); bruk til friluftsliv; sjørelaterte kulturminne som kan syne samband mellom sjøen og landbasert aktivitet opp gjennom historia; urørt strandsone/inngrep.

Kunnskapsgrunnlag:
Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Strandsonekartlegging, vedlegg til KPA 2011. Plankart for gjeldande KPA, KDP Knarvik-Alversund og KDP Alversund.

| | |
|---|---|
| (grøn) | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt i forhold til strandsona. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| (gul) | • Nye areal til bygningar og anlegg som fjernar etablert tilkomst til strandsona vurderast til raudt om den ikkje kan erstattast innanfor same område, gult dersom tilkomsten kan reetablerast utan urimelege omvegar og med minst same moglegheit for universell utforming. |
| (raud) | • Nye areal til bygningar og anlegg innanfor kartlagd funksjonell strandsone vurderast til raudt.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg innanfor 100-metersbeltet, og der det ikkje er fastlagd anna byggegrense, vurderast til raudt dersom dei kjem i konflikt med:<br>○ tilgjenge til strandsona frå sjø<br>○ landskap / visuell eksponering frå sjø (uavhengig av vegetering)<br>○ registrert naturmangfald og strandsone som står i direkte økologisk samspel med sjøen (særleg fugleliv)<br>○ bruk til friluftsliv<br>○ sjørelaterte kulturminne som kan syne samband mellom sjøen og landbasert aktivitet opp gjennom historia<br>○ urørt strandsone/inngrep. |

### 2.1.9. KULTURMINNER OG KULTURMILJØ, AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Bakgrunn:

Kulturminne er alle spor etter menneskeleg aktivitet i vårt fysiske miljø. Kulturminnelova §9, sikrar plikta om undersøking på reguleringsplannivå. Kulturminne kan bli råka av ny utbygging, både ved direkte nedbygging og ved bygging så nært at kulturminna mistar sin opphavelege kontekst. Konsekvensutgreiinga på kommuneplannivå skal vurdera innspel som kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne, vedtaksfreda kulturminne, verdifulle kulturlandskap, gardstun og gamle ferdselsårer.

Kunnskapsgrunnlag:

Sefrak og Askeladden. Riksantikvaren; KULA-område Indre farlia (Riksantikvaren 2018), Den Trondhjemske postveg

| | |
|---|---|
| (grøn) | • Nye areal til bygningar og anlegg i områder med ingen kjende kulturminne, potensialet for funn er lavt og det ikkje er SEFRAK-registrerte bygningar i området vurderast til grønt. Innspel som tar sikte på å auke tilgjenge til, eller på annan måte styrkar kulturminner/kulturmiljø vert vektlagd positivt. |
| (gul) | • Nye areal til bygningar og anlegg som kjem i konflikt med verdifulle kulturlandskap, gardstun, gamle ferdselsårer vurderast til gult/raudt.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg med registrerte Sefrakbygg vurderast til gult. |
| (raud) | • Nye areal til bygningar og anlegg som kjem i konflikt med verdifulle kulturlandskap, gardstun, gamle ferdselsårer vurderast til gult/raudt.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg som kjem i konflikt med freda kulturminne vurderast til raudt |

### 2.1.10. SOSIAL INFRASTRUKTUR

Bakgrunn:
Kommunane har fritt tilgjenge til å sette rekkefølgjekrav til utbyggingar i område utan nødvendig tilgjengeleg samfunnsservice. Manglande sosial infrastruktur kan verte ein stor utgift for kommunen i form av behov for nye utbyggingar eller skyssbehov. I tillegg er det viktig for barn og unge at dei vert knytta til lokalmiljøet gjennom skule og barnehage. Konsekvensutredninga skal difor vurdera om nye bustadområde kan dekkjast av eksisterande samfunnsservice eller om det er behov for kapasitetsauke/nyetablering for å handtera bebuarane sine behov.
Vekst i folketal og kommunesamanslåing skal takast med i vurderinga.

Kunnskapsgrunnlag:
Befolkningsprognoser. Skulebruksplan. Barnehageplan. Prognose for utvikling av folketal, barnetal og elevtal i skulane sine inntaksområde (2010-2029). KDP for trafikksikring (2017-2020).

| | |
|---|---|
| | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt i forhold til vurderingstemaet. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| | • Nye areal for bustad og LNF-spreidd bustad som føreset skuleskyss (Under 4 bueiningar)<br>• Nye areal for bustad og LNF-spreidd bustad (under 4 bueiningar) i områder med manglande kapasitet i skule og barnehage. |
| | • Nye areal for bustad og LNF-spreidd bustad med særleg farleg skuleveg<br>• Nye areal for bustad og LNF-spreidd bustad som føreset skuleskyss (over 4 bueingar)<br>• Nye areal for bustad og LNF-spreidd bustad (over 4 bueiningar) i områder med manglande kapasitet i skule og barnehage. |

### 2.1.11. TRANSPORTBEHOV, SAMORDNA AREAL- OG TRANSPORTPLANLEGGING

Bakgrunn:
Planprogrammet seier at ein skal følgje opp nasjonale forventningar om ein berekraftig areal- og samfunnsutvikling med attraktive og klimavenlege tettstadsområde. Samordninga av areal- og transportplanlegginga er avgjerande for å lykkast med ei klimavenleg utvikling. Lokalisering av framtidige buområde, handel og tenestetilbod skal sentrerast rundt senterområda som i størst grad reduserar behovet for bilbruk og som aukar bruken av kollektivtransport, sykkel og gange.

Kunnskapsgrunnlag:
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Avstandsmåling i www.nordhordlandskart.no, KDP for trafikksikring (2017-2020).

| | |
|---|---|
| | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt i forhold til transportbehov, samordna areal- og transportplanlegging. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| | • Ny areal til bustad eller LNF-spreidd bustad (inntil 4 bueiningar) med meir enn 5 km frå eksisterande senterområde/lokalsenter, vurderast til gult.<br>• Nye areal til bustad eller LNF-spreidd bustad (inntil 4 bueiningar) utan kollektivtilbod og som ikkje er påkopla gang- og sykkelvegnettet vurderast til gult<br>• Nye areal til næring som ikkje ligg langs E 39 eller Fv. 57 vurderast til gult. |
| | • Ny areal til bustad eller LNF-spreidd bustad (meir enn 4 bueiningar) med meir enn 5 km frå eksisterande senterområde/lokalsenter, vurderast til raudt.<br>• Nye areal til bustad eller LNF-spreidd bustad (meir enn 4 bueiningar) utan kollektivtilbod og som ikkje er påkopla gang- og sykkelvegnettet vurderast til raudt. |

## 2.1.12. TEKNISK INFRASTRUKTUR – VEG, VATN OG AVLØP (VA), HANDTERING AV OVERVATN

<u>Bakgrunn</u>
Tilgang til offentleg infrastruktur som VA-anlegg og veg kan utgjere vesentlege kostnader for kommunen, både omgåande og med tanke på framtidig drift. Samtidig har Lindås kommune nokre utfordringar med utslepp frå private anlegg. I framtida er det ynskjeleg at alle bygningar og anlegg vert påkopla det offentlege VA-anlegget.

Areal som ligg innanfor omsynssone E39 (dagsone).

<u>Kunnskapsgrunnlag:</u>
Hovudplan for VA, VA norm for Lindås kommune, kartgrunnlag og fagleg vurdering.

| Farge | Vurdering |
|---|---|
| Grøn | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt i forhold til behov for teknisk infrastruktur. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| Gul | • Nye areal til bygningar og anlegg som krev til dels omfattande tilrettelegging for tilkopling til kommunen sitt VA-anlegg, eller til dels omfattande etablering av ny veg, vurderast til gult.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg som ligg i omsynssone E39(dagsone) |
| Raud | • Nye areal til bygningar og anlegg i områder som krev omfattande tilrettelegging for, ikkje kan koplast på VA-anlegget til kommunen, eller krev omfattande etablering av ny veg, vurderast til raudt. |

## 2.1.13. SAMFUNNSTRYGGLEIK, RISIKO OG SÅRBARHEIT

<u>Bakgrunn</u>:
Som en del av planarbeidet er det utført ei sårbaranalyse for å avdekkja behovet for vidare kartlegging av risiko. Vurderinga under dette temaet er i sin heilskap basert på denne. Det er berre gjennomført sårbaranalyse for dei tilrådde innspela. Innspel som ikkje er tilrådd er difor ikkje vurdert jamfør fargekodene under.

<u>Kunnskapsgrunnlag</u>:
Nasjonale databasar for naturfarar (flaum, skred, radon etc.), infrastruktur, transport av farlig gods, drikkevannskilder, mv.  FylkesROS Hordaland.  NOU 2016: Samhandling for sikkerheit – Beskyttelse av grunnleggande samfunnsfunksjonar.

| Farge | Vurdering |
|---|---|
| Grøn | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt i forhold til samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| Gul | • Nye areal til bygningar og anlegg innanfor område med avdekka farar og sårbarheiter som vurderast mogelege å handtera med avbøtande tiltak ved utbygging vurderast til gult. |
| Raud | • Nye areal til bygningar og anlegg innanfor område med avdekka farar og sårbarheiter som vurderast slik at dei vil vera urimeleg kostbare eller på anna vis umogelege å handtera med avbøtande tiltak ved utbygging, vurderast til raudt. |

## 2.1.14. FOLKEHELSE

Bakgrunn:

Folkehelse er eit av to overordna prinsipp i samfunnsdelen. Arealdelen skal støtta opp om ambisjonen om gode levevilkår og betre livskvalitet for alle i Lindås kommune. Arealdisponeringa skal legge til rette for å utvikle lokalsamfunn som fremjar helse, aktivitet, legg til rett for gode møteplassar, utjamnar sosial skilnader i helse og bidreg til deltaking, gir gode sosiale- og miljømessige forhold og berekraftige velferdstenester.

I arealdisponeringa skal det vektleggast at nye bustadområde har:

- Tilgjengeleg for gange, sykkel – eller kollektiv
- Gangavstand til turstiar, grøntområde og/eller servicetilbod, offentlege tenester mv
- Møteplassar inne/ute som inviterer til deltaking for alle

Kunnskapsgrunnlag:

Regional plan for folkehelse; fleire gode leveår for alle 2014-2025. Bustadsosial handlingsplan for Lindås kommune

| | |
|---|---|
| (grøn) | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt med folkehelse. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| (gul) | • Nye areal for framtidig utbygging er i konflikt med folkehelse<br>• Nye areal tilbygningar og anlegg i områder som er utsett for støy (gul støysone), luftforureining som kan påverke folkehelsa.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg i områder som bygger ned tilgangen til grønstruktur og friluftsliv. |
| (raud) | • Nye areal for framtidig utbygging er i vesentlig konflikt med folkehelse<br>• Nye areal til bygningar og anlegg i områder som er utsett for støy (raud støysone), luftforureining som kan påverke folkehelsa.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg i områder som ikkje er moglege å nå med kollektivtransport, eller vil krevje ein uforhaldsmessig dyr/krevjande tilrettelegging for sykkel eller gange. |

## 2.1.15. BARN OG UNGE

Bakgrunn:

Konsekvensar for barn og unge skal vurderast etter rikspolitiske føresegn for barn og unge.

Når det gjeld krav til fysisk utforming er følgjande spesielt viktig:

- areal og anlegg som skal brukast av barn og unge skal sikrast mot forureining, støy, trafikkfare og annan helsefare
- i nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfolda seg og skapa sitt eige leikemiljø. Dette føreset blant anna at areala:
    - er store nok og eignar seg for leik og opphald
    - gjev høve for ulike typar leik på ulike årstider
    - kan brukast av ulike aldersgrupper
    - og gjev høve for positiv samhandling mellom barn, unge og vaksne
    ved omdisponering av område avsett/ regulert eller brukt av barn til leik, eller område eigna for leik, skal arealet erstattast.

Kunnskapsgrunnlag:

Lokal kunnskap om bruk, og tilsvarande om gangforbindelsar og snarveier.

| | |
|---|---|
| (grøn) | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt med barn og unge sine oppvekstvilkår og høve til fri utfalding. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| (gul) | • Ny bygningar og anlegg som fjernar areal som nyttast av barn og unge utan mogelegheit for erstatningsareal i nærleiken vurderast til raudt. Med mogelegheit for omdisponering av areal til leik/opphald for barn i direkte nærleik vurderast utbygging til gult.<br>• Ny bygningar og anlegg som negativt påverkar areal som nyttast av barn og unge, men ikkje fjernar areala vurderast til gult.<br>• Ny bygningar som forringar tilkomst til friområde/leikeområde vurderast til gult. |
| (raud) | • Ny bygningar og anlegg som fjernar areal som nyttast av barn og unge utan mogelegheit for erstatningsareal i nærleiken vurderast til raudt. Med mogelegheit for omdisponering av areal til leik/opphald for barn i direkte nærleik vurderast utbygging til gult.<br>• Ny bygningar som fjernar tilkomst til viktige friområde/leikeområde utan moglegheit for erstatning av tilkomsten utan unødig omveg vurderast til raudt.<br>• Ny bustadbygningar utan tilgjenge på leike- og idrettsområde vurderast til raudt. |

# 3. KONSEKVENSUTGREIING

Konsekvensvurdering av enkeltinnspel og informasjom om innspelet er heilt eller delvis tatt inn i planen, er omtalt i kap. 4. Her følgjer ei vurdering av dei samla konsekvensane av heile planen Vurderinga er delt i tre bolker; samla vurdering for arealføremåla, samla vurdering for kvart enkelt KU-tema og samla sett opp mot samfunnsdelen, strategiar og regionale/statlege føringar. Planen er under kvart tema vurdert opp mot 0-alternativet (ingen revidert plan).

## 3.1. KRAV TIL VURDERING AV SAMLA KONSEKVENSAR AV PLANEN

For kommuneplanen sin arealdel, krev KU-forskrifta at ein skal vurdere dei samla verknadane som dei nye endringane vil ha. Dette inneber at dei einskilde områda vert sett i samanheng og at ein ser kva verknadar summen av endringar vil ha for miljø og samfunn. Dette dannar grunnlag for å vurdere om den samla belastninga vert for stor og ein har moglegheit til å justere før planen vert vedtatt.

Miljødirektoratet sin veileder for KU hald fram at;
*«Formålet med vurdering av samlede virkninger arealforslagene er å; gi grunnlag for å vurdere utbyggingsforslag og endre planen før offentlig ettersyn, om virkningene av planen samlet sett ikke vurderes akseptable i forhold til miljø og samfunn».*

Vurderinga av innspel relaterast til behovet for dei ulike typane areal det har kome innspel om. I overordna konsekvensutgreiing ser ein til at behovet vert møtt med dei mest tilrådde innspela, og at samla konsekvensar og risiko ikkje er omfattande. Er samla konsekvens omfattande, må ein sjå om ein kan møte behovet på annan måte. Vidare vert det gjort ei vurdering utifrå dei viktigaste føremåla i planen og utifrå tema som er vurdert for dei einskilde tema.

## 3.2. SAMLA FOR AREALFØREMÅL

Nye byggeformål blir sett i samanheng med eksisterande byggeområder og reguleringsplaner. Negative konsekvensar og konfliktar er søkt gjort greie for.

| **SAMLA KONSEKVENSUTGREIING FOR AREALFØREMÅL** | | |
|---|---|---|
| **AREALFØREMÅL** | **OMTALE** | |
| Offentleg eller privat tenesteyting | Planen sett av 26 daa nytt areal til offentleg eller privat tenesteyting. Arealet vert endra frå LNF til offentleg/privat tenesteyting og er tiltenkt ny skule i Eikanger skulekrins. Arealendringa råker ingen verdiar av vesentleg karakter, og samla vurdering er at arealendringa vil ha ein positiv konsekvens for Lindås kommune. Areal til offentleg/privat tenesteyting ved eksisterande Eikanger skule vert liggande uendra. Det arealet kan ikkje endrast før eventuell ny skule er tatt i bruk. Nullalternativet følgjar ikkje opp politisk vedtak om flytting av skulen, og vil vere negativt for framtidig utvikling i skulekrinsen. | |
| Bustad | Planen sett av 19 daa med nytt areal til bustad. 8,1 daa er sentralt lokalisert på Lindås, og arealet vert endra frå grøntareal til bustad. 12,5 daa vert endra frå fritidsbustad til bustad.<br><br>Arealendringa B 1 har ein konflikt med fleire vurderingstema i KU. Innspelet er nedjusert i omfang, for å redusere negative konsekvensar. Detaljreguleringa skal ta omsyn til vurderingane gjort i KU og finne ei løysning for desse utfordringane.<br><br>Planen legg opp til å ta ut om lag 400 daa med eksisterande areal til bustad. Arealet som vert tatt ut er vurdert som mindre eigna for utvikling av bustader, jamfør fastsatte kriterer. Samla sett vert dette vurdert til å bidra til å styrke satsinga på region- og nærsentra, samt redusere omfanget av bustadareal, som | |

| | | |
|---|---|---|
| | ikkje er i tråd med fastsatte kvalitetskriterier. Jamfør omtalen under LNF-spreidd bustad, legg planen til rette for spreidd busetnad i heile kommune.<br><br>Sett opp mot nullalternativet bidreg planen til ein reduksjon i tal daa bustadareal. | |
| Næring | Planen sett av 13 daa med nytt areal til næring. 12,8 daa vert endra frå LNF til næring. 0,48 daa vert endra frå offentleg/privat tenesteyting til næring. Endringane er i all hovudsak endringa til næring for areal med allereie etablert næringsverksemd, og konsekvensane av dette er vurdert som små.<br><br>Samla vurdering er at desse endringane er positive for Lindås kommune, ved at plankartet i større grad har arealføremål som er i tråd med faktisk bruk av areala. Endringane inneberer ingen vesentleg forskjell frå 0-alternativet. | |
| Akvakultur | Planen sett av 124 daa med nytt areal for akvakultur. Dette arealet er regulert i reguleringsplan, og endringa er difor ei justering av overordna plan, i tråd med underliggande plan. Areala vert endra frå LNF.<br><br>Jamfør 0-alternativet bidreg dette til ei styring av ei viktig næring for kommunen, i påvente av ei samla vurdering av akvakultur i Alver kommune. | |
| Fritids- og turistføremål | Planen sett av 20 daa nytt areal til fritids- og turistføremål. Arealet vert endra frå LNF til fritids- og turistføremål. Arealet legg til rette for ei utviding av eksisterande campingplass, og er vurdert som positivt for kommunen. Innspelet er nedjusert i omfang, for å redusere negative konsekvensar. Samla sett er konsekvensane vurdert som små. Jamfør 0-alternativet inneber endringa at kommunen legg betre til rette for vidareutvikling av etablert aktivitet. | |
| Grav- og urnelund | Planen sett av 3,5 daa med nytt areal til grav- og urnelund. Arealet vert endra frå LNF. Arealet legg ikkje beslag på områder med viktige verneverdiar. Jamfør 0-alternativet sikrar endringa ei framtidig reserve av areal til eit viktig samfunnsansvar. | |
| LNF-spreidd bustad | Basert på konsekvensutgreiinga legger planen opp til å vidareføre eit LNF-spreidd bustadområde med nye einingar, samt legge inn eit nytt LNF-spreidd bustadområde, som delvis ligg som bustad i KPA 2011-2023. Basert på gjennomgang av LNF-spreidd bustad områder opnar planen opp for 15 områder for LNF-spreidd bustad, med opning for 41 bustadeiningar i planperioden. Det er ein reduksjon frå KPA 2011-2023, som opna opp for 65 bustadeingar i LNF-spreidd bustad i planperioden. | |
| LNF-spreidd næring | Planen sett av om lag 118 daa med nytt areal til LNF-spreidd næring. Arealet vert endra frå LNF. Tilrådd areal er i fleire tilfelle redusert jamfør innsendte innspel. I tillegg er det lagt avgrensingar for kva type aktivitet det vert opna opp for på det enkelte arealet. Samla sett vert det difor vurdert som at dei negative konsekvensane er små. Jamfør 0-alternativet vil endringane betre rammevilkåra og forbetre næringsgrunnlaget for aktive bønder i kommunen. | |
| Andre typar bebyggelse og anlegg - småbåtanlegg | Planen sett av 50 daa til nytt areal til andre typar bebyggelse og anlegg – småbåtanlegg. Areala vert i hovudsak endra frå LNF, men inkluderer og areal i sjø. Endringane gjeld i all hovudsak areal i strandsona som er bygd ut med naust, flytebrygge og vegareal. Konsekvensane vert difor vurdert til å være små, og vil og vere positive ved at ein kan legge til rette for parkering og tilkomst. Samla vurdering er at desse endringane er positive for Lindås kommune, ved at plankartet i større grad har arealføremål som er i tråd med faktisk bruk av areala. Jamfør 0-alternativet vil det gje rom for vidareutvikling av allereie etablerte småbåtanlegg i kommunen. | |

## 3.3. SAMLA FOR KU-TEMA

| | Tema | Samla vurdering |
|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | Fleire av innspela er i ulik grad i strid med regionale/nasjonale føringar, samfunnsdel og planprogram. Vurdering av innspel i høve til samfunnsdelen er utfordrande ved at eit innspel kan både vere i tråd med og i strid med ulike strategiar i samfunnsdelen. I vurderingane har ein konsentrert seg om å trekke fram særleg viktige moment, og vurderingane er ikkje utfyllande. |
| **Miljø** | Forureining, klima og miljø | I all hovudsak er innspela vurdert til å ha ingen vesentleg konflikt innanfor vurderingstemaet. Samstundes er det ein rekke innspel som har formuleringa «kan gje auke i trafikk» og at innspela legg til rette for motorisert fritidsaktivitet. Innspela er stort sett likevel vurdert til grønt, og omfanget er ikkje rekna å ha av vesentleg betydning.<br><br>Planforslaget kan gi noko auke i biltrafikken, i forhold til dei innspela som er teken med i planen. Samstundes er det slik at ein rekke områder for LNF-spreidd er teken ut – så i sum skil planforslaget seg ikkje vesentleg frå 0-alternativet.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Forureining, klima og miljø. |
| **Miljø** | Landbruk og jordressursar | Det er foreslått utbyggingsområde som råkar Landbruk og jordressursar, men i eit avgrensa omfang. Kommunen ynskjer å leggja til rette for utvikling av gardsrelatert næring i LNF-Næring. For å få til dette tilrår kommunen fleire innspel som kjem i konflikt jordressursar og beitemark. For å minska konsekvensane har kommunen difor redusert arealet til nokon av innspela, samt tilrådd at ein unngår å byggje ned beite og dyrkbarmark så langt som mogleg. Også for andre føremål har kommunen søkt å ivareta jordressursane ved å redusere innspela i areal.<br><br>Areal for ny skule på Eikanger er i direkte konflikt med tema, men vert tilrådd av andre samfunnsomsyn.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Landbruk og jordressursar. |
| **Miljø** | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | Fleire av innspela råkar i ulik grad områder med særleg forvaltningsinteresse – desse er omtala under dei ulike innspela. På kommuneplannivå tilrår kommunen likevel fleire av desse, men vil ivareta omsynet til naturmangfald i føresegn og detaljreguleringar. I behandlinga av innspel om naust og småbåtanlegg har ein vist til forslag til eit marint verneområdet, og korleis det vil gje konsekvensar for tiltak i havbotnen – dette er uavklart, men vil fylgjast opp i detaljreguleringar.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag. |
| **Miljø** | Landskap | Dei fleste innspela er ikkje i konflikt med tema, berre to innspel er vurdert til å vera i sterk konflikt. For å minska verknaden på tema, har kommunen redusert nokre innspel i areal, og vil følja opp registrerte konfliktområde i føresegna.<br><br>I strandsona handlar innspela gjerne å utvida/vidareutvikla allereie bygde område – og endringane er, i tilstøytane område, vurdert til ikkje å få store konsekvensar for landskapet.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Landskap. |

| | | |
|---|---|---|
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | I all hovudsak er innspela vurdert til å ha ingen vesentleg konflikt innanfor vurderingstemaet. Kommunen har redusert størrelsen på areal, for nokon innspel, som minskar konflikten med vurderingstema, i tillegg er det gjort klart at stiar og tilkomstar skal sikrast i vidare reguleringsarbeid.<br><br>Samstundes inneheld planforslaget innspel som er i konflikt med vurderingstema – for å ivareta desse omsyna må ein fylgja opp vurderingane, frå KU, i detaljreguleringa.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv. |
| | Klimatilpassing | Ingen innspel har ein vesentleg konflikt med klimatilpassing.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Klimatilpassing. |
| | Strandsone | Det er foreslått utbyggingsområde som råkar strandsona. For å minske konsekvensane har kommunen i nokon tilfelle redusert størrelse på areal for å unngå strandsona. Der kor endringar vil kunne legge til rette for å bygge ned strandsona krev kommunen at det leggast til rette for tilgang for ålmenta. Stort sett gjeld innspel om endringar i sjøkanten ei utviding av eksisterande naust og småbåthamner eller strandsone som allereie er bygd ned.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Strandsona. |
| **Samfunn** | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | Det er i all hovudsak ingen vesentlege konfliktar med utredningstema. Nokon innspel er vurdert til gul, med krav om at det blir tatt omsyn til registrerte kulturminne.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Kultuminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner. |
| | Sosial infrastruktur | Det er i all hovudsak ingen vesentlege konfliktar med utredningstema. Nytt areal til bustad er primært lokalisert i nærleiken til skule og barnehage.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Sosial infrastruktur. |
| | Transportbehov | Dei fleste innspela er vurdert til å ikkje ha ein vesentleg konflikt i forhold til transportbehov, samstundes er det samla sett forventa ei moderat auke i transportbehov på bakgrunn av arealendringane. I sum kan det argumenterast for at planforslaget bidrar til auka transportbehov.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Transportbehov. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | Dei fleste innspela er vurdert til å ikkje ha ein vesentleg konflikt i forhold til teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA). Innspel som ikkje har tilgang til offentleg V/A har føresetnad om at godkjente private løysingar må på plass, før tiltak kan iverksettast. Merknadane frå KU må takast med i det vidare arbeidet med detaljreguleringar.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Teknisk instrastruktur veg, vatn og avløp (VA). |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | Det er gjennomfør sårbarheitsanalyse for alle dei tilrådde innspela. Ingen av dei tilrådde innspela har farar og sårbarheiter som vurderast som urimeleg kostbare eller på anna vis umogelege å handtera med avbøtande tiltak. Overvatn ved ekstremnedbør er ikkje nemnd i oppsummeringa av potensielle farar. Årsaka til dette er at fara for overvatn vil gjelda alle dei innspelte områda og må takast omsyn til i vidare reguleringsplanarbeid eller byggjesak.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit. |

| | | |
|---|---|---|
| | Folkehelse | I all hovudsak er ikkje planforslaget i konflikt med utredningstema. Nokre innspel er vurdert til å være i konflikt med vurderingstema, her er det særleg viktig og fylgja opp merknadane frå KU i detaljreguleringa. Langs sjø byggjast noko strandsone ned, samstundes vil sjøbasert friluftsliv bli meir tilgjengeleg. Fleire innspel om næringsareal er vurdert til å være både bilbaserte og ligge støyutstatt til – dette vil bli fylgd opp i reguleringsplan.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Folkehelse. |
| | Barn og unge | I all hovudsak er ikkje planforslaget i konflikt med utredningstema. Derimot er nokon av innspela til sjø vurdert som positive for barn og unges tilgang til areal langs sjø. Samstundes tilrår kommunen arealendring for eit område i B1 som til no har vært sikra til grøntstruktur pga bruk av barn og unge – KU visar til RPB og krev at det skal finnast erstatningsareal om dette vert bygd ned.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Barn og unge. |

## 3.4. SAMLA SETT OPP MOT SAMFUNNSDELEN, STRATEGIAR OG REGIONALE/STATLEGE FØRINGAR

Styrking av region- og nærsentra er ei viktig målsetjing både i samfunnsdelen og planprogrammet. For å støtte opp under ei slik utvikling, er det i planen fastsett ei nærsenteravgrensning for Lindås og Ostereidet. I tillegg opnar ikkje planen opp til mykje nytt areal for bustad, som kan vere i konkurranse med sentrane. I tillegg er eksisterande bustadareal vurdert, og ein tilrår å ta ut om lag 370 daa med bustadareal, jamfør fastsette kriterier. Planen legg også opp til ein reduksjon i omfang og tal einingar i LNF-spreidd bustad. I sum gjev dette eit planforslag som styrker senterstrukturen i kommunen og støttar opp om utviklinga av regionssenteret. På same tid sikrar planen, gjennom eksisterande bustadområde og områder for LNF-spreidd bustad, at det er tilgang på bustadareal i kvar skulekrins.

Reserven i eksisterande næringsareal er stor, og planen legg difor berre opp til mindre endringar i næringsareala. Reserven er vurdert til å vere tilstrekkeleg til å dekke behovet for næringsareal, fram til ein rullering av arealdelen til kommuneplanen i Alver kommune.

Nye areal til LNF-spredt næring er med på å styrkje næringsgrunnlaget i landbruket, bidreg til lokal matproduksjon og skapar fleire nye møteplassar for innbyggarar og tilreisande. Fleire av desse innspela er redusert og/eller justert for å redusere eventuelle negative konsekvensar av tiltaket.

Sentrumsnære tur- og friluftsområde vert sikra i planen, områder som har stor verdi for livskvalitet og helse for alle innbyggjarar, ikkje minst for barn og unge.

Nye områder for naust og småbåtanlegg er primært lagt ut i områder som allereie er bygd ut, og ålmenta sin tilgang til områda, skal sikrast. Fleire av desse innspela er redusert og/eller justert for å redusere eventuelle negative konsekvensar av tiltaket.

Samla sett vurderer ein at planforslaget følgjar opp føringar i samfunnsdel, planprogram og regionale og statlege føringar.

# 4. KONSEKVENSUTGREIING AV ENKELTINNSPEL

Innspel som vert tilrådd i konsekvensutgreiinga, har vore vurdert i vedlagte ROS-analyse.

## 4.1. VURDERING AV ENKELTINNSPEL




*Figur 1 Kart over skulekrinsane til Lindås kommune*

Innspela er samla og omtalt områdevis, inndelt etter skulekrins. Kvar skulekrins vert innleia med eit oversynskart over alle innspela og ei skildring av området. I innleiinga til kvar skulekrins er det vist eit kart som synar planstatus frå gjeldande plan og lokalisering av det enkelte innspel i skulekrinsen. I tillegg er det lagt inn ei kort omtale av sentrale moment for den enkelte skulekrins. Det er ingen innspel i Myking skulekrins.

### 4.1.1. LINDÅS SKULEKRINS

Lindås skulekrins strekker seg frå kommunegrensa til Austrheim i nordvest og i søraustleg retning til Fjellanger. Skulekrinsen omfattar også tidlegare Skodvin skulekrins[3] som dekker områda på nordaustsida av Lurefjorden, frå Hundvin i søraust til Spjotøyna i nordvest. I 2019 bur det om lag 2 400 i Lindås skulekrins, etter ein auke på om lag 130 personar sidan 2010. Per 2019 utgjer folketalet i skulekrinsen 15 prosent av det totale folketalet i kommunen. Denne andelen har falt med eit prosentpoeng sidan 2010, som følgje av den sterke folketalsveksten i Knarvik-Alversund området.

*Tabell 1 Endring i folketal i Lindås skulekrins frå 2010 til 2019*

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Folketal** | 2274 | 2307 | 2352 | 2322 | 2350 | 2369 | 2388 | 2408 | 2402 | 2398 |
| **Prosent av folketal i kommunen** | 16 % | 16 % | 16 % | 15 % | 15 % | 15 % | 15 % | 15 % | 15 % | 15 % |

I samfunnsdelen til kommuneplanen er det vedteke at Lindås er eitt av to nærsenter i Lindås kommune. Nærsentera skal vere ein attraktiv møtestad og er meint å bidra til å avgrense transportbehovet i kommunen ved å tilby handel, tenester og sosial infrastruktur for innbyggjarane i omlandet. Per i dag har Lindås senter to barnehagar, barneskule, ungdomsskule, idrettsanlegg og sjukeheim. Det kommersielle handel- og tenestetilbodet på Lindås senter omfattar forskjellige detaljhandelsbutikkar, frisør, pizza-restaurant, treningssenter og daglegvarebutikk. Det er ein Montesorriskule på Skodvin.

Følgjande innspel er del av konsekvensutgreiing i Lindås skulekrins:

- BN 1 Næring - Grønevika
- B 1 Bustad - Lindås
- B 2 Bustad - Lindås
- B 3 Bustad – Fjellsbø
- BS 1 Sentrumsføremål - Lindås
- LSB 1 Spreidd bustad – Fjellsbø
- LSN 1 Spreidd næring – Revsdalen
- BAB 1 Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag + naust) – Nordre Trongholet
- VA 1 Akvakultur – Nesfossen
- VA 2 Akvakultur - Nesfossen

[3] Skodvin skulekrins vart innlemma i Lindås skulekrins i 2015.




*Figur 2 Innspel til KU i Lindås skulekrins*

## BN 1 - Næring

**NÆRING – GRØNEVIKA**

**Gbnr.:** 116/15
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 6,7 daa
**Forslagstillar:** Ottar Lauvås



**Omtale av området:**
Området ligg langs fv. 57, om lag 6 km frå Lindås senter. Har vore brukt til næringsformål i 30 år. Tomta er opparbeida og delvis asfaltert. Vert brukt til oppstilling av køyretøy og som terminal. Føreslått omdisponert til næring.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen sin strategi 17; I hovudsak samle og utviklie arealintensiv næring langs hovudfartsårene E39 og Fv 57. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Hoveddel av omsøkt areal ligg i gul eller raud støysone (ÅDT 3900). Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Etablert område med næringsverksemd i dag. Inga landbruksverdi. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 20-05 Våg og smalsund. Ligg langs Fv. 57 i småkupert landskap. Bratt kant i vestre del av tomta. Tomta er opparbeida. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Grenser til kartlagt friluftsområde. |
| | Klimatilpassing | | Ikkje relevant |
| | Strandsone | | Ligg utanfor 100-meters belte. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant |
| | Transportbehov | | Omlag 6 km nord for Lindås tettstad og 4 km sør for Mongstad. Bilbasert verksemd som ligg langs fv. 57. Ikkje forventa ei auke i trafikk jamfør situasjonen i dag. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Etablert avkøyrsle frå Fv. 57. Ikkje offentleg vatn og avløp. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), skog- og lyngbrann og skade på drikkevasskjelder. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umoglege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Hoveddel av omsøkt areal ligg i gul eller raud støysone (ÅDT 3900). Bilbasert arbeidsplass. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Endring av arealføremål til næring er ei stadfesting av eksisterande bruk av arealet. Arealet ligg tett på Fv. 57, med eksisterande avkøyrsle. Eventuelle tiltak føreset etablering av godkjente løysingar for vatn og avløp.

**TILRÅDING**

Innspelet vert tilrådd.

## B 1 - Bustad

**BUSTAD - LINDÅS**

**Gbnr.:** 108/161
**Føremål i dag:** Grøntområde
**Areal storleik:** 13 daa
**Forslagstillar:** Lindås pensjonistlag, ved Kjell Hauge og Arne Aven og Lindås tomteselskap AS (1)

**Omtale av området:**
Området ligg i grøntområde i gjeldande KPA, mellom Lindås senter i sørvest og Solhaugen barnehage/Lindås bu- og servicesenter i nordaust. Føreslått omdisponert til bustad, med ønskje om etablering av seniorbustader (10 til 15 bueiningar) med 3 til 4 etasjar.



| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med strategi 32, men det er vurdert som tilstrekkeleg med bustadareal innanfor nærsenteravgrensinga for Lindås. Inngår i grøntareal G1 i gjeldande KPA, og er i konflikt med strategi 36 og 37 i samfunnsdelen, om å legge til rette for natur og friområde i og rundt bumiljøa. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | 18 meter av omsøkt areal (langs med Fv. 400 ligg i gul støysone (ÅDT 900). Ligg sentralt plassert på Lindås. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Hovuddel av omsøkt areal er skog. 1,6 daa er bebygd areal. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Elv i nordaustre del av omsøkt areal. Går inn i røys under Storbruhaugen. Influensområde for hekkeområde for Vipe, samt andre arter av særleg stor forvaltningsinteresse (storsporve og heipiplerke). Hekkeområde ligg søraust for fv. 400. Ved en eventuell omdisponering i arealdelen må det gjennom føresegn sikrast kartlegging og gjennomføring av naudsynte tiltak for å sikra vipa sine hekkeområder. Sjå vedlagt notat; Notat_Vipe på Lindås_070519. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 21-08 Vestlandes skogåser. Bryter opp større samanhengande grøntområde. Tiltaket legg til grunn å ta vekk ei kolle/ein haug. Landskapet ligg som ramme for postvegen. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Grøntstruktur i gjeldande KPA; vist til at skal vere del av områderegulering. Store bustadområder i nærleiken, som har behov for grøntareal. Omsøkt tiltak vil forringe kvaliteten til området som grøntområde og område for nærfriluftsliv. |
| | Klimatilpassing | | Elv i nordaustre del av omsøkt areal. Må sikrast for auka vassføring. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Den trondhjemske postveg (automatisk freda kulturminne) går i søndre del av omsøkt areal. Trasé går gjennom eksisterande landbruksbygg. Ingen andre kjente konfliktar på kulturminne. |
| | Sosial infrastruktur | | Nærleik til sjukeheimen (300 m). |
| | Transportbehov | | Om lag 250 m til Lindås senter (med busshaldeplass) og 300 meter til sjukeheimen. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Kommunalt vatn og avløp. Fonnebostvegen Fv. 400. Storbruhaugen kommunal veg. Avkøyrsel frå kommunal veg må krysse fortau. God sikt. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er flaum i vassdrag, skog-/lyngbrann, radonstråling, transport av farleg gods og trafikkforhold. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umoglege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Viktig nærfriluftsområde. For bebuarar i sør lang veg til friluftsområder på oppsida av Kolåsfeltet. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Barn og unge | | I KU vurdering av framtidig sentrumsføremål på 108/622 i gjeldande KPA vart området sikra til grøntstruktur pga i bruk av barn og unge til uorganisert aktivitet. |

**SAMLA VURDERING**

Det er tilstrekkeleg med ledig bustadareal innanfor nærsenteravgrensinga til Lindås. Etablering av bustader på omsøkt areal vil gje nedbygging av eit viktig grøntareal. Grøntarealet er ein viktig kvalitet for Lindås tettstad, og bevaring av slike areal er i tråd med føringar frå Samfunnsdelen (strategi 36 og 37). Etablering av seniorbustader på Lindås kan realiserast på areal som allereie ligg som bustadføremål i KPA. Det er ikkje avklart korleis ei utbygging av området kan påvirke eventuelle hekkeområder for vipe.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

Viss innspelet vert vidareført må endeleg utforming ta omsyn til den trondhjemske postveg og mest mogleg bevaring av kollen som viktig landskapselement. Ved en eventuell omdisponering i arealdelen må det gjennom føresegn sikrast kartlegging og gjennomføring av naudsynte tiltak for å sikra vipa sine hekkeområder. Sjå vedlagt notat; Notat_Vipe på Lindås_070519.I tillegg skal det etter RPB Barn og unge finnast erstatningsareal ved nedbygging av areal som nyttast av barn og unge. I tillegg vil det verte naudsynt å sikra ein tilstrekkeleg avstand til vassdrag som sikring av flaumveg.

Endra i PMU 19. juni 2019 – innspelet vert tilrådd

**ENDRA I PLANVEDTAK 15. OKTOBER 2019**

Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland fremja motsegn mot B1.

Arealet er redusert til 8,1 daa og motsegna er trekt.



## B 2 - Bustad

**BUSTAD - LINDÅS**

**Gbnr.:** 108/622 og 611
**Føremål i dag:**
**Areal storleik:** 93 daa
**Forslagstillar:** Lindås tomteselskap AS (3)



**Omtale av området:**
Området ligg mellom etablert bustadområde på Kolås og Storbruhaugen/Krossleitet, nord for Lindås senter og framtidig sentrumsføremål, samt vest for Solhaugen barnehage/Lindås bu- og servicesenter i nordaust. Er i gjeldande KPA satt av til offentleg og privat tenesteyting, grøntstruktur og bustadføremål. Småkupert område med myr, sump og skog. Føreslått omdisponert til bustad.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med strategi 32, men det er vurdert som tilstrekkeleg med bustadareal innanfor nærsenteravgrensinga for Lindås. Inngår i grøntareal G1 i gjeldande KPA, og er i konflikt med strategi 36 og 37 i samfunnsdelen, om å legge til rette for natur og friområde i og rundt bumiljøa. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Ligg sentralt plassert på Lindås. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Hovuddel av omsøkt areal er skog. Området mot sør er myr. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Elvedrag i omsøkt areal. Deler av området myr og sump. Hekkeområde for vipe søraust for fv. 400 kan verte råka av endringar i hydrologi i området. Ved en eventuell omdisponering i arealdelen må det gjennom føresegn sikrast kartlegging og gjennomføring av naudsynte tiltak for å sikre vipa sine hekkeområder. Sjå vedlagt notat; Notat_Vipe på Lindås_070519. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 21-08 Vestlandes skogåser. Reduserer eit større samanhengande grøntområde. Dalsøkk. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Grøntstruktur i gjeldande KPA; vist til at skal vere del av områderegulering. Store bustadområder i nærleiken, som har behov for grøntareal. Omsøkt tiltak vil forringe kvaliteten til området som grøntområde og område for nærfriluftsliv. Er etablert stisystem og stisystem under opparbeiding. |
| | Klimatilpassing | | Sørlege del av området er eit delvis gjengrodd myrområde og antas å ha funksjon som magasin for ekstrem nedbør. Landbruksareal sør for fv. 400 Fonnebostvegen har utfordring med drenering. Dagens problem ved Prestebekken kan auke pga endra avrenning som følgje av utbygging. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Transportbehov | | Gangavstand til barnehage, skule, sjukeheim m.m. Opp mot 600 m i luftlinje til Lindås senter med kollektivhaldeplass. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Kommunalt vatn og avløp. Kolåsvegen er utbetra og godt tilrettelagt for eventuelt auka trafikk. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Arealet ligg i slakt terreng og det er ikkje pårekneleg med rasfare. Deler av omsøkt areal myr/sump med risiko for flaum i nærliggande områder ved utbygging. Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Viktig nærfriluftsområde. For bebuarar i sør lang veg til friluftsområder på oppsida av Kolåsfeltet. |
| | Barn og unge | | Området vart sikra til grøntstruktur i gjeldande KPA med omtale av at området er i bruk av barn og unge til uorganisert aktivitet. |

| SAMLA VURDERING |
| --- |
| Det er tilstrekkeleg med ledig bustadareal innanfor nærsenteravgrensinga til Lindås. Etablering av bustader på omsøkt areal vil gje nedbygging av eit viktig grøntareal. Grøntarealet er ein viktig kvalitet for Lindås tettstad, og bevaring av slike areal er i tråd med føringar frå samfunnsdelen (strategi 36 og 37). Område antas å ha ein funksjon som magasin for ekstrem nedbør. Ved en eventuell omdisponering i arealdelen må det gjennom føresegn sikrast kartlegging og gjennomføring av naudsynte tiltak for å sikra vipa sine hekkeområder, samt omtale av overvannshandtering. |
| **TILRÅDING** |
| Innspelet vert ikkje tilrådd.<br><br>Dersom innspelet likevel vert teke med videre må det gjennom føresegn sikrast kartlegging og gjennomføring av naudsynte tiltak for å sikra vipa sine hekkeområder. Sjå vedlagt notat; Notat_Vipe på Lindås_070519.I tillegg skal det etter RPB Barn og unge finnast erstatningsareal ved nedbygging av areal som nyttast av barn og unge. I tillegg vil det verte naudsynt å sikra ein tilstrekkeleg avstand til vassdrag som sikring av flaumveg og handtering av overvatn. |

## B 3 - Bustad

**BUSTAD - FJELLSBØ**

**Gbnr.:** 48/9, 10 og 11
**Føremål i dag:** LNF og LNF-spreidd
**Areal storleik:** 2,4 daa
**Forslagstillar:** Helge, Venche og Jan Mellemstrand




**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg 3 km frå Fv. 57 og 10 km frå Lindås tettstad. Gbnr. 48/9 og 2/3 del av gbnr. 48/10 ligg i LNF-spreidd bustad (Fjellsbø) og gbnr. 48/11 ligg i LNF i gjeldande KPA. Føreslått omdisponert til fritidsbustad, sekundært bustad. Fritidsbustad er ikkje til vurdering i rulleringa av KPA. Vert vurdert som bustad.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 32, men i strid med strategi 57 om å legge til rette for buområder som sikrar redusert behov for lokaltransport. Ikkje i tråd med regionale og nasjonale føringar for lokalisering av bustad, men innspelet er på 3 bustadtomter, slik at konsekvensen er vurdert som liten. |
| **Miljø** | Foureining, klima og miljø | | 10 km til Lindås senter. Bilbasert utbygging.<br>Ingen kjente konfliktar med anna foureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Omsøkt areal er skog. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 21-08 Vestlandes skogåser. Gbnr. 48/11; 10 meter høgdeforskjell på tomta. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Nedre halvdel av alle tre tomtane registrert som svært viktig friluftslivområde (BoF og Lindås kommune). Tomtene avgrensa med skråning, så konsekvensen for frilutftsområde er vurdert som mindre enn for LNF-spreidd bustad 1. |
| | Klimatilpassing | | Ingen kjent risiko. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| **Samfunn** | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | 10 km til barne- og ungdomsskule på Lindås. Behov for skuleskyss. |
| | Transportbehov | | Bilbasert utbygging. Området ligg om lag 2 km frå kryss til Fv. 57, om lag 7 km sør for Lindås senter. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Manglar vegtilkomst; må kople seg på kommunal veg 1107 Fjellsbøvegen. Smal, svingete, bratt veg, dårleg bæreevne på deler av vegen. Ikkje kommunalt vatn og avløp. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Delvis konflikt med friluftsområde, men ikkje vurdert til å ha avgjerande negativ konsekvens. Litt i nærleiken av eksisterande bustad. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Endring av arealføremål til bustad kjem negativt ut jamfør avstand frå sosial infrastruktur og tekniske infrastruktur. Området er ikkje i tråd med fastsatte kvalitetskrav for nye bustadområder. Ligg p.t. delvis inne som ein del av LNF-spreidd bustad område Fjellsbø, som vert vidareført.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

**ENDRA I PLANVEDTAK 15. OKTOBER 2019**

Grensene for LNF-spreidd bustad på Fjellsbø vert utvida til å omfatte heile gbnr. 48/10.

## BS 1 - Sentrumsføremål

**SENTRUMSFØREMÅL - LINDÅS**

**Gbnr.:** 108/622
**Føremål i dag:** Grønt og framtidig sentrumsføremål
**Areal storleik:**
**Forslagstillar:** Lindås tomteselskap AS (2)



**Omtale av området:**
Området ligg på nordsida av sentrumsføremål (nåværande) og ligg delvis som sentrumsføremål (framtidig) og grønt i gjeldande KPA. Småkupert område med myr, sump og skog. Føreslått omdisponert til sentrumsføremål.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Inngår i grøntareal G1 i gjeldande KPA, og er i konflikt med strategi 36 og 37 i samfunnsdelen, om å legge til rette for natur og friområde i og rundt bumiljøa. I tråd med nasjonale og regionale føringar for lokalisering av sentrumsføremål (inkl. ma handel). |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Ligg sentralt plassert på Lindås. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Hovudel er myr og skog. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Elvedrag i omsøkt areal. Deler av området myr og sump. Influensområde for hekkeområde for Vipe, samt andre arter av særleg stor forvaltningsinteresse (storsporve og heipiplerke). Hekkeområde ligg søraust for fv. 400. Dette kan verte råka av endringar i hydrologi i området. Ved en eventuell omdisponering i arealdelen må det gjennom føresegn sikrast kartlegging og gjennomføring av naudsynte tiltak for å sikra vipa sine hekkeområder. Sjå vedlagt notat; Notat_Vipe på Lindås_070519. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 21-08 Vestlandes skogåser. Reduserer eit større samanhengande grøntområde. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Grøntstruktur i gjeldande KPA; vist til at skal vere del av områderegulering. Store bustadområder i nærleiken, som har behov for grøntareal. Vert nytta som nærfriluftsområde. Er etablert stisystem og stisystem under opparbeiding. |
| | Klimatilpassing | | Området er eit delvis gjengrodd myrområde og antas å ha funksjon som magasin for ekstrem nedbør. Mange bekker som går ned i myrområdet, og som renner ut i Prestelva. Landbruksareal sør for Fonnebostvegen Fv. 400 og Prestelva har utfordring med oversvømming i periodar med stor nedbør. Eventuell utbygging kan gje utfordringar med auka avrenning. Det vert gjennomført tiltak i samband med utbygging av barnehagen. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Ligg i tilknyting til etablert handelssenter med kollektivhaldeplass. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Kommunalt vatn og avløp. Avkøyrsel inn mot kommunal veg. Utfordring med overvannshandtering i omsøkt areal og konsekvens nedstrøm. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Arealet ligg i slakt terreng og det er ikkje pårekneleg med rasfare. Myr/sump område med mogleg risiko for flaum i nærliggande områder ved utbygging. Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | (gul) | Viktig nærfriluftsområde. For bebuarar i sør lang veg til friluftsområder på oppsida av Kolåsfeltet. |
| | Barn og unge | (raud) | Området vart sikra til grøntstruktur i gjeldande KPA med omtale av at området er i bruk av barn og unge til uorganisert aktivitet. |

**SAMLA VURDERING**

Ikkje vurdert som behov for å utvide arealet for sentrumsføremål (framtidig). Det er tilstrekkeleg reserve innanfor areal som allereie er avsatt i KPA 2011-2023. Grøntarealet er ein viktig kvalitet for Lindås tettstad, og bevaring av slike areal er i tråd med føringar frå Samfunnsdelen (strategi 36 og 37). Område antas å ha ein funksjon som magasin for ekstrem nedbør. Ved en eventuell omdisponering i arealdelen må det gjennom føresegn sikrast kartlegging og gjennomføring av naudsynte tiltak for å sikra vipa sine hekkeområder, samt omtale av overvannshandtering.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

Dersom innspelet likevel vert teke med videre gjennom føresegn sikrast kartlegging og gjennomføring av naudsynte tiltak for å sikra vipa sine hekkeområder.  Sjå vedlagt notat; Notat_Vipe på Lindås_070519. I tillegg skal det etter RPB Barn og unge finnast erstatningsareal ved nedbygging av areal som nyttast av barn og unge. I tillegg vil det verte naudsynt å sikra ein tilstrekkeleg avstand til vassdrag som sikring av flaumveg  og handtering av overvatn.

## LSB 1 - Spreidd bustad

**LNF-SPREIDD BUSTAD - FJELLSBØ**

**Gbnr.:** 49/2 og 3
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 46 daa
**Forslagstillar:** Kristoffer Hope



**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg 3 km frå Fv. 57 og 10 km frå Lindås senter. Nordre del er relativt flatt, men ein stor del av arealet ligg i bratt skrent. Eitt eksisterande våningshus, og to hus for landbruksdrift på omsøkt areal. Føreslått omdisponert til LNF-spreidd bustadområde med 8 bustader.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Ikkje i tråd med regionale og nasjonale føringar for lokalisering av bustad. Innspelet på 8 bustader er vurdert til å ha større negativ konsekvens enn B 3-Bustad. Er ikkje i tråd med samfunnsdelen strategi 31 om styrking av region-og nærsentra, og strategi 34 om trygg ferdsel for barn og unge, samt strid med strategi 57 om å legge til rette for buområder som sikrar redusert behov for lokaltransport.. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | 10 km til Lindås senter. Bilbasert utbygging. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Hovuddel av omsøkt areal er innmarksbeite og overflatedyrka jord, i tillegg noe skog. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 21-08 Vestlandes skogåser Litt i eit bratt område med om lag 70 m i høgdeforskjell frå sør til nord. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Omsøkt areal ligg som svært viktig friluftslivområde (BoF og Lindås kommune) |
| | Klimatilpassing | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Sefrak-bygning; våningshus. |
| | Sosial infrastruktur | | 10 km til barne- og ungdomsskule på Lindås. |
| | Transportbehov | | Bilbasert utbygging. Området ligg om lag 3 km frå kryss til Fv. 57, om lag 7 km sør for Lindås senter. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Manglar vegtilkomst; må kople seg på kommunal veg 1107 Fjellsbøvegen og Skodvinsvegen. Smal, svingete, bratt veg, dårleg bæreevne på deler av vegen. Ikkje kommunalt vatn og avløp. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Liten del av omsøkt areal i nordaust ligg i område med potensiell skredfare (skredtype 13). Store høgdeforskjeller i omsøkt areal (70 m). Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Omsøkt tiltak byggjer ned tilgang til friluftsliv. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverke barn og unge sine oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Innspelet er ikkje i tråd med mål om å styrka/prioritera senterområda. Omsøkt tiltak kjem negativt ut jamfør fleire av KU-tema¸ landbruk- og friluftsinteresser og manglande infrastruktur. Det er ikkje behov for eit stort nytt LNF-spreidd bustad område i denne delen av kommunen. Tilgrensande LNF-spreidd området på Fjellsbø vert vidareført.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## LSN 1 - Spreidd næring

**LNF-SPREIDD NÆRING - REVSDALEN**

**Gbnr.:** 95/1
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 4,3
**Forslagstillar:** Anny og Kjartan Refsdal



**Omtale av området:**
Området ligg omlag 10 km sør for Lindås senter, og om lag 2,5 km frå fv. 57. Landbrukseigedom i drift. Føreslått omdisponert til LNF-spreidd næring på bakgrunn av ønskje om å starte opp med «Inn på tunet». Eventuelle tiltak er ikkje avklart.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 21 om å støtte opp under nye idear og verksemder og strategi 23 om å legge til rette for auke matproduksjon og næringsutvikling i landbruket. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Kan gje auke i trafikk, avhengig av kva type aktivitet ein legg opp til i «Inn på tunet». Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Primært bebygd areal, men areal rundt eksisterande bygg er fulldyrka jord. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Elv går gjennom gardstunet, mellom bygg for landbruksdrift og våningshus. Eventuelle tiltak må ta omsyn til elva. |
| Miljø | Landskap | | Landskapstype; LT 21-08 Vestlandes skogåser. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ligg delvis innanfor buffersonen til inngrepsfrie naturområder. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Ikkje relevant. |
| Miljø | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Transportbehov | | Kan gje auke i trafikk, avhengig av kva type aktivitet ein legg opp til i «Inn på tunet». |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Skodvinsvegen kommunal veg. Dårleg bæreevne på deler av vegen. Ikkje kommunalt vatn og avløp. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er skred (snøskred og steinsprang), flaum i vassdrag og skog- og lyngbrann. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| Samfunn | Folkehelse | | Positivt med tilrettelegging for «Inn på tunet». |
| Samfunn | Barn og unge | | Ikkje relevant. |

**SAMLA VURDERING**

Føremålet med endring til LNF-spreidd næring er å leggje til rette for oppstart av «Inn på tunet». Omsøkt tiltak vil styrke næringsgunnlaget for garden. Om det er aktuelt med etablering av nye bygg er ikkje avklart. Føresegna vil presisere kva type tiltak som føremålet vil opne opp for, og at ein ved etablering av eventuelle bygg, skal ta omsyn til fulldyrka jord og ta omsyn til elva. Eventuelt nye tiltak vil krevje vurdering i høve NVE sine aktsemdsoner (ras/skredrapport). Eventuelle tiltak føreset etablering av godkjente private løysingar for vatn og avløp.

**TILRÅDING**

Innspelet vert tilrådd. Føresegna opnar opp for etablering av næringsbygg knytt til «Inn på tunet», utdanning og arbeidstrening.

**ENDRA I PLANVEDTAK 15. OKTOBER 2019**

Fylkesmannen i Vestland fremja motsegn mot mangelfull ROS-analyse for byggjeområder utan plankrav. Tillegg til ROS-analysa, ROS-analyse for innspel utan plankrav (datert 14.10.2109), tilrår å leggje plankrav på LSN 1, pga at området ligg i utløpsområde for snøskred (og muligens også steinsprang). Innspelet er tatt ut av planen. Intensjonen er å leggje til rette for «Inn på Tunet», og det er ein aktivitet som i stor grad kan leggast til rette for innanfor LNF-føremålet.

## BAB 1 – Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag + naust)

**SMÅBÅTANLEGG I SJØ OG VASSDRAG + NAUST – NORDRE TRONGHOLET**

**Gbnr.:** 119/1 og 3
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 12,3 daa
**Forslagstillar:** Katrine og Frode Sætre




**Omtale av området:**
Området ligg om lag 4 km nord for Lindås senter i ei vik med 3 etablerte naust. Etablert bilveg, med behov for forlenging 30 m. Føreslått omdisponert til naustområde (inntil 7 naust) og område for småbåtanlegg i sjø (flytebryggje).

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med fastsatt avgrensing av kva innspel på naust og småbåthamnområder ein opna opp for i planarbeidet. I trid med nasjonale og regionale føringar for forvaltning av strandsona |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil kunna auke utsleppa av klimagassar noko. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Skog. Ikkje verdifullt som skogsområde. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Bløtbunnsområder i strandsonene. Verdi B Viktig. Art av særleg stor fovaltningsinteresse; Oter, på Langøyva nord for omsøkt areal. Art av stor forvaltningsmessig interesse; ramsløkflute, søraust for omsøkt tiltak. |
| Miljø | Landskap | | Landskapstype; LT 20-05 Våg og smalsund. Tiltaket legg opp til ei vidareutvikling/utviding av eksisterande område med naust og flytebryggje for småbåter. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Registrert friluftslivsområde. Brukt til padling. Tiltaket kan auke tilgangen til området. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder. |
| Miljø | Strandsone | | Ligg i sin heilhet i strandsona. Vil auke tilkomst til strandsona og styrke eit etablert område for båt- og padleaktivitet. Vil medføre utbygging av urørt strandsone. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Transportbehov | | Omsøkt tiltak vil gje ei auke i biltrafikk. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Sundsbøvegen kommunal, privat veg siste stykke. Ikkje fortau/gang- og sykkelveg (heile vegen frå Lindås). |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (ligg under marin grense), havnivåstigning, stormflod og bølgjepåverknad, skog- og lyngbrann og kjemikalieutslepp og annan forureining. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| Samfunn | Folkehelse | | Omsøkt tiltak kan gje auka tilgang til området. |
| Samfunn | Barn og unge | | Tiltaket vil auke tilgang til strandsona og båt- og kajakk aktivitet. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt tiltak kan oppfylle kvalitetskrava til naust og småbåthamområde som var fastsatt i innspelsrunden. Kan auke tilgangen til strandsona, og gje auka grunnlag for båtliv og kajakkaktivitet. Tilhøve til og konsekvensar for naturtyper/registeringar må avklarast i reguleringsplan. Strandsona er i hovudska urørt i dag, der hovudtyngden av naust er tenkt etablert. Det vil kunne vere ei utfordring å etablere veg til naustområde. Området er skjerma frå fjorden og gjev liten negativ eksponering. Ålmenta sin tilgang til sjø skal sikres i detaljplan.

| TILRÅDING | |
|---|---|
| Innspelet vert tilrådd. | |
| **ENDRA I PLANVEDTAK 15. OKTOBER 2019** | |
| Fylkesmannen i Vestland fremja motsegn mot BAB1.<br><br>Arealet er redusert til 4,2 daa og motsegn er trekt. |  |

## VA 1 - Akvakultur

| AKVAKULTUR - NESFOSSEN | |
|---|---|
| **Gbnr.:** 56/168<br>**Føremål i dag:** LNF<br>**Areal storleik:** 124 daa<br>**Forslagstillar:** Nesfossen Smolt AS |  |
| **Omtale av området:**<br>Omsøkt areal ligg om lag 16 km frå Knarvik. Føreslått omdisponert til akvakultur, i tråd med vedteken reguleringsplan, Nesfossen nærings- og industriområde (planid 1263-201508). | |

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Er gjennomført KU i samband med reguleringsplan, Nesfossen nærings- og industriområde (planid 1263-201508). |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | |
| Miljø | Landskap | | |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | |
| Miljø | Klimatilpassing | | |
| Miljø | Strandsone | | |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | |
| Samfunn | Transportbehov | | |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | |
| Samfunn | Folkehelse | | |
| Samfunn | Barn og unge | | |

| SAMLA VURDERING |
|---|
| Innspelet er i tråd med vedteken reguleringsplan, Nesfossen nærings- og industriområde (planid 1263-201508). |

| TILRÅDING |
|---|
| Innspelet vert tilrådd. |

## VA 2 - Akvakultur

**AKVAKULTUR - NAUSTRINDEN**

**Gbnr.:** 56/14
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 63 daa
**Forslagstillar:** Nesfossen Smolt as ved Øyvind Holsen




**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg om lag 16 km frå Knarvik. Området er ubebygd og ligg langs sjø. Føreslått omdisponert til akvakultur, landanleggsproduksjon av fisk, basert på sjøvatn. Grenser til regulering område for akvakultur, Nesfossen nærings- og industriområde (planid 1263-201508).

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen sin strategi 17; I hovudsak samle og utviklie arealintensiv næring langs hovudfartsårene E39 og Fv 57. og strategi 24; Regulere og oppretthalde areal på land og i sjø til havbruk der det er miljømessig forsvarleg. I strid med nasjonale og regionale føringar for forvaltning av strandsona. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landbruk og jordressursar | | Omsøkt areal er i hovudak skog med middels bonitet. Med ei stripe med myr midt i, på langs, av omsøkt areal. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Myr mellom to høgdedrag. Sone for fiskeplass, aktive reiskap og passive reiskap i sjø, utanfor omsøkte areal, om lag 100 til 200 meter ifrå land. I sjø, føreslått område for marint verneområde. Det er ikkje heilt klart kva påverknad dette vil ha for framtidig aktivitet i området, men i hovudsak går det fram av Fylkesmannen si tilråding at akvakulturaktivitet kan helde fram og også aukast, på nokre vilkår. Ved eventuell utbygging må det, gjennom føresegn, sikrast ei kartlegging og gjennomføring av naudsynte tiltak, for å ivareta det marine verneområdet. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 20-06 Småfjord og storsund. Høgdedrag på kvar side av myrområde (myr 3 moh og høgdedrag ca. 30 moh). Eventuell planering av arealet vil gje store landskapsinngrep. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Trondhjemske postveg går på oppsida av omsøkt areal. Behov for visuell skjerming for å bevare kvalitetane til postvegen. |
| | Klimatilpassing | | Omsøkt tiltak råker myrområde. Auka nedbør vurdert som lite problematisk pga området sin nærleik til sjø. Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder. |
| | Strandsone | | Ligg innanfor 100-metersbelte. Åsrygg går parallelt med sjølinja, med bratt skrent ned mot sjø. Tilgang til sjø er naturleg begrensa. Omsøkt tiltak vil gje store terrenginngrep i strandsona. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Vil gje auka trafikk i avkøyrsle til Fv. 57 og auka båttrafikk. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ikkje offentleg vatn og avlaup. Det er private VA-løysingar i området. Privat veg som koplar seg på Fv. 57. Nesfossen Smolt AS har tinglyst rett til å bruke overskotsvatn frå vasskjelda, Storavatnet. Det er ikkje kapasitet til å gje utvida rett til bruk av vatn. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Bratt skrent ned mot sjø. Havnivåstigning må takast omsyn til ved eventuell tilrettelegging av arealet. Ligg om lag 16 km frå brannstasjon. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Ingen kjente registreringar av friluftsinteresser i omsøkt areal, men tilhøve til postvegen må sikrast. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. Området består av åsryggar og myr. Tilgang til strandsona i tilgrensande områder. |

| **SAMLA VURDERING** |
|---|
| Omsøkt tiltak er ei utviding av eksisterande næringsverksemd på tilgrensande areal (jf. VA 1 - Akvakultur). Tiltaket kjem negativt ut jamfør fleire KU-tema; vassmiljø, landskapsinngrep, naturmangfald i det marine verneområdet, strandsone, vatn og avløp. Nesfossen Smolt AS har tinglyst rett til å bruke overkottsvatn frå vasskjelda, Storavatnet. I tørkeperioder er det utfordringar med vasstilførsel. Utvida areal må difor basere seg på at ein ikkje aukar bruken av ferskvatn. Omsøkt tiltak må ikkje gje auka forureining til sjø. I intensjonsavtale for Alver, datert 8. juni 2016, ligg det inne at Alver kommune skal utarbeide landbruks- og akvakulturplan. Nesfossen Smolt har gjennom Akvakultur 1 areal som kan utviklast i planperioden. Ei eventuell framtidig utviding bør vurderast i samband med landbruks- og akvakulturplanen som skal utarbeidast i Alver kommune. |
| **TILRÅDING** |
| Innspelet vert ikkje tilrådd. |

### 4.1.2. SEIM SKULEKRINS

Seim skulekrins dekker området på vestsida av Lurefjorden, mellom øya Lygra i nordvest og Seim i søraust. I 2019 budde det 1467 personar i denne skulekrinsen, etter ein auke på om lag 130 personar sidan 2010. Per 2019 utgjer folketalet i skulekrinsen ni prosent av det totale folketalet i kommunen. Denne andelen har halde seg mellom ni og ti prosent sidan 2010.

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Folketal** | 1340 | 1390 | 1405 | 1424 | 1435 | 1461 | 1494 | 1471 | 1467 | 1467 |
| **Prosent av folketal i kommunen** | 9 % | 10 % | 10 % | 10 % | 10 % | 9 % | 10 % | 9 % | 9 % | 9 % |

Innanfor Seim skulekrins er det barnehage, barneskule og idrettsanlegg. I tillegg er det ein daglegvarebutikk på Feste.

Følgjande innspel er del av konsekvensutgreiing i Seim skulekrins:

- BN 2 Næring - Hoplandseidet
- B 4 Bustad - Nappane
- GF 1 Friområde - Seim
- B 5 Bustad - Seim
- B 6 Bustad - Seim
- LSN 2 Spreidd næring - Skotsund
- LSN 3 Spreidd næring - Spurkeland
- LSN 4 Spreidd næring - Spurkeland
- BAB 2 Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag) - Festevågen
- BAB 3 Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag + naust) - Nappevika
- BAB 4 Andre typer bygg og anlegg (naust) – Nordre Totlandsvika
- BAB 5 Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag + naust) - Rydland
- BAB 6 Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag) - Lianeset
- BAB 7 Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag + naust) - Gardvika
- BFT 1 Fritids- og turistføremål (campingplass) - Bergfjord




*Figur 3 Innspel til KU i Seim skulekrins*

## BN 2 - Næring

**NÆRING - HOPLANDSEIDET**

**Gbnr.:** 173/5
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 48 daa
**Forslagstillar:** Halvard Rydland



**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg i eit skogkledd område, i næleiken av Fv. 57. Privat veg går gjennom området, med avkøyrsel til Fv. 57.
Føreslått omdisponert til næring.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | (gul) | I tråd med samfunnsdelen sin strategi 17 om lokalisering langs E 39 og Fv 57. I strid med strategi 39 om ivaretaking av verdifullt landbruksareal. |
| Miljø | Foreureining, klima og miljø | (grøn) | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | (raud) | Skog – samanhengande drivverdig skogsområde. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | (gul) | Mogleg konflikt med avrenning ned til sjø (Rydlandsvågen), som er del av føreslått marint verneområde. Terskelfjord som er sårbar. Utslepp med auka mengde kan ha stor negativ konsekvens. Under 200 m frå grense omsøkt areal til art av særleg stor forvaltningsinteresse; havørn. |
| Miljø | Landskap | (gul) | Landskapstype; LT21-04 Småvåg- og smalsundlandskap. Bratt terreng – tilrettelegging av tomt føreset store terrenginngrep (45 meter høgdeforskjell på omsøkt areal). Vil bryte opp stort samanhengande område utan eksisterande terrenginngrep. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | (grøn) | Omsøkt areal grenser til registrert friluftsområde. |
| Miljø | Klimatilpassing | (grøn) | Ingen vesentleg konflikt. |
| Miljø | Strandsone | (grøn) | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | (grøn) | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | (grøn) | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Transportbehov | (grøn) | Ligg i nærleikan av Fv. 57. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | (raud) | Ikkje offentleg avløp, utfordrande å etablere privat avløpsleidning (4/5 km ut til Seimsfjorden). Kommunalt vatn kan etablerast. Vil vere behov for å utvida avkøyrsle frå Fv. 57 til privat veg. Dårlege siktforhold i dag for trafikk frå nord. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Liten del av omsøkt areal går inn i omsynssone KpFareSone (H350_f2). Auka trafikk og avkøyrsel til Fv. 57. Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| Samfunn | Folkehelse | (grøn) | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Barn og unge | (grøn) | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt areal er i tråd med føringar i samfunnsdelen om lokalisering nær til Fv. 57, men i strid med strategi 39 om ivaretaking av verdifullt landbruksareal (skog). Planprogrammet legg primært opp til utviding av eksisterande næringsareal. Det er ein reserve av både regulert og uregulert næringsareal i gjeldande plan, og det er ikkje ønskjeleg å legge til rette for etablering på eit ubebygd areal i eit samanhengande, drivverdig skogområde. Tiltaket vil truleg krevje utbetring av avkøyrsel til Fv. 57. Ligg i nærleikan av eksisterande næringsareal N8 med potensiale for realisering.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## B 4 - Bustad

**BUSTAD - NAPPANE**

**Gbnr.:** 129/11
**Føremål i dag:** Bustad/fritidsbustad
**Areal storleik:** 0,8 daa
**Forslagstillar:** Kristine H. Allport og Charles S. Lilleskare



**Omtale av området:**
Hovuddel av tomta ligg som bustad. Ein trekant mot vest ligg som fritidsbustad. I reguleringsplan for Nappane gbrn. 129/5 ligger trekanten som friluftsområde.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Hovuddelen av tomta ligg som bustad i KPA 2011. Vurdert som mindre vesentleg jf. både kommunale, regionale og nasjonale føringar. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Ikkje relevant. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Ikkje relevant. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Landskap | | Ikkje relevant. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Den delen av omsøkt areal som ikkje ligg som bustad i KPA 2011, er 0,8 daa. Er ikkje vurdert til å redusere verdien av friluftsområde, om dette arealet vert bustad. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Ikkje relevant. |
| Miljø | Strandsone | | Del av tomta som allereide ligg som bustad i gjeldande KPA ligg innanfor 100 – metersbelte til sjø. Omsøkt areal ligg lenger unna sjø. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Transportbehov | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er skred (snøskred), ustabil grunn, skog-/lyngbrann, radonstråling og framkomst for utrykkingskøyretøy. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umoglege å handtera med avbøtande tiltak. |
| Samfunn | Folkehelse | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Barn og unge | | Ikkje relevant. |

**SAMLA VURDERING**

Det er ikkje førmålsteneleg at deler av tomta ligg som fritidsbustad. I reguleringsplanen er området avsatt til friluftsområde. Endringa må takast som ein endring av reguleringsplanen, eller ved ein eventuell oppheving av reguleringsplan. I og med at reguleringsplanen ikkje vert oppheva, kan denne endringa ikkje gjennomførast i kommuneplanen.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

**ENDRA I PMU 19. JUNI 2019**

Innspelet vert tilrådd.
PMU vedtok å gjennomføre prosess for å oppheve reguleringsplan for Nappane gbnr. 129/5 m.fl. (planid 1263-19012007). Varsel om oppheving av planen vert sendt på høyring parallelt med høyring av planforslaget til KPA 2019-2031. Endring av arealføremål føreset vedtak om å oppheve reguleringsplan for Nappane gbnr. 129/5 m.fl. (planid 1263-19012007).

## GF 1 - Friområde

**BUSTAD - SEIM**

**Gbnr.:** 173/3
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 1 daa
**Forslagstillar:** Inge Herman Rydland

**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg på eit flatt område på oppsida av intern veg for Sollia bustadfelt. Føreslått omdisponert til friområde (leikeplass). Utviding av bebyggelsesplan Solbakken (Sollia bustadfelt). Er kopla til KU Bustad 5. Utviding vil gje grunnlag for flytting av friareal og etablering av bustad på eksisterande friareal.




| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I strid med samfunnsdelen strategi 39; Oppretthalde kulturlandskapet gjennom å leggje til rette for aktiv drift og ta vare på verdifullt landbruksareal. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Fulldyrka jord. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Landskap | | Landskapstype; LT21-02 Middels brede fjordløp |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| Miljø | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Transportbehov | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| Samfunn | Folkehelse | | Området er eigna som friområde (leikeplass). Kan opparbeidast til ein møteplass for omliggande bustadområde. |
| Samfunn | Barn og unge | | Området er flatt og eigna som friområde (leikeplass). |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt areal ligg på fulldyrka jord. Det er difor ikkje eigna som friområde (leikeplass).

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## B 5 - Bustad

**BUSTAD - SEIM**

**Gbnr.:** 173/3
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 1 daa
**Forslagstillar:** Inge Herman Rydland

**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg i eit etablert bustadområde. Foreslått omdisponert til bustad. Ligg som friområde (lekeplass) i bebyggelsesplan Solbakken (Sollia bustadfelt). Innspelet er kopla til GF 1 - Friområde. Utviding vil gje grunnlag for flytting av friområde (lekeplass) og etablering av bustad på eksisterande friområde.




| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | (grøn) | Vurdert som mindre vesentleg jf. både kommunale, regionale og nasjonale føringar. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | (grøn) | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landbruk og jordressursar | (grøn) | Bebygd område. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | (grøn) | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landskap | (grøn) | Landskapstype; LT21-02 Middels brede fjordløp. 7 m høgdeforskjell på omsøkt areal. Ligg midt i eit etablert bustadområde. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | (gul) | Omsøkt areal ligg som friområde i gjeldande bebyggelsesplan. Omsøkt endring til bustad føresett at GF 1 - Friområde vert tilrådd. |
| | Klimatilpassing | (grøn) | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | (grøn) | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | (grøn) | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | (raud) | Seim barneskule har lite/ingen kapasitet per i dag. Eit strekk av Fv. 401 er definert som særleg farleg/vanskeleg i «Analyse særleg farlege skulevegar»; smal veg, høgefjellskjeringar på den eine sida og stup ned på andre sida. Ingen plass for mjuke trafikanter. |
| | Transportbehov | (grøn) | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | (gul) | Offentleg vatn og avløp, men ikkje brannvannsdekning. Privat veg til Fv. 401. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | (raud) | Friområde (leikeplass) er ein viktig møteplass i eit bustadområde. Omsøkt tiltak føresett at leikearealet vert erstatta, gjennom GF 1 - Friområde . |
| | Barn og unge | (raud) | Omsøkt areal er avsatt til friområde (leikeplass) i bebyggelsesplan. Omsøkt tiltak føresett at leikearealet vert erstatta, gjennom GF 1 - Friområde . |

**SAMLA VURDERING**

Etablering av bustad på omsøkt areal er i utgangspunktet ikkje konfliktfylt. Tiltaket føreset derimot at friområde (leikeplass) vert erstatta med eit nytt areal GF 1 - Friområde. GF 1 - Friområde vert ikkje tilrådd, og ein kan ikkje opne opp for bustad på omsøkt areal, då det ikkje er tilgjengeleg erstatningsareal.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd, på grunn av at GF 1 - Friområde ikkje vert tilrådd.

## B 6 - Bustad

**BUSTAD - SEIM**

**Gbnr.:** 156/2
**Føremål i dag:** LNF og LNF-spreidd
**Areal storleik:** 41,7 daa
**Forslagstillar:** Johannes Lie

**Omtale av området:**
Området ligg i LNF i gjeldande KPA, innanfor 100 metersbelte til sjø. Området ligg omlang 2 km frå Seim. Føreslått omdisponert til bustad.



| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I konflikt med samfunnsdelen sin strategi 31 og auka arealutnytting i Knarvik, Alversund og nærsentra og strategi 34 om trygg ferdsel for barn og unge, samt strategi 57 om å legge til rette for buområder som sikrar redusert behov for lokaltransport. I konflikt med nasjonale og regionale føringar på lokalisering av bustad. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Om lag 2 km frå Seim. Liten del av omsøkt areal ligg i gul støysone. Kan tilpasse utbygging til å unngå busetnad i gul støysone. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Omsøkt areal er i hovudsak skog, med høg bonitet. Per i dag er det skogen hogd ned, og det er ikkje planta nytt. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Elver i omsøkt areal. Eit mindre myrområde. I sjø, føreslått område for marint verneområde. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT21-02 Middels brede fjordløp. Ubebygd areal ved sjø. Eksponert område/fjernverknad. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Klimatilpassing | | Elver i omsøkt areal. Ikkje omfatta av havnivåstigning. Bratt skrent ned mot sjø. |
| | Strandsone | | Ligg innanfor 100-metersbelte til sjø. Ubebygd areal. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Seim barneskule har lite/ingen kapasitet per i dag. Vegen er definert som særleg farleg/vanskeleg i «Analyse særleg farlege skulevegar»; 80 km/t, og ingen tilbod til mjuke trafikantar. |
| | Transportbehov | | Om lag 2 km til Seim, utan gang- og sykkeltilbod. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Fv. 402 Lurevegen. Smal veg med få møteplassar. Ikkje gang- og sykkelveg. Frå Seim til kryss ved Bøkeskogen; ligger inni Trafikksikkerhetsplanen som kandidat for utbetring med omsyn til trafikktryggleik. Ikkje tilgang på offentleg vatn og avløp (ligger I Hoplandsvågen 1,3 km unna). El-leidning går gjennom omsøkt areal. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Liten del av omsøkt areal ligg i utløpsområde for snøskred. Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Ikkje tilbod for mjuke trafikantar langs Fv. 402 Lurevegen til Seim. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Det er tilstrekkeleg med ledig bustadareal på Seim. Etablering av bustader på omsøkt areal vil gje ei nedbygging av strandsona. Det er ikkje i tråd med samfunnsdelen å legge til rette for ei bustadutvikling i nærleiken av Seim, som ikkje kan tilrettelegast for gang- og sykkelveg til næraste senter (Seim). I tillegg er det ikkje ledig kapasitet på barneskulen på Seim, og området er ikkje tilrettelagt for offentleg vatn og avløp.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## LSN 2 – Spreidd næring

**LNF-SPREIDD NÆRING - SKOTSUND**

**Gbnr.:** 62/3
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 7,7 daa
**Forslagstillar:** Morten Skotsund




**Omtale av området:**
Landbrukseigedom i drift (mjølkeproduksjon). Føreslått omdisponert til LNF-spreidd næring for mottak av jordmassar til landbruksføremål. Føremålet er jorddeponi for utbetring av slåtteareal pga problem med erosjon.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 23; Leggje til rette for auka matproduksjon og næringsutvikling i landbruket. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Må påreknast noko utslepp frå transport ved tilkøyring av masser. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Primært fulldyrka jord og skog.<br>Jordsvinn på marka og dermed behov for påføring av massar. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Landskap | | Landskapstype; LT20-06 Småfjord og storsund. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| Miljø | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Innspelet ligg i foreslått omsynssone for den indre farleia. Men endringane er midlertidige og inneber ikkje inngrep i landskapet med omsyn til graving/sprengning, og er heller ikkje i konflikt med kulturminna som er framheva i rapporten Kulturhistoriske landskap av nasjonal interessse for Hordaland (RA). |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Transportbehov | | Vil vere auka transport i ei avgrensa periode. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Vil gje auka transport i ein avgrensa periode. Mulig utfordring med akseltrykk på fv. 404. Det må etablerast tilkomst til arealet. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Auka transport i avgrensa periode. Potensielle farar er skog- og lyngbrann og kjemikalieutslepp og annan forureining. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| Samfunn | Folkehelse | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Arealet er eigna for mottak av massar og tiltaket vil kunne gje betra avkasting. Etter at tiltaket er avslutta vil arealet bli endra tilbake til LNF.

**TILRÅDING**

Innspelet vert tilrådd.

Føresegna opnar opp for areal for overskotsmasser til jordforbetringstiltak innan landbruket.

## LSN 3 – Spreidd næring

**LNF-SPREIDD NÆRING - SPURKELAND**

**Gbnr.:** 176/3
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 10 daa
**Forslagstillar:** Hallgrim Andersen

**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg på nordsida av Seimsfjorden. Føreslått omdisponert til LNF-spreidd næring. Ønskje om vidareutvikling av veterinærtenester og sauedrift. Inkl. overnatting for veterinærer, bygg med oppstalling av dyr og kennel med luftegård.



| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 21 og strategi 23. Strategi 21; Støtte opp om dei som satsar på nye idear og nye verksemder og strategi 23; Leggje til rette for auka matproduksjon og næringsutvikling i landbruket. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Kan gje auka trafikk, avhengig av kva type aktivitet ein legg opp til. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Omsynssone landbruk H510 (Åse-Seim-Nesse oL30). Bebygd areal, fulldyrka og overflatedyrka jord. Areal vist som fulldyrka jord er ikke riktig; AR5 er ikke oppdatert. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Art av særlig stor forvaltningsinteresse; Heipiplerke. Rett i utkanten av omsøkt areal. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT21-02 Middels brede fjordløp |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Omsøkt tiltak ligg delvis innanfor 100-metersbelte til sjø. Eventuelle tiltak er ikkje avklart. Utvikling av området må ta omsyn til strandsona. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Kan gje moderat auke i trafikk, avhengig av kva type aktivitet ein legg opp til. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ikkje offentleg vatn og avløp (ca. 2,7 km langs fv). Omsøkt tiltak vil krevje utbygging av vatn- og avløpsanlegg. Fv. 401 Seimstranda. Privat veg som må kople seg på Fv. 401 Seimstranda. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense) og elektromagnetisk felt. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Ikkje relevant. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Føremålet med endring til LNF-spreidd næring er å leggje til rette for vidareutvikling av eksisterande aktivitet på garden. Det er gjeve løyve til bruksending av deler av driftsbygningen til veterinærtenester. Omsøkt tiltak vil styrke næringsgunnlaget for garden. Føresegna vil presisere kva type tiltak som føremålet vil opne opp for, og at ein ved etablering av eventuelle bygg, skal ta omsyn til overflatedyrka jord. Tiltaket føreset etablering av godkjente løysingar for vatn og avløp.

<table>
<tr><th colspan="2">TILRÅDING</th></tr>
<tr><td>Innspelet vert tilrådd, men tilrådd areal er redusert. Tilrådd areal er om lag 9,8 daa.<br><br>Føresegna opnar opp for næringsbygg knytt til veterinærtenester, oppstalling av dyr og kennel med luftegard.</td><td>
</td></tr>
</table>

## LSN 4 – Spreidd næring

**AREALFØREMÅL – SPURKELAND**

**Gbnr.:** 176/1
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 34 daa
**Forslagstillar:** Ole Kristian Kjenes

**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg på nordsida av Seimsfjorden. LNF i gjeldande kommuneplan, omsøkt areal i aust grensar til eksisterande LNF-spreidd næring. Føreslått omdisponert til LNF-spreidd næring. Ønskje om utviding av Spurkeland Vikinggard:

Område A (7,8 daa): flytting av dagens oppstillingsplass, samt «produksjonsområde» for oppbygging av vikinggarden.
Område B (23 daa): parkering, utkøyrsel og eksisterande løe brukt til arrangement.
Område C (0, 3 daa): publikumsbygg.
Område D (2,8 daa): legge til rette for vikingskip, etablere kai.




| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 21 om å støtte opp under nye idear og verksemder og strategi 23 om å legge til rette for auke matproduksjon og næringsutvikling i landbruket. Kan vere i strid med strategi 39 om å ta vare på verdifullt landbruksareal. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Liten del av omsøkt areal i aust ligg i gul støysone. Kan gje auka trafikk. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Omsynssone landbruk H510 (Åse-Seim-Nesse oL30). Fulldyrka jord, overflatedyrka jord, innmarksbeite og skog. Plassering av eventuelle tiltak må tilpassast slik at det ikkje råkar overflatedyrka jord. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Art av særlig stor forvaltningsinteresse; stær. Rett i utkanten av omsøkt areal. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT21-02 Middels brede fjordløp. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Den trondhjemske postveg (automatisk freda kulturminne) går parallelt med fv. 401 Seimstranda og gjennom omsøkt areal i aust. Eventuelle tiltak må ta omsyn til postvegen. Ingen andre kjente konfliktar på kulturminne |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Omsøkt tiltak legg opp til ei utviding av tilbodet på Vikinggarden, og vil gje auka trafikk. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ikkje offentleg vatn og avløp (ca. 3 km langs fv). Omsøkt tiltak vil krevje utbygging av vatn- og avløpsanlegg. Fv. 401 Seimstranda. Tiltaket føreset etablering av ny avkørsel og utbetring av inn- og utkøyring Fv. 401. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er skred (snøskred), ustabil grunn (området ligg under marin grense), havnivåstigning, stormflod og bølgjepåverknad, radonstråling og elektromagnetisk felt. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Positivt med tilrettelegging for utviding av Spurkeland Vikinggard. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Spurkeland Vikinggard er ein etablert aktør, som per i dag har pågåande aktivitet me besøk av ulike typer turistgrupper/besøkande. Omsøkt tiltak vil legge til rette for vidareutvikling av aktiviteten på garden. Det er ønskeleg å legge til rette for vidareutvikling av aktivteten, men ikkje i det omfang som innspelet legg opp til.  Viktige prinsipp for tilrådd areal og tilrådd aktivitet er; omsyn til dyrka mark og behov for ny avkøyrsel og utbetring av parkeringsareal. Føresegna vil presisere kva type tiltak som føremålet vil opne opp for innanfor identifiserte delområder. Eventuelle tiltak skal ta omsyn til dyrka mark. På grunn av omfang av tiltak vert det tilrådd å sette plankrav før gjennomføring av tiltak vert tillatt. Tiltaket føreset etablering av godkjente løysingar for vatn og avløp.

**TILRÅDING**

Innspelet vert tilrådd, men tilrådd areal er redusert. Tilrådd areal og kva aktivitet føresegna opnar opp for:

- Område A (5 daa): Verkstad, hall, sagbruk og lager.
- Område B (1 daa): Publikumsbygg
- Område C (3 daa): Parkering, inkl. ny avkøyrsel.
- Område D (0,3 daa): Publikumsbygg.
- Område E (1,4 daa): Publikumsbygg (eksisterande driftsbygning)
- Område F (2,8 daa): Kai

Sum: 13,5 daa



## BAB 2 – Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag)

**SMÅBÅTANLEGG I SJØ OG VASSDRAG -FESTEVÅGEN**

**Gbnr.:** 70/4
**Føremål i dag:** LNF og næring
**Areal storleik:** 1,7 daa
**Forslagstillar:** Ole Feste



**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg innerst i Festevågen. Føreslått omdisponert til småbåtanlegg med flytebryggje. 10 til 18 båtplassar (10-50 fot). Tilkomst via sti til flytebryggje. Parkering vist i areal ved Festevegen (404).

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Ikkje i tråd med fastsatt avgrensing av kva innspel på naust og småbåthamnområder ein opna opp for i planarbeidet, pga tilkomst via sti. I strid med nasjonale og regionale føringar for forvaltning av strandsona. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil kunna auke utsleppa av klimagassar noko. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Skog. Bratt ned mot sjø (10 m i høgdeforskjell). |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Tilknytta foreslått marint verneområde. Det er ikkje heilt klart kva påverknad dette vil ha, men det kjem fram i Fylkesmannen si tilråding at det primært er havbotnen, med tilhøyrande dyreliv, som er verna. Dette vil kunne gje strengare krav til kva type tiltak ein kan gjennomføre når det er behov for fundamentering på botnen. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT20-05 Våg- og smalsund. Skjerma område innerst i fjorden. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Gitt etablerte stiar i området, antas området brukt som friluftsområde for boligar på Storhaugane. |
| | Klimatilpassing | | Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder. |
| | Strandsone | | Areala er ubebygde i dag, og avsatt til LNF-område. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Innspelet ligg i foreslått omsynssone for den indre farleia, men er ikkje i konflikt med kulturminne eller kulturlandskap som er framheva i rapporten om Kulturturhistoriske landskap av nasjonal interesse for Hordaland (RA). |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Antas å vere bilbasert fordi brukarane ikkje må vere frå nærområdet. Ligg 22 km frå nærmaste senter, Knarvik, 13 km frå boligområde på Seim. Omfanget gjer auka transportbehov moderat, og kan ikkje seiast å vere i vesentleg konflikt. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ligg langs Fv. 404. Omfanget av auka transportbehov vurderast som moderat. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), havnivåstigning, stormflod og bølgjepåverknad og kjemikalieutslepp og annan forureining. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Bygger ned strandsone, men aukar tilgjenge til friluftsliv til sjø for brukarane. |
| | Barn og unge | | Omsøkt areal er bratt med dårleg tilgang til sjå. Tiltaket vil auke tilgang til strandsona |

**SAMLA VURDERING**

| |
|---|
| Innspelet oppfyllar ikkje alle dei fastsatte kvalitetskrava til naust- og småbåthamnområder. Omsøkt tiltak sjåast derimot i samanheng med båtopplag på Feste kai, og behov for ei småbåthamn i området. Ålmenta sin tilgang til sjø skal sikres i detaljplan. Har areal for parkering, som er etablert. Er slipp på Feste kai. |
| **TILRÅDING** |
| Innspelet vert tilrådd. |

## BAB 3 – Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag + naust)

**SMÅBÅTANLEGG I SJØ OG VASSDRAG + NAUST - NAPPEVIKA**

**Gbnr.:** 129/4
**Føremål i dag:** Bustad, fritidsbustad og sjøareal.
**Areal storleik:** 11,3 daa
**Forslagstillar:** Nappane båtlag

**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg i Nappavika, i tilknyting til eit etablert fritidsbustadområde. Er etablert vegtilkomst til sjø. Føreslått omdisponert til naustområde (inntil 8 naust) og småtbåtanlegg (inntil 30 båtplassar) for hytte og fastbuande på Nappane og Titland. Inkl. område for parkering. Område for parkering går delvis inn i området regulert i Nappane gbnr. 129/5. Er starta opp reguleringsplanarbeid på området; Nappevika småbåtanlegg (planid 1263-201505).



| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | Gul | I tråd med fastsatt avgrensing av kva innspel på naust og småbåthamnområder ein opna opp for i planarbeidet. Kan vere i strid med nasjonale og regionale føringar for forvaltning av strandsona. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | Grøn | Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil kunna auke utsleppa av klimagassar noko. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | Grøn | Ingen kjente konfliktar. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | Raud | Omsøkt areal innanfor sone avsatt til fiskeplass aktive reiskap. |
| | Landskap | Grøn | Landskapstype; LT21-02 Middels brede fjordløp. Allereie bebygde areal ned mot sjøen. Vil vere synleg frå friluftsområdene i Radøy kommune. Ingen vesentleg konflikt. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | Grøn | Omsøkt tiltak vil gje auka tilgang til strandsonen og båtliv. |
| | Klimatilpassing | Grøn | Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder. |
| | Strandsone | Gul | Areala er allereie avsatt til fritidsbustader ned mot sjøen, men innspelet berører areal som ligg utanfor fastsatt byggegrense mot sjø. Småbåtanlegget antas likevel å kunne regulerast slik at det sikrar allmentas fri ferdsel langs sjøen. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | Grøn | Innspelet ligg i foreslått omsynssone for den indre farleia, men er ikkje i konflikt med kulturminne eller kulturlandskap som er framheva i rapporten om Kulturturhistoriske landskap av nasjonal interesse for Hordaland (RA). |
| | Sosial infrastruktur | Grøn | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | Gul | Ligg 20 km frå Knarvik. Omfanget kan tilseie at auka transportbehov vert meir enn moderat. Transportbehovet vil kunne vere av eit noko større omfang enn for eit reint naustområde. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | Grøn | Kommunal veg Titlandsvegen. Delvis utbetra, smal, ingen fortau eller gang- og sykkelveg. Troleg asfaltering innan få år, kun vedlikehald, men ikkje utbetring. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | Gul | Potensielle farar er ustabil grunn, havnivåstigning og stormflod, kjemikalieutslepp og annan forureining og tilkomst for utrykkingskøyretøy. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umoglege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | Grøn | Vil kunne styrke tilgjenge til friluftsliv til sjøs, og er ikkje i konflikt med andre omsyn når det gjeld folkehelseaspektet. |
| | Barn og unge | Grøn | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår |

**SAMLA VURDERING**

Etablering av eit naust og småbåtanlegg i dette området er positivt, men tiltaket kjem i konflikt med område avsatt til fiskeplass for aktive reiskap. Vil vere behov for bølgedemping ved etablering av anlegg. I reguleringsplan for Nappane gbnr. 129/5 (planid 1263-19012007) er det regulert privat småbåtanlegg i sjø. Det vert ikkje vurdert som behov for etablering av to slike anlegg i området. Innspelet vert difor ikkje tilrådd pga regulert småbåtanlegg i tilgrensande areal.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

Endra i PMU 19. juni 2019

Innspelet vert tilrådd.

PMU vedtok å starte prosess for å oppheve reguleringsplan for Nappane gbnr. 129/5 m.fl. (planid 1263-19012007), som inkluderer småbåtanlegg i sjø. Varsel om oppheving av planen vert sendt på høyring parallelt med høyring av planforslaget til KPA 2019-2031.

**ENDRA I PLANVEDTAK 15. OKTOBER 2019**

Feil i administrasjonen sin vurdering av innspel hausten 2018. Administrasjonen la feil avgrensning til grunn for planarbeidet. Semje med Nappane båtlag om at ein legg inn ein reduksjon av areal i sjø, i tråd med ny avgrensning.

Arealet er redusert til 7,5 daa.



## BAB 4 – Andre typer bygg og anlegg (naust)

**NAUSTOMRÅDE – NORDRE TOTLANDSVIKA**

**Gbnr.:** 175/20 m.fl.
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 1,4 daa
**Forslagstillar:** Gro Myklebust Skog



**Omtale av området:**
Ønskje om etablering av eit naust på gbnr. 175/20. Ligg i nærleiken av eksisterande naustmiljø. Føreslått omdisponert til naustområde.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Ikkje i tråd med fastsatt avgrensing av kva innspel på naust og småbåthamnområder ein opna opp for i planarbeidet, pga mangel på vegtilkomst (ligg om lag 100 m frå eksisterande veg). Kan vere i strid med nasjonale og regionale føringar for forvaltning av strandsona |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil kunna auke utsleppa av klimagassar noko. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Tilknytta foreslått marint verneområde. Det er ikkje heilt klart kva påverknad dette vil ha, men det kjem fram i Fylkesmannen si tilråding at det primært er havbotnen, med tilhøyrande dyreliv, som er verna. Dette vil kunne gje strengare krav til kva type tiltak ein kan gjennomføre når det er behov for fundamentering på botnen. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT21-02 Middels brede fjordløp. Inngrepet vil i liten grad endre landskapet. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Foreslått plassering ligg oppå markert sti/turløype ned til båtfester. I detaljreguleringa skal det sikkrast at naustet ikkje blokkerar for denne forbindelsen. |
| | Klimatilpassing | | Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder. |
| | Strandsone | | Omfanget er imidlertid begrensa, og dette er tett på eit allereie eksisterande naustmiljø. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Vurderast som høgst begrensa, gitt omfanget. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Privat veg inn på Fv. 401 Seimstranda. Går traktorveg inn til naustområde. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn, havnivåstigning og stormflod, kjemikalieutslepp og annan forureining og tilkomst for utrykkingskøyretøy. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umoglege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverke barn og unge sine oppvekstvilkår. Eventuell bruk av stisystem ned til båtfestene bør sikrast i reguleringsplan/byggesak. |

**SAMLA VURDERING**

Innspelet kan oppfylle fastsatte kvalitetskrav til eit naustområde. Innspel til KPA var for etablering av eitt naust på gbnr. 175/20. Politisk styringsgruppe ba om at ein utvida innspelet til å inkludere nærliggande, etablert naustområde. Krav som følgje av å legge dette inn som eit naustområde, vil gje store kostnader for den som ønskjer å etablere eit naust eller to. Det er difor vurdert som lite hensiktsmessig å tilrå innspelet.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.
Dersom innspelet likevel vert teke med videre må det gjennom føresegn sikrast tilkomst og parkering til naustområdet. Omsyn til etablert sti på sikrast, samt ålmenta sin tilgang til sjø.

Endra i PMU 19. juni 2019 – innspelet vert tilrådd

**ENDRA I PLANVEDTAK 15. OKTOBER 2019**

Arealet er endra etter semje i dialogmøte med Fylkesmannen i Vestland 25. september 2019.

Arealet er redusert til 0,8 daa og omfattar berre eksisterande naust.



## BAB 5 – Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag + naust)

**SMÅBÅTANLEGG I SJØ OG VASSDRAG + NAUST - RYDLAND**

**Gbnr.:** 173/2, 53 m.fl.
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 13,4 daa
**Forslagstillar:** Torgeir Nesse (3), Jan Nesse, Bengt Otterås, Vegard Ertvaag og Jan Erik Hopland



**Omtale av området:**
Ønskje om naust- og småbåthamnområde. Mange eksisterande naust og ubebygde tomtar. Innspel på heile område, og på enkelttomtar for naustbygging.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med fastsatt avgrensing av kva innspel på naust og småbåthamnområder ein opna opp for i planarbeidet. Kan vere i strid med nasjonale og regionale føringar for forvaltning av strandsona. |
| **Miljø** | Forureining, klima og miljø | | Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil kunna auke utsleppa av klimagassar noko. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Omsøkt areal er blanding av fulldyrka jord, overflatedyrka jord, innmarksbeite, open fastmark og bebygd areal. Tilrettelegging for tilkomst og parkering må tilpassast slik at det i minst mogleg grad råkar dyrka mark. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Tilknytta foreslått marint verneområde. Det er ikkje heilt klart kva påverknad dette vil ha, men det kjem fram i Fylkesmannen si tilråding at det primært er havbotnen, med tilhøyrande dyreliv, som er verna. Dette vil kunne gje strengare krav til kva type tiltak ein kan gjennomføre når det er behov for fundamentering på botnen. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT21-02 Middels brede fjordløp. Allereie utbygd naustområde ved fjorden. Bratt fjell rett bak nausta. Vidare utbygging til naust vil i liten grad råka landskapsverdiar. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Allereie utbygd naustområde ved fjorden. Bratt fjell rett bak nausta. Ingen vesentlege konfliktar, forutsatt at tilgjenge for allmenta vert sikra. |
| | Klimatilpassing | | Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder. |
| | Strandsone | | Omsøkt areal er allereie tatt i bruk til naust. Gjennom regulering bør ein sikra allmenta sin frie ferdsel gjennom området. |
| **Samfunn** | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Antas å vere bilbasert fordi brukarane ikkje må vere frå nærområdet. Ligg 10 km frå nærmaste senter, Knarvik. Boligområdet på Seim ligg innanfor 1 km, noko som gjer at det er innanfor rekkevidde for sykkel og gange, men ein kortare strekning er markert som farleg skuleveg. Omfanget av auka transportbehov vurderast som moderat. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Privat veg inn på Fv. 401 Seimstranda.<br>Er etablert parkering der parkering er vist; må eventuelt utvidast. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), havnivåstigning, stormflod og bølgjepåverknad og kjemikalieutslepp og annan forureining. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Endring av arealføremål til naustområde er ei stadfesting av eksisterande bruk av arealet. Er regulering av området vil sikre felles parkeringsløysing for naustområdet (på oppsida av vegen). Topografien hindrar etablering av veg ned til naustområde, slik at slipp av båtar må løysast utanfor omsøkt område. Tilrådd areal redusarar og dei negative konsekvensane for dyrka mark. Det er etablerte stiar i dag, som sikrar tilgang til naustområde, frå parkeringsplassen. Ålmenta sin tilgang til sjø skal sikres i detaljplan.

**TILRÅDING**

Innspelet vert tilrådd, men tilrådd areal er redusert. Tilrådd areal:

8,8 daa + 0,4 daa = 9.2 daa.



## BAB 6 – Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag)

**SMÅBÅTANLEGG I SJØ OG VASSDRAG - LIANESET**

**Gbnr.:** 156/2
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 5,6 daa
**Forslagstillar:** Johannes Lie



**Omtale av området:**
Føreslått omdisponert til småbåtanlegg for små båter. Vegtilkomst er vist i innspelet. Innspelet er kopla til innspel på bustad; KU Bustad 6.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Ikkje i tråd med fastsatt avgrensing av kva innspel på naust og småbåthamnområder ein opna opp for i planarbeidet, pga manglande vegtilkomst ((om lag 185 m frå avkøyrsle som vist i innspelet). I strid med nasjonale og regionale føringar for forvaltning av strandsona. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil kunna auke utsleppa av klimagassar noko. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Registrert skog med høg bonitet. Innspelet råkar ein begrensa del av areala. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Tilknytta foreslått marint verneområde. Det er ikkje heilt klart kva påverknad dette vil ha, men det kjem fram i Fylkesmannen si tilråding at det primært er havbotnent med tilhøyrande dyreliv som er verna. Dette vil mogelegens gje strengare krav til kva type tiltak ein kan gjennomføre når det er behov for fundamentering på botnen. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT21-02 Middels brede fjordløp. Vil endre karakteren frå skogkledd kystsone. Vert ikkje tillagd stor verdi. Ingen vesentlig konflikt. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Avsett til LNF, men ingen vesentlege konfliktar, gitt avstand frå boligområder og ikkje registrert bruk til friluftsliv. |
| | Klimatilpassing | | Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder. |
| | Strandsone | | I strid med Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen. Areala er ubebygde i dag, og avsatt til LNF-område. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant |
| | Transportbehov | | Antas å vere bilbasert fordi brukarane ikkje må vere frå nærområdet. Ligg 2 km frå Seim og 11 km frå Knarvik. Omfanget av auka transportbehov vurderast som moderat. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Fv. 402 Lurevegen. Smal veg med få møteplassar. Ikkje gang- og sykkelveg. Ikkje tilgang på offentleg vatn og avløp (ligger I Hoplandsvågen). |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt tiltak er etablering av småbåtanlegg i ein urørt del av strandsona. Etablering av anlegget vil krevje etablering av veg på om lag 185 m for å koplast på Fv. 402. Etablering av småbåtanlegg på omsøkt areal er kopla til innspel på etablering av bustad, KU Bustad 6, på same gbnr. KU Bustad 6 vert ikkje tilrådd.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## BAB 7 – Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag + naust)

**SMÅBÅTANLEGG I SJØ OG VASSDRAG + NAUST - GARDVIKA**

**Gbnr.:** 156/26, 17 m.fl.
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 10 daa
**Forslagstillar:** Bjarte Vatnøy



**Omtale av området:**
Ønskje om byggeområde for naust og småbåthamn. 8 til 15 naust med flytebryggje.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med fastsatt avgrensing av kva innspel på naust og småbåthamnområder ein opna opp for i planarbeidet. Kan vere i strid med nasjonale og regionale føringar for forvaltning av strandsona. |
| **Miljø** | Forureining, klima og miljø | | Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil kunna auke utsleppa av klimagassar noko. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Ingen konfliktar. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Tilknytta foreslått marint verneområde. . Det er ikkje heilt klart kva påverknad dette vil ha, men det kjem fram i Fylkesmannen si tilråding at det primært er havbotnent med tilhøyrande dyreliv som er verna. Dette vil mogelegens gje strengare krav til kva type tiltak ein kan gjennomføre når det er behov for fundamentering på botnen. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT21-02 Middels brede fjordløp. Eksisterande naustmiljø. Ingen konfliktar. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Klimatilpassing | | Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder. |
| | Strandsone | | Omsøkt areal er allereie tatt i bruk til naust. Gjennom regulering bør ein sikra allmenta sin frie ferdsel gjennom området. |
| **Samfunn** | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Antas å vere bilbasert fordi brukarane ikkje må vere frå nærområdet. Ligg 2 km frå Seim og 11 km frå Knarvik. Boligområde på Seim ligg innanfor 2 km, og kan nåes med sykkel og gange, men om lag halvparten av strekninga er markert som farleg skuleveg. Omfanget av auka transportbehov vurderast som moderat. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Fv. 402 Lurevegen. Smal veg med få møteplassar. Ikkje gang- og sykkelveg. Ikkje tilgang på offentleg vatn og avløp (ligger I Hoplandsvågen). |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), flaum i vassdrag, havnivåstigning, stormflod og bølgjepåverknad, skog- og lyngbrann, kjemikalieutslepp og annan forureining og framkomst for utrykkingskøyretøy. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

| SAMLA VURDERING | |
|---|---|
| Endring av arealføremål til naustområde er ei stadfesting av eksisterande bruk av arealet. Er regulering av området vil sikre ein avklaring av parkeringssituasjon. Ålmenta sin tilgang til sjø skal sikres i detaljplan. | |
| **TILRÅDING** | |
| Innspelet vert tilrådd, men tilrådd areal er justert for å gje rom for etablering av parkering. Tilrådd areal er om lag 11 daa. |  |

## BFT 1 - Fritids- og turistføremål (campingsplass)

**FRITIDS- OG TURISTFØREMÅL - BERGFJORD**

**Gbnr.:** 59/2
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 38 daa
**Forslagstillar:** Reigstad bygg og eigedom as på vegne av Frank Rune Nesse

**Omtale av området:**
Føreslått omdisponer til fritids- og turistføremål; utviding av campingplass og småbåthamn. Trekant i vest ligg inne i reguleringsplan for Bergfjord campingplass. Del av gnr. 59 bnr. 2 (planid 1263-22062000). Administrasjonen har utvida innspelet til å omfatte det arealet som ligg inne i reguleringsplanen.



| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Kan vere i strid med nasjonale og regionale føringar for forvaltning av strandsona. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Arealutvidinga vil gje ei dobling av areal til føremålet. Verksemda er bilbasert og utvidinga vil føre til noe auke klimagassutslepp. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Omsøkt areal er skog og open fastmark. Areal merka med middels til særs høg bonitet. Ikkje store områder med skog igjen. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Tilknytta foreslått marint verneområde. Det er ikkje heilt klart kva påverknad dette vil ha, men det kjem fram i Fylkesmannen si tilråding at det primært er havbotnent med tilhøyrande dyreliv som er verna. Dette vil mogelegens gje strengare krav til kva type tiltak ein kan gjennomføre når det er behov for fundamentering på botnen |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 20-05 Våg og smalsund. Ei nedbygging av den skogkledde kollen til campingplass vil legge bar eit vesentleg område som vil vere godt synleg frå områda rundt. Omfanget gjer at endringa vurderast som i delvis konflikt. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Avsett til LNF, men ikkje registrert bruk til friluftsliv. Stiforbindelse til naust i Berfjordvågen må eventuelt sikrast ved regulering. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Ligg til fjord/pollsystem på to sider og ligg i sin heilskap utanfor byggegrense mot sjø. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | 21 km frå regionssenteret. Omfanget av auka transportbehov vurderast som moderat. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Privat veg til Fv. 404 Festevegen. Ikkje offentleg vatn og avløp. Er investert i eit privat avløpsanlegg, men usikkert om det vil dekke omsøkt utviding. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), havnivåstigning, stormflod og bølgjepåverknad, radonstråling, kjemikalieutslepp og annan forureining, trafikkforhold, skade på drikkevasskjelder og framkomst for utrykkingskøyretøy. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Ingen kjende konfliktar; Bygger ned tilgangen til grønstruktur og friluftsliv i noken grad, men areala er ikkje registrert i bruk. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverke barn og unge sine oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt tiltak er ei utviding av eksisterande campingplass på tilgrensande areal. Tilrådd innspel er justert ned, av omsyn til bevaring av kolle/høgde, samt strandsona. Tiltaket føreset etablering av godkjente løysingar for vatn og avløp.

**TILRÅDING**

Innspelet vert tilrådd, men tilrådd areal er redusert. Tilrådd areal er om lag 20 daa.



### 4.1.3. ALVERSUND SKULEKRINS

Alversund skulekrins dekker område på begge sider av Alversund bru. På austsida av sundet strekker krinsen seg frå Isdalstø i sør til Nappen i nord. Alversund skulekrins er i all hovudsak ein del av planområdet til kommunedelplan for Knarvik-Alversund, med Alverstraumen. Ein liten del av skulekrinsen ligg inn i kommuneplanen sin arealdel.

Følgjande innspel er del av konsekvensutgreiing i Alversund skulekrins:

- LSN 5 Spreidd næring - Sellevoll




*Figur 4 Innspel til KU i Alversund skulekrins*

## LSN 5 - Spreidd næring

**LNF-SPREIDD NÆRING - SELLEVOLL**

**Gbnr.:** 147/3
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 22,6 daa
**Forslagstillar:** Claus Sellevold



**Omtale av området:**
Omsøkt areal grensar mot sjø på Sellevoll, om lag 9 km frå Knarvik. Føreslått omdisponert til LNF-spreidd næring, med ønskje om etablering av kunst- og kulturverksemd. Utescene og amfi i kombinasjon med beite- og slåttemark.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 21 om å støtte opp under nye idear og verksemder og strategi 23 om å legge til rette for auke matproduksjon og næringsutvikling i landbruket. Kan vere i strid med strategi 39 om å ta vare på verdifullt landbruksareal. Kan vere i strid med regionale og nasjonale føringar om forvaltning av strandsona. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Kan gje auka trafikk, avhengig av kva type aktivitet ein legg opp til. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Omsynssone landbruk H510 (Fosse-Sellevoll oL32). Kombinasjon av fulldyrka jord, overflatedyrka jord, innmarksbeite, skog, bebygd areal og åpen fastmark. Plassering av eventuelle tiltak må tilpassast slik at det ikkje råkar fulldyrka og overflatedyrka jord. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT21-02 Middels brede fjordløp. Landskapet skråner ned mot sjø. Eksisterande driftsbygning ligg 37 m over havoverflata. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Omsøkt tiltak ligg innanfor 100 metersbelte til sjø. Eksisterande driftsbygning ligg om lag 85 m frå sjø. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | 4 sefrakregistrerte bygg innanfor omsøkt areal. 2 ved sjø (naust) og to våningshus. Innspelet ligg i foreslått omsynssone for den indre farleia, men er ikkje i konflikt med kulturminne eller kulturlandskap som er framheva i rapporten om Kulturturhistoriske landskap av nasjonal interesse for Hordaland (RA). |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Kan gje moderat auke i trafikk, avhengig av kva type aktivitet ein legg opp til. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ikkje offentleg vatn og avløp. Privat veg til Fv. 404 Skarsvegen. Ikkje planar for opparbeiding av parkering; ved større arrangement er det lagt til grunn av parkering kan løysast ved parkering på fastmark og anna tilgjengeleg areal i området. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense) og radonstråling. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverke barn og unge sine oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt tiltak vil styrke næringsgunnlaget for garden. Føresegna vil presisere kva type tiltak som føremålet vil opne opp for. For å redusere den negative konsekvensen for strandsona skal ein i førsegnene sikre at det ikkje blir permantent store

| | |
|---|---|
| konstruksjoner nærare sjø enn etablert driftsbygning. Beiteområde skal ikkje byggast ned. Eventuelle tiltak føreset etablering av godkjente løysingar for vatn og avløp. | |
| **TILRÅDING** | |
| Innspelet vert tilrådd, men tilrådd areal er redusert. Tilrådd areal er om lag 4 daa.<br><br>Føresegna opnar opp for kunst- og kulturverksemd, utescene. |  |

### 4.1.4. KNARVIK SKULEKRINS

Knarvik skulekrins dekker områda kring kommunesenteret Knarvik, frå Isdalen på vestsida til Mundal på austsida. Knarvik skulekrins er i all hovudsak ein del av planområdet til kommunedelplan for Knarvik-Alversund, med Alverstraumen. Ein liten del av skulekrinsen ligg inn i kommuneplanen sin arealdel.

Følgjande innspel er del av konsekvensutgreiing i Knarvik skulekrins:

- LSN 6 Spreidd næring – Åse
- LSN 7 Spreidd næring - Åse




*Figur 5 Innspel til KU i Knarvik skulekrins*

## LSN 6 - Spreidd næring

**LNF-SPREIDD NÆRING - ÅSE**

**Gbnr.:** 186/1
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 8,2 daa
**Forslagstillar:** Kjell Haugen



**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg om lag 1,5 km frå Fv. 57 og 6,5 km frå Knarvik. Føreslått omdisponert til LNF-spreidd næring på bakgrunn av ønskje om å starte opp med «Inn på tunet». Eventuelle tiltak er ikkje avklart.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 21 om å støtte opp under nye idear og verksemder og strategi 23 om å legge til rette for auke matproduksjon og næringsutvikling i landbruket. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Kan gje auke i trafikk, avhengig av kva type aktivitet ein legg opp til i «Inn på tunet». Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Omsynssone landbruk H510 (Åse-Seim-Nesse oL30). Kombinasjon av bebygd areal, open fastmark og innmarksbeite. Plassering av eventuelle tiltak må tilpassast slik at det ikkje råkar innmarksbeite. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT21-09 Sprekkedaler. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Eit sefrakregistrert bustadhus. Ingen andre kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Kan gje auke i trafikk, avhengig av kva type aktivitet ein legg opp til i «Inn på tunet». |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ikkje offentleg vatn og avløp. Kommunal veg Fv. 57. Nyleg asfaltert. Smal og utan fortau. Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er skred (snøskred og steinsprang), skog- og lyngbrann og radonstråling. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Ikkje relevant. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverke barn og unge sine oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Føremålet med endring til LNF-spreidd næring er å leggje til rette for oppstart av «Inn på tunet». Omsøkt tiltak vil styrke næringsgunnlaget for garden. Om det er aktuelt med etablering av nye bygg er ikkje avklart. Føresegna vil presisere kva type tiltak som føremålet vil opne opp for, og at ein ved etablering av eventuelle bygg, skal ta omsyn til innmarksbeite. Omsøkt tiltak ligg innanfor omsynssone for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen. Arealendringa er ikkje vurdert til å ha stor konsekvens for det arbeidet, og vert difor tilrådd. Eventuelle tiltak føreset etablering av godkjente løysingar for vatn og avløp.

**TILRÅDING**

Innspelet vert tilrådd. Føresegna opnar opp for næringsbygg knytt til «Inn på tunet», utdanning og arbeidstrening.

| ENDRA I PLANVEDTAK 15. OKTOBER 2019 |
|---|
| Fylkesmannen i Vestland fremja motsegn mot mangelfull ROS-analyse for byggjeområder utan plankrav. Tillegg til ROS-analysa, ROS-analyse for innspel utan plankrav (datert 14.10.2109), tilrår å leggje plankrav på LSN 6, pga at området ligg mellom fleire mindre aktsemdsområde for snøskred og steinsprang.<br><br>Innspelet er tatt ut av planen. Intensjonen er å leggje til rette for «Inn på Tunet», og det er ein aktivitet som i stor grad kan leggast til rette for innanfor LNF-føremålet. |

## LSN 7 - Spreidd næring

**LNF-SPREIDD NÆRING - ÅSE**

**Gbnr.:** 186/2
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 295 daa
**Forslagstillar:** Line og Arild Aase



**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg om lag 6 km rå Knarvik. Føreslått omdisponert til LNF-spreidd næring.

- Hestesenter med ridehall, stall, utstyrsbutikk og lager
- Hundeaktiviteter; hundetrening og hundehall
- Servering, salg av gardsmat og foredling av kjøtt
- Aktivitet- og fritidspark
- Sagbruk
- Trening og rehabiliteringssenter med terapibasseng
- Camping, glamping og bobil, med sanitæranlegg
- Hytter og aktivitetsløyper for teambuilding
- Tretopphytter

Heile arealet er ikkje spelt inn som LNF-spreidd næring; innspelet består av fleire større og mindre innspel innanfor arealet som er vist.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 21 om å støtte opp under nye idear og verksemder og strategi 23 om å legge til rette for auke matproduksjon og næringsutvikling i landbruket. Kan vere i strid med strategi 39 om å ta vare på verdifullt landbruksareal. |
| **Miljø** | Forureining, klima og miljø | | Deler av omsøkt areal ligg innanfor gul støysone i gjeldande KPA. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Omsøkt areal består av ein blanding av fulldyrka jord, overflate dyrka jord, innmarksbeite, skog og open fastmark. Plassering av eventuelle tiltak må tilpassast slik at det ikkje råkar dyrka mark. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Art av særlig stor forvaltningsinteresse; vannrikse (rett på utsida av omsøkt areal). Art av særlig stor forvaltningsinteresse; vipe (innanfor omsøkt areal). Art av særlig stor forvaltningsinteresse; musvåk og heipiplerke i Langavatnet (rett på utsida av omsøkt areal). Deler av omsøkt areal ligg tett på Trædalsvatnet og elv ned til Langevatnet. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT21-09 Sprekkedaler. Deler av omsøkt areal ligg tett på Trædalsvatnet og elv ned til Langevatnet. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| **Samfunn** | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Eitt sefrakregistrert våningshus innanfor omsøkt areal. Ingen andre kjente registreringar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Omsøkt tiltak kan gje stor auke i trafikk. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ikkje offentleg vatn og avløp. Kommunal veg Fv. 57. Nyleg asfaltert. Smal og utan fortau. Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er skred (snøskred og steinsprang), flaum i vassdrag, skog- og lyngbrann, transport av farleg gods, elektromagnetisk felt og trafikkforhold. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Ikkje relevant. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverke barn og unge sine oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt tiltak vil styrke næringsgunnlaget for garden. Innspelet er omfattande både i areal og i talet på ulike aktivitetar. Ein del av innspelet er ikkje i tråd med LNF-spreidd næring føremålet, og er ikkje ønskjeleg å legge til rette for på omsøkt areal. Det er ønskeleg å legge til rette for vidare aktivitet på garden, men ikkje i det omfang som innspelet legg opp til. Viktige prinsipp for tilrådd areal og tilrådd aktivitet er; sikre eksisterande næringsaktivitet på garden, samle bygningsmassen, felles løysing av parkering for dei ulike aktivitetane, samt unngå areal tett på vatn og arter av forvaltningsmessig interesse. Føresegna vil presisere kva type tiltak som føremålet vil opne opp for. Omsøkt område ligg innanfor omsynssonen for pågåande arbeid med kommunedelplan for E 39, og ein eventuell ytterlagere utviding av LNF-spreidd næring området, bør avvente til vedtak av kommunedelplanen og framtidig trasé for E39 er fastsatt. Eventuelle tiltak føreset etablering av godkjente løysingar for vatn og avløp.

**TILRÅDING**

Innspelet vert tilrådd, men tilrådd areal er redusert. Tilrådd areal og aktivitet førsegna opnar opp for:

Område A (3,6 daa): Gardsturisme, servering, matforedling, og sagbruk.
Område B (9,1 daa): Driftsbygning og hestesenter, med stall og utstyrsbutikk.
Område C (14,8 daa): Hundesenter.

Sum: 27,5 daa



### 4.1.5. LEIKNES SKULEKRINS

Leiknes skulekrins dekker området langs E39 mellom Munndal i vest til Eikanger i aust, og nordover til Tveitavatnet. Det var 1 426 innbyggjarar i krinsen i 2019, etter ein auke på om lag 350 personar sidan 2010. Folketalsutviklinga i krinsen har vore noko sterkare enn i kommunen under eitt, slik at krinsen sin del av folketalet i kommunen har auka med eit prosentpoeng.

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Folketal** | 1083 | 1115 | 1172 | 1215 | 1258 | 1290 | 1371 | 1375 | 1400 | 1426 |
| **Prosent av folketal i kommunen** | 8 % | 8 % | 8 % | 8 % | 8 % | 8 % | 9 % | 9 % | 9 % | % |

Det er barnehage og barneskule på Leiknes.

Følgjande innspel er del av konsekvensutgreiing i Leiknes skulekrins:

- BN 3 Næring – Eknes
- BN 4 Næring – Eknes
- B 7 Bustad – Leknes
- B 8 Bustad – Leknes
- B 9 Bustad – Haukås
- BAB 8 Andre typer bygg og anlegg - Sauvågen
- BAB 9 Andre typer bygg og anlegg - Sauvågen
- BGU 1 Grav- og urnelund - Apalen




*Figur 6 Innspel til KU i Leiknes skulekrins*

## BN 3 - Næring

**NÆRING - EKNES**

**Gbnr.:** 196/111
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 3,7 daa
**Forslagstillar:** Administrasjonen



**Omtale av området:**
Omsøkt areal er opparbeida som del av Eknes Karosseri AS. Opparbeiding av arealet har fått dispensasjon frå overordna plan. Føreslått omdisponert til næring i tråd med gjeldande bruk.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen sin strategi 17; I hovudsak samle og utviklie arealintensiv næring langs hovudfartsårene E39 og Fv 57. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Omsøkt areal ligg delvis i raud støysone. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Ikkje relevant. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konflikter. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. Omkrinsa av skogholt og høydedrag. Ikkje synleg frå sjøen. Ingen vesentlig konflikt med landskapsverdiar. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ikkje relevant. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Ligg utanfor 100-metersbeltet. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Etablert næringsverksemd i dag. Omsøkt tiltak vil ikkje gje auka trafikk. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Hovudvannledning til kommunen går i nærleiken, men verksemda er ikkje kopla på. Er kopla på offentleg avløp. Avkøyrsel til Fv. Leknesvegen. Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Verksemda har ikkje brannvannsdekning. Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), skog- og lyngbrann, kjemikalieutslepp og annan forureining, transport av farleg gods og skade på drikkevasskjelder. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Bilbasert arbeidsplass. Rød/gul støysone. Er etablert næringsverksemd i dag. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverke barn og unge sine oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Endring av arealføremål til næring er ei stadfesting av eksisterande bruk av arealet. Arealet ligg tett på E 39, med avkøyrsel til Fv. Leknesvegen. Verksemda har fått dispensasjon for å opparbeide omsøkt areal til næringsverksemd. Omsøkt tiltak ligg innanfor omsynssone for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen. Arealendringa er ikkje vurdert til å ha stor konsekvens for det arbeidet, og vert difor tilrådd.

**TILRÅDING**

Innspelet vert tilrådd.

## BN 4 - Næring

**NÆRING - EKNES**

**Gbnr.:** 196/86 og 101
**Føremål i dag:** LNF og bustad
**Areal storleik:** 1,8 daa
**Forslagstillar:** Eknes karosseri AS ved Erik Eknes

**Omtale av området:**
Omsøkt areal er ubebygd og skogkledd, og ligg mellom E39, næringsbygg og bustader. Føreslått omdisponert til næring, med tanke om etablering av parkeringsplass til Eknes Karosseri AS.



| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen sin strategi 17; I hovudsak samle og utviklie arealintensiv næring langs hovudfartsårene E39 og Fv 57. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Gul støysone. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Ikkje relevant. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Registert elv parallelt med vegen. Rett på utsida av omsøkt areal. Fare for avrenning til vassdrag må sikrast i føresegn for detaljplan. |
| Miljø | Landskap | | Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. 9 m høgdeforskjell på den breie del av omsøkt areal. Dersom areala skal koplast til eksisterande verksemd vil terrenget verte endra. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjente registreringar. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| Miljø | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Transportbehov | | Etablert næringsverksemd i dag. Omsøkt tiltak vil ikkje gje auka trafikk, men bidra til å løyse parkeringssituasjon for verksemda. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Hovudvannledning til kommunen går i nærleiken, men verksemda er ikkje kopla på. Er kopla på offentleg avløp. Avkøyrsel til Fv. Leknesvegen. Ligg innanfor byggegrense til E39 (50 m). Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Verksemda har ikkje brannvannsdekning. Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), skog- og lyngbrann og skade på drikkevasskjelder. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| Samfunn | Folkehelse | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Barn og unge | | Vil ikkje påverke barn og unge sine oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt tiltak løyser eit eksisterande problem med manglande parkering for etablert verksemd, Eknes Karosseri. Krav om at omsøkt areal koplar seg på eksisterande avkøyrsel. Ved søknad om tiltak må det dokumenterast tiltak som hindrar avrenning til vassdrag. Omsøkt tiltak ligg innanfor omsynssone for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen. Arealendringa er ikkje vurdert til å ha stor konsekvens for det arbeidet, og vert difor tilrådd.

| **TILRÅDING** | |
|---|---|
| Innspelet vert tilrådd, men tilrådd areal er redusert. Tilrådd areal er om lag 1,6 daa. |  |
| **ENDRA I PMU 19. JUNI 2019** | |
| Innspelet vert tilrådd, men tilrådd areal er endra. Tilrådd areal er om lag 2,4 daa. |  |

## B 7 - Bustad

**BUSTAD - LEKNES**

**Gbnr.:** 195/4
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 33 daa
**Forslagstillar:** Arvid Alver



**Omtale av området:**
Areal avsatt til LNF i kommuneplanen. Del av Storåsen. Skogkledd høgdedrag. Føreslått omdisponert til bustad.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I konflikt med samfunnsdelen sin strategi 31 og auka arealutnytting i Knarvik, Alversund og nærsentra. Kan vurderast til å vere i tråd med strategi 32 og positivt med nærleik til Leiknes barneskule. Kan vere i konflikt med nasjonale og regionale føringar på lokalisering av bustad. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | I stor grad råka av gul støysone for E39 og for lokalveg til Leknes. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | I hovudsak skog, med noko innmarsbeite og bebygd areal. Areala har delvis høg bonitet. Gjenværande areal er lite og ikkje verdifullt som skogsområde. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Landskap | | Landskapstype; LT21-02 Middels brede fjordløp. Storåsen er eit markant skogkledd høgdedrag i området. Ei utbygging vil endra karakteren vesentleg. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| Miljø | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Ligg tett på skule og barnehage på Leknes. |
| Samfunn | Transportbehov | | Gangavstand til skule og barnehage på Leiknes. 7 km frå Knarvik og 13 km frå Ostereidet. Utbygging vil kunne gje auka biltrafikk knytt til arbeids- og handelsreiser. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Er offentleg vatn og avløp i nærleiken, men utfordring med dimensjonering av leidningar og slamavsklijar, samt brannvannsdekning. Deler av omsøkt areal ligg innanfor byggegrense til E39 (50 m). Privat veg til Fv. 391 Leknesvegen. Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Nedbygging av skogkledd område i bratt terreng kan føra til erosjon og auka fara for at ekstremnedbør får uheldige konsekvensar. Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| Samfunn | Folkehelse | | Området vil vere utsatt for støy og bygger ned grøntareal i nærleiken av eksisterande bustadområde. |
| Samfunn | Barn og unge | | Deler av området antas å vere i bruk av barn og unge. |

**SAMLA VURDERING**

Leiknes skulekrins har ledige areal som er avsatt eller regulert til bustad i gjeldande planar, og det er ikkje behov for ytterlegare bustadareal i området ved denne rulleringa. Tiltaket kjem negativ ut jamfør støysone, landskapsinngrep, samordna areal- og transportplanlegging og folkehelse. Etablering av VA-anlegg vil vere krevjande, og inngrepa i høgdedraget vil vere i konflikt med landskapsverdiane knytta til Storåsen. Omsøkt tiltak ligg innanfor omsynssone for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen. Lokalisering av eventuelle nye bustadområder bør avvente til KDP er vedtatt.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## B 8 - Bustad

**BUSTAD - LEKNES**

**Gbnr.:** 195/6
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 11,5 daa
**Forslagstillar:** Kålås Bygg AS ved Lars Alvær Hagesæter



**Omtale av området:**
Skogkledd areal på Storneset på Leknes, på nedsida av barneskulen, og mellom etablerte bustadområder. Arealet er avsatt til LNF i gjeldande plan. Føreslått omdisponert til bustad.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I konflikt med samfunnsdelen sin strategi 31 og auka arealutnytting i Knarvik, Alversund og nærsentra. Kan vurderast til å vere i tråd med strategi 32 og positivt med nærleik til Leiknes barneskule. Kan vere i konflikt med nasjonale og regionale føringar på lokalisering av bustad. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landbruk og jordressursar | | Omsøkt areal er skog. Areala har delvis høg bonitet. Gjenværande areal er lite og ikkje verdifullt som skogsområde. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Høgdedrag ovanfor vassdrag. Fare for avrenning mot vassdrag må eventuelt sikrast i føresegn i detaljplan. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT21-02 Middels brede fjordløp. Råkar høgdedrag med større skogområde tett på funksjonell strandsone. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ikkje del av kartlagt friluftsområde, men truleg viktig som grøntområde for nærfriluftsliv. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Ligg i 100-metersbelte til sjø, men utanfor kartlagt funksjonell strandsone. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ligg tett på skule og barnehage på Leknes. |
| | Transportbehov | | Gangavstand til skule og barnehage. 7 km frå Knarvik og 13 km frå Ostereidet. Utbygging vil kunne gje auka biltrafikk knytt til arbeids- og handelsreiser. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Er offentleg vatn og avløp i nærleiken, men utfordring med dimensjonering av leidningar og slamavsklijar, samt brannvannsdekning. Løsning i fellesskap med andre utbyggingsområder. Privat veg til Fv. 391 Leknesvegen. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er skred, ustabil grunn, skog-/lyngbrann, radonstråling og transport av farleg gods. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umoglege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Bygger ned grøntareal i nærleiken av eksisterande skule- og bustadområde. |
| | Barn og unge | | Området kan vere i bruk som nærfriluftsområde for barn og unge. Ligg tett på Leiknes barneskule. |

**SAMLA VURDERING**

Leiknes skulekrins har ledige areal som er avsatt eller regulert til bustad i gjeldande planar, og det er ikkje behov for ytterlegare bustadareal i området ved denne rulleringa. Tiltaket kjem negativ ut jamfør landskapsinngrep, nærfriluftsliv, samordna areal- og transportplanlegging, folkehelse og barn og unge sine interesser. Inngrepa i høgdedraget vil vere i konflikt med landskapsverdiar. Området er vurdert som best eigna av dei områda som er spelt inn på Leiknes.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

Endra i PMU 19. juni 2019 – innspelet vert tilrådd

| **ENDRA I PLANVEDTAK 15. OKTOBER 2019** |
| --- |
| Fylkesmannen i Vestland og Hordaland fylkeskommune fremja motsegn mot B 8.<br><br>Området er tatt ut av planen. |

## B 9 - Bustad

**AREALFØREMÅL - HAUKÅS**

**Gbnr.:** 199/2
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 71 daa
**Forslagstillar:** Jan Otto Haukås



**Omtale av området:**
Området ligg i LNF i gjeldande KPA. Føreslått omdisponert til bustad, med 4 delområder og 10 bustader totalt sett for området.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I konflikt med samfunnsdelen sin strategi 31 om auka arealutnytting i Knarvik, Alversund og nærsentra og strategi 34 om trygg ferdsel for barn og unge, samt strategi 57 om å legge til rette for buområder som sikrar redusert behov for lokaltransport. I konflikt med nasjonale og regionale føringar på lokalisering av bustad. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landbruk og jordressursar | | Omsøkt areal er skog. Areala har delvis høg bonitet. Ikkje veldig verdifullt som skogsområde. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT21-08 Åslandskap. Store høgdeforskjeller med en ås midt i området. Ligg i skråning opp mot markant fjellrygg i området. Utbygginga vil vere synleg frå sør og aust. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ikkje del av kartlagt friluftsområde. Er stier i området, og truleg i bruk som nærfriluftsområde. |
| | Klimatilpassing | | Større utbygging i bratt terreng kan gje utfordringar mtp erosjon, men skråninga synes ikkje å vere skogkledd. Ingen vesentleg konflikt i forhold til klimatilpassing. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Om lag 2,8 km til skule og barnehage på Leknes. Er ikkje markert som farleg i «Analyser særleg farlege skulevegar», men det er pga at det per i dag ikkje er bustadområder som nyttar vegen. Vegen er smal, utan fortau. |
| | Transportbehov | | Om lag 2,8 km til skule og barnehage på Leknes, 9 km til Knarvik og 13 km til Ostereidet. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ikkje kommunalt vatn og avløp. Utfordring med få etablert vatn og avløp. Kommunal veg Kleivdalsvegen; er blitt utbetra, men smal veg utan fortau. Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Området er ikkje råka av støy, men omsøkt tiltak byggjer ned tilgang på friområde. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Leiknes skulekrins har ledige areal som er avsatt eller regulert til bustad i gjeldande planar, og det er ikkje behov for ytterlegare bustadareal i området ved denne rulleringa. Tiltaket kjem negativ ut jamfør landskapsinngrep, nærfriluftsliv, samordna areal- og transportplanlegging, trygg skuleveg og folkehelse og barn og unge sine interesser. Omsøkt tiltak ligg innanfor omsynssone for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen. Lokalisering av eventuelle nye bustadområder bør avvente til kommunedelplanen er vedtatt, og traseèn er fastsatt.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## BAB 8 – Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag + naust)

**SMÅBÅTANLEGG I SJØ OG VASSDRAG + NAUST - SAUVÅGEN**

**Gbnr.:** 203/77
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 8,2 daa
**Forslagstillar:** Kålås Bygg ved Lars Alvær Hagesæter (2)

**Omtale av området:**
Føreslått omdisponert til naustområde med felles båtopptrekk. 8 til 12 naust. Med unntak av utviding i nordvest, er arealet regulert i reguleringsplan Sauvågen naustmiljø, gnr. 203 bnr. 1 og 2 (planid 1263-200201).



| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med fastsatt avgrensing av kva innspel på naust og småbåthamn-område ein opna opp for i planarbeidet. Kan vere i strid med nasjonale og regionale føringar for forvaltning av strandsona. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil kunna auke utsleppa av klimagassar noko. Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Landskap | | Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. Skogkledd strandsone innerst i pollen. Ei utbygging vil endre endre på karakteren til bukta, men dette er i mindre grad synleg frå lengre avstander. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Etablering av naust kan støtte opp om friluftsliv til sjøs, men bygger ned areal avsett og regulert til friområde i reguleringsplanen. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder. |
| Miljø | Strandsone | | Ligg innanfor funksjonell strandsone. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Transportbehov | | Antas å vere bilbasert fordi brukarane ikkje må vere frå nærområdet, men aukinga i transportbehov antas å være begrensa. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Kommunal veg Sauvågen. Gamle hovudveg til Osterieidet. Ikkje stor trafikk i dag. Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), flaum i vassdrag, havnivåstigning, stormflod og bølgjepåverknad og kjemikalie-utslepp og annan forureining. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| Samfunn | Folkehelse | | Bygger ned strandsone, men aukar tilgjenge til friluftsliv til sjøs. |
| Samfunn | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Endring av arealføremål til naustområde er ei endring av kommuneplanen i tråd med reguleringsplan, Sauvågen naustmiljø, gnr. 203 bnr. 1 og 2 (planid 1263-200201), som gjeld for om lag same areal som omsøkt areal. Ved regulering av området, vil ein vurdere å stille krav om felles regulering med areal i sør, som grenser til omsøkt areal, for å sikre ein heilskapleg utvikling av området, og offentleg tilgjengeleg slipp for båter. Ålmenta sin tilgang til sjø skal sikres i detaljplan. Omsøkt tiltak ligg innanfor omsynssone for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen. Arealendringa er ikkje vurdert til å ha stor konsekvens for det arbeidet, og vert difor tilrådd.

**TILRÅDING**

Innspelet vert tilrådd.

**ENDRA I PLANVEDTAK 15. OKTOBER 2019**

Fylkesmannen i Vestland fremja motsegn mot BAB 8. Området er tatt ut av planen.

## BAB 9 – Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag)

**SMÅBÅTANLEGG I SJØ OG VASSDRAG - SAUVÅGEN**

**Gbnr.:** 203/46
**Føremål i dag:** Næring og sjøareal
**Areal storleik:** 2,5 daa
**Forslagstillar:** Arild's Port Eigedom AS ved Arild Ove Ånensen

**Omtale av området:**
Føreslått omdisponert til småbåthamnområde, med småbåtanlegg på land og i sjø, flytebryggje og kai. AreaL for parkering er vist.



| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med fastsatt avgrensing av kva innspel på naust og småbåthamnområder ein opna opp for i planarbeidet. Kan vere i strid med nasjonale og regionale føringar for forvaltning av strandsona. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil kunna auke utsleppa av klimagassar noko. Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Registrerte fuglearter av nasjonal forvaltningsintresse sørøst av holme ute i Sauavågen. Havelle, makrellterne, svartbak og havørn. Omsynet til desse artane må vurderast i detaljregulering. |
| Miljø | Landskap | | Landskapstype; LT21-08 Åslandskap.<br>Ingen vesentleg konflikt, i og med at areala på land allereie er bygd ut. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Aukar tilgjenge til friluftsliv til sjøs. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder. |
| Miljø | Strandsone | | Allereie nedbygd strandsone. Byggegrense lagt i formålsgrensa. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Transportbehov | | Antas å vere bilbasert fordi brukarane ikkje må vere frå nærområdet, men aukinga i transportbehov antas å være begrensa. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Kommunal veg Sauvågen. Gamle hovudveg til Osterieidet. Ikkje stor trafikk i dag. Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), havnivåstigning, stormflod og bølgjepåverknad og kjemikalieutslepp og annan forureining. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| Samfunn | Folkehelse | | Aukar tilgjenge til friluftsliv til sjøs. |
| Samfunn | Barn og unge | | Vil ikkje påverke barn og unge sine oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt areal på land ligg som næring i KPA 2011. Endring av arealføremål til småbåtham vil sikre ein ny bruk av arealet, med ein aktivitet som passar inn med omkringliggande områder. Ved regulering av området, vil ein vurdere å stille krav om felles regulering med areal i nord, som grenser til omsøkt areal, for å sikre ein heilskapleg utvikling av området, og offentleg tilgjengeleg slipp for båter. Ålmenta sin tilgang til sjø skal sikres i detaljplan og omsynet til registrerte fulgeartar av nasjonal forvaltningsinteresse skal vurderast i detaljreguleringa. Omsøkt tiltak ligg innanfor omsynssone for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen. Arealendringa er ikkje vurdert til å ha stor konsekvens for det arbeidet, og vert difor tilrådd.

**TILRÅDING**

Innspelet vert tilrådd.

## BGU 1 - Grav og urnelund

**GRAV- OG URNELUND - APALEN**

**Gbnr.:** 202/4
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 3,5 daa
**Forslagstillar:** Lindås Kyrkjelege Fellesråd ved Torgeir Paulsen

**Omtale av området:**
Omsøkt areal grenser til eksisterande gravplass. Føreslått omdisponert til grav- og urnelund. Behov for å sikre eventuelt framtidig behov for utviding av gravplassen.



| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Omsøkt tiltak er eit nødvendig samfunnsføremål. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Ligg innanfor gul støysone. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Skogkledd område registrert med høg bonitet. Ikkje verdifullt som skogsområde. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Skogkledd område på oppsida av myrdrag. |
| Miljø | Landskap | | Landskapstype; LT21-08 Åslandskap. Skogkledd område som skråner ned mot myrområde og E 39. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Markerte turdrag i randsona av kyrkjegarden. Føremålet vil ikkje råka verdiane i vesentlig grad. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| Miljø | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Transportbehov | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Privat veg til Fv. 391 Leknesvegen. I hjørne i sør ligg kommunal leidning for vatn og avløp og overvatn. Avstandsgrense for tiltak til leidningane er minimum 4 meter. Omsynet til leidningen må sikrast i reguleringsplan. Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), skog- og lyngbrann og trafikkforhold. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| Samfunn | Folkehelse | | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Barn og unge | | Vil ikkje påverke barn og unge sine oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Gravplass er eit nausynt samfunnsføremål, og omsøkt areal grensar til allereie eksisterande grav- og urnelund. Omsynet til VVA leidning må sikrast i reguleringsplan. Omsøkt tiltak ligg innanfor omsynssone for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen. Arealendringa er ikkje vurdert til å ha stor konsekvens for det arbeidet, og vert difor tilrådd.

**TILRÅDING**

Innspelet vert tilrådd.

### 4.1.6. EIKANGER SKULEKRINS

Eikanger skulekrins dekker området langs E39 mellom Eikanger og Eknes. I tillegg strekker krinsen seg nordover langs fylkesveg 397 til Høyland. Mellom 2010 og 2019 har folketalet auka frå 566 til 616 personar. Fire prosent av innbyggjarane i Lindås kommune bur innanfor denne krinsen, og den delen har halde seg stabilt i denne perioden.

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Folketal** | 566 | 592 | 603 | 613 | 614 | 669 | 648 | 654 | 641 | 616 |
| **Prosent av folketal i kommunen** | 4 % | 4 % | 4 % | 4 % | 4 % | 4 % | 4 % | 4 % | 4 % | 4 % |

Det er barnehage og barneskule i Eikanger skulekrins. Lokalisering av barneskulen er til vurdering, og nytt areal som er aktuelt for framtidig lokalisering av barneskulen, er del av konsekvensutgreiinga.

Følgjande innspel er del av konsekvensutgreiing i Eikanger skulekrins:

- BN 5 Næring - Eikanger
- BN 6 Næring – Nedre Eikanger
- BN 7 Næring – Eidsnes
- BN 8 Næring – Vikane
- B 10 Bustad – Eikangervåg
- B 11 Bustad – Eikekletten
- B 12 Bustad – Eikangerlid
- B 13 Bustad – Øvre Eikanger
- B 14 Bustad – Mannsfjellet
- LSB 2 Spreidd bustad – Storneset
- LSB 3 Spreidd bustad - Høylandsmyr
- LSB 4 Spreidd bustad – Nedre Eikanger
- LSB 5 Spreidd bustad – Eikekletten
- LSB 6 Spreidd bustad - Gjerdbergåsen
- LSN 8 Spreidd næring - Høyland
- LSN 9 Spreidd næring - Storneset
- BAB 10 Andre typer bygg og anlegg – Litlevågen
- BAB 11 Andre typer bygg og anlegg - Eikangervåg
- BAB 12 Andre typer bygg og anlegg - Eikangervåg
- BAB 13 Andre typer bygg og anlegg – Ytre Eidsnes
- BAB 14 Andre typer bygg og anlegg – Eidsnes/Gangstø
- BOP 1 Offentleg eller privat tenesteyting - Eikanger




*Figur 7 Innspel til KU i Eikanger skulekrins*

**BN 5 - Næring**

| NÆRING - EIKANGER | |
|---|---|
| **Gbnr.:** 212/132<br>**Føremål i dag:** LNF<br>**Areal storleik:** 172+41+144=357 daa<br>**Forslagstillar:** Tippetue Arkitekter |  |
| **Omtale av området:**<br>Området ligg som LNF og grensar til eksisterande næringsareal. Eksisterande næringsareal er regulert i reguleringsplan for Eikanger næringsområde (1263-201114). Føreslått omdisponert til næring.<br><br>Område A: 172 daa<br>Område B: 41 daa<br>Område C: 144 daa | |



| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen sin strategi 17; I hovudsak samle og utvikle arealintensiv næring langs hovudfartsårene E39 og Fv 57. I strid med strategi 64 om berekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfald, samt strategi 75 om å legge til rette for aktivt friluftsliv. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landbruk og jordressursar | | Område A; mindre del i vest er del av omsynssone landbruk H510_oL17. Råker fulldyrka areal og godt innmarksbeite. Resten av arealet er planteskog. Innspelet må eventuelt justerast for å ta ut areal som ligg i omsynssona og som råker dyrka mark. Område B; naturskog. Område C: natur- og kulturskog. Samla sett verdifullt skogområde. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Område A; elv gjennom området som ender i lokalt viktig strandeng og strandsump vest for regulert næringsområde, Eikangervåg Indre. Ikkje registrert sjeldne artar. Område B og C: Rører direkte med Arivatnet. Innspelet må eventuelt justerast for å sikre ei buffersone til Arivatnet (terrengmessige vurderingar). Område C; i nordvest art av særlig stor forvaltningsinteresse; hvitryggspett og dvergspett. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT21-08 Åslandskap. Spørsmål om utforming av utsøkt areal; følgjer tomtegrensane; bør vurdere anna ustrekning/utforming. I hovudsak eit flatt landskap, med små høgder rundt Arivatnet. Innspelet må eventuelt justerast for å unngå inngrep i høgdene rundt Arivatnet. Område C: høgdedrag som bør bevarast; kan fungere som ein buffer til industriområde. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Omsøkt areal del av kartlagt friluftsområde, Baståsen – viktig friluftsområde. Område A og C; startpunkt for turområde. Fleire turstiar i omsøkt areal. Traktorvei inn frå Eikanger; inngang til turområde (ein av fleire) i nordenden av område A. |
| | Klimatilpassing | | Råker vassdrag og vassførekomster. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ny avkøyrsle frå E39 er etablert i samband med reguleringsplan for tilgrensande areal. Det er offentleg vatn og avløp. Ikkje tilfredsstillande brannvannsdekning, men det skal etablerast ny ringleidning frå Kløve til næringsområde (ligg inne i temaplan for VVA). Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Folkehelse | | Inngang til turområde blir berørt. Det er satt av parkeringsplass for ålmente i nordre del av det regulerte næringsområde N2. Ved eventuell utviding av næringsområde, må tilsvarande parkering for ålmenta sikrast. |
| | Barn og unge | | Gang- og sykkelveg under opparbeiding langs E39. Viktig at trygg tilgang til friluftsområdet vert sikra. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt tiltak er ei utviding av eksisterande, regulert næringsareal på Eikanger. Per i dag er 1/3 del av det regulerte arealet tatt i bruk. Omsøkt areal ligg innanfor omsynssona for pågåande arbeid med kommunedelplan for E 39 Flatøy-Eikefettunnelen I og med at 2/3 deler av regulering næringsareal er ledig, og området ligg i omsynssona for KDP E 39, vert det ikkje vurdert som riktig å utvide næringsarealet i denne rulleringa av kommuneplanen. Ei eventuell framtidig utviding av næringsarealet bør vente til kommunedelplanen er vedtatt, og trasè for E 39 gjennom området er fastsatt. Samstundes er det slik at omsøkt tiltak kjem negativt ut jamfør fleire KU tema; landbruk, vassmiljø, landskap og friluftsliv. Området er eit samanhengande skog- og naturområde, som bør takast vare på.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## BN 6 - Næring

**NÆRING – NEDRE EIKANGER**

**Gbnr.:** 213/61
**Føremål i dag:** Offentleg og privat tenesteyting
**Areal storleik:** 0,48 daa
**Forslagstillar:** Cato Pisani Danielsen og Gro Fyllingsnes



**Omtale av området:**
Omsøkt areal vert i dag brukt som kunstgalleri og kursverksemd (teikne- og maleskule). Føreslått omdisponert til næring, med ønskje om etablering av kultursenter.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 21; Støtte opp om dei som satsar på nye idear og nye verksemder. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Ligg innanfor gul støysone. Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Omsøkt areal er bebygd. Ligg innanfor omsynssone landbruk H510_oL17 (Eikanger-Høyland). |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Landskap | | Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| Miljø | Strandsone | | Ligg innanfor 100 – metersbelte mot sjø. Omsøkt areal er bebygd. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Transportbehov | | Ligg i nærleiken av E39. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Er offentleg vatn og avløp i området. Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), elektromagnetisk felt og trafikkforhold. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| Samfunn | Folkehelse | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Barn og unge | | Vil ikkje påverke barn og unge sine oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Endring av arealføremål frå offentleg/privat tenesteyting til næring er ikkje vurdert til å ha store konsekvensar. LSB 4 vert ikkje tilrådd på grunn av at situasjonen med framtidig lokalisering av skulen er uavklart, og Lindås kommune er ikkje klar til å frigi det omsøkte arealet, før eit endeleg vedtak om flytting av skulen er fatta. BN 6 er derimot ikkje vurdert til å ha verdi for skulen, og arealføremålet kan endrast. Omsøkt arealendring vil støtte opp under eksisterande bruk av arealet, og gje rom for vidareutvikling. Omsøkt tiltak ligg innanfor omsynssone for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen. Arealendringa er ikkje vurdert til å ha stor konsekvens for det arbeidet, og vert difor tilrådd.

**TILRÅDING**

Innspelet vert tilrådd.

## BN 7 - Næring

**AREALFØREMÅL - EIDSNES**

**Gbnr.:** 244/6 m.fl.
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 212 daa
**Forslagstillar:** Nordhordland skogeigarlag ved Sveinung Toft og Tippetue Arkitekter



**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg på Eidsnes. Innspelet frå Nordhordland skogeigarlag er for deler av arealet som er spelt inn frå Tippetue Arkitekter. Innspelet er utviding av regulert næringsareal rundt regional tømmerkai på Eidsnes. Tilgrensande næringsareal er regulert i reguleringsplan for Eidsnes næringsområde (planid 1263-201115). Føreslått omdisponert til næring.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen sin strategi 17; I hovudsak samle og utviklie arealintensiv næring langs hovudfartsårene E39 og Fv 57. I strid med nasjonale og regionale føringar for forvaltning av strandsona. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landbruk og jordressursar | | Omsøkt areal er skog, blanding av sørs høg og høg bonitet. Liten del myr. Gitt løyve til jordtipp i nordvestre del av omsøkt areal. Skal opparbeidast til fulldyrka jord. Innspelet må eventuelt justerast for å unngå området med omsøkt jordtipp. Ikkje verdifull skog. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Fleire elvar i omsøkt område. Art av særleg stor forvaltningsinteresse; dvergspett og art av stor forvaltningsinteresse; sandsvale. I Eknesvågen arter av stor forvaltningsinteresse; ærfugl og havelle. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. Omsøkt tiltak vil bygge ut eit stort urørt område, med negativ fjernverknad for busetnad på motsatt side av Eknesvågen. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ikkje del av kartlagt friluftsområde. Er stier i området, og truleg i bruk som nærfriluftsområde. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Deler av omsøkt areal ligg innanfor funksjonell strandsone og 100-metersbelte til sjø. Areal som ligg innanfor funksjonell strandsone vert ikkje tilrådd. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Ligg omtrent midt mellom to senterområder; 6 km frå Ostereidet og 14 km frå Knarvik. 1,4 km frå E 39. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ikkje offentleg vatn og avløp per i dag. Ny hovudvassleidning frå Kløva må etablerast. Kan vere mogleg å etablere avløp med slamavskiljar. Privat veg inn på Fv. 393 Eidsnesvegen. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Største delen ligger i omsynssone faresone, på grunn av fyrverkerilager. Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Omsøkt tiltak bygger ned areal som truleg er i bruk som nærfriluftsområde. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverke barn og unge sine oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt tiltak er ei utviding av regulert næringsareal på Eidsnes. Per i dag er det regulerte arealet ikkje tatt i bruk. Omsøkt areal kjem negativt ut jamfør KU tema; landskap, strandsone og samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit. I og med at det er reserve i eksisterande regulerte næringsareal, er det ikkje vurdert som riktig å utvide næringsarealet i denne rulleringa av kommuneplanen. Ei eventuell framtidig utviding av næringsarealet bør og avvente til fyrverkerilageret er flytta, og omsynssonen faresone er borte.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## BN 8 - Næring

**NÆRING - VIKANE**

**Gbnr.:** 214/3
**Føremål i dag:** Parkering
**Areal storleik:** 7,2 daa
**Forslagstillar:** Ragnvald Valle

**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg som parkering i gjeldande KPA. Området ligg tett inntil E39, om lag 11 km frå Knarvik. Grenser til uregulert næringsareal. Oppstart av reguleringsplan for arealet stoppa opp som ein følgje av pågåande arbeid med KDP E39 Flatøy-Eikefettunnelen. Føreslått omdisponert til næring.



| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | (grøn) | I tråd med samfunnsdelen sin strategi 17; I hovudsak samle og utvikle arealintensiv næring langs hovudfartsårene E39 og Fv 57. |
| **Miljø** | Forureining, klima og miljø | (grøn) | Ingen kjente konfliktar. |
| **Miljø** | Landbruk og jordressursar | (raud) | Areal aust for vegen er fulldyrka jord. Resten er open fastmark. |
| **Miljø** | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | (gul) | Art av særleg stor forvaltningsinteresse; gråtrost. |
| **Miljø** | Landskap | (grøn) | Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. Flatt areal. |
| **Miljø** | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | (grøn) | Ikkje del av kartlagt friluftsområde. |
| **Miljø** | Klimatilpassing | (grøn) | Ingen vesentleg konflikt. |
| **Miljø** | Strandsone | (grøn) | Ligg innanfor 100-meterbelte til sjø, men på nordsida av E39. |
| **Samfunn** | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | (grøn) | Ingen kjente konfliktar. |
| **Samfunn** | Sosial infrastruktur | (grøn) | Ikkje relevant. |
| **Samfunn** | Transportbehov | (grøn) | Ikkje vurdert til å ha stor konsekvens i og med at arealet ligg som næring i KPA 2011. |
| **Samfunn** | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | (raud) | Ikkje offentleg vatn og avløp. Ikkje brannvannsdekning. Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39. |
| **Samfunn** | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| **Samfunn** | Folkehelse | (grøn) | Ingen kjente konfliktar. |
| **Samfunn** | Barn og unge | (grøn) | Vil ikkje påverke barn og unge sine oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt areal ligg i omsynssona for KDP E 39, og det vert ikkje vurdert som riktig å utvide næringsarealet i denne rulleringa av kommuneplanen. Spørsmålet rundt eventuell realisering av Vikane næringsareal, må avvente til trasé for E 39 er fastsatt.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## B 10 - Bustad

**BUSTAD - EIKANGERVÅG**

**Gbnr.:** 214/71
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 1,8 daa
**Forslagstillar:** Terje Bjørge




**Omtale av området:**
Innspelet ligg i Eikanger, langs E39 og kommunal veg Fyllingsnesvegen, ca. 13 minutt frå regionsenteret Knarvik og 9 minutt frå nærsenteret Ostereidet med bil. Omsøkt areal ligg i eit område med blanding av bustad og fritidsbustad. Eksisterande bygg på eigedommen er eit garasjeuthus, anneks til bustad. Føreslått omdisponert til bustad.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Vurdert som mindre vesentleg jf. både kommunale, regionale og nasjonale føringar. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Omsøkt areal ligg innanfor gul støysone. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | I hovudsak skog, liten del bebygd areal. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. 11 m høgdeforskjell. Bratt ned mot den kommunale vegen. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | 50 meter frå sjø, 6- 16moh. Innspelet ligg ikkje innanfor funksjonell strandsone. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente registreringar på omsøkt areal. Registrert eit kulturminne på naboeigedomen (214/13), ikkje verna. |
| | Sosial infrastruktur | | 1,5 km til Eikanger skule. Eit punkt på vegen er markert som særleg farleg skuleveg. Framtidig lokalisering av barneskulen er til vurdering, og aktuell tomt for ny skule vert tilrådd lagt inn i KPA. Endeleg vedtak om eventuell flytting av skulen skal avgjerast i Alver kommune. |
| | Transportbehov | | Gangavstand til skule og barnehage. 12,5 km til Knarvik. Utbygging vil kunne gje auka biltrafikk knytt til arbeids- og handelsreiser. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Kommunal veg Fyllingsnesvegen. Smal veg, utan tilbod for gåande og syklande. Generell utfordring med å få til akseptable avkøyrslar til kommunal veg. Bratt ned til kommunal veg. Behov for sanering av avkøyrsler i området. Ikkje offentleg vatn og avløp. Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Utfordring knytt til etablering av trygg avkøyrsel til kommunal veg. Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverke barn og unge sine oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Eikanger skulekrins har ledige areal som er avsatt eller regulert til bustad i gjeldande planar, og det er ikkje behov for ytterlegare bustadareal i området ved denne rulleringa. Det er per i dag problemer med å sikre godkjente og trygge avkøyrsler til kommunal veg Fyllingsnesvegen.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## B 11 - Bustad

**BUSTAD - EIKEKLETTEN**

**Gbnr.:** 213/28, 44 og 55 m.fl.
**Føremål i dag:** Bustad, fritidsbustad og LNF-spreidd bustad
**Areal storleik:** 12,5 daa
**Forslagstillar:** Even Askeland (område 1 i innspelet frå Askeland)



**Omtale av området:**
Innspelet ligg nord for Nedre Eikanger i eit område med blanding av bustad, fritidsbustad og LNF-spreidd bustad. Fire av dei omsøkte tomtene er bebygd. 1 tomt ligg som bustad i gjeldande plan, 3 ligg som fritidsbustad og 1 tomt som LNF-spreidd bustad. Føreslått omdisponert til bustad.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Vurdert som mindre vesentleg jf. både kommunale, regionale og nasjonale føringar. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Under 1 km til Eikanger skule og om lag 14 km til Knarvik. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Omsøkt areal er bebygd areal og skog. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Omsøkt areal ligg ca. 85 m frå Eikeklettvatnet. |
| Miljø | Landskap | | Landskapstype; LT21-08 Åslandskap. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| Miljø | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente registreringar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Gangavstand til Eikanger skule. Framtidig lokalisering av barneskulen er til vurdering, og aktuell tomt for ny skule vert tilrådd lagt inn i KPA. Endeleg vedtak om eventuell flytting av skulen skal avgjerast i Alver kommune. |
| Samfunn | Transportbehov | | Om lag 14 km til Knarvik. Utbygging vil kunne gje auka biltrafikk knytt til arbeids- og handelsreiser. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Er offentleg vatn og avløp i nærleiken. Privat veg til kommunal veg Nedre Eikanger. Ikkje store utfordringar på den vegen. Smal veg utan fortau. Omsøkt areal ligg delvis i omsynssone KDP E39. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), skog- og lyngbrann og radonstråling. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| Samfunn | Folkehelse | | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Det er uheldig med samanblanding av bustad, fritidsbustad og LNF-spreidd bustad. Ved neste rullering av kommuneplanen, bør ein vurdere å gjere endringar i arealføremål, for å rydde opp i samanblandinga av føremål. På nuverande tidspunkt vert det derimot tilrådd og opne opp for ei endring i arealføremål i tråd med faktisk bruk av eigedomane. Det vert difor tilrådd å opne opp for endring av dei to tomtane i nord; gbnr. 214/44 (registret bustadhus) og 213/63 (bustadhus under opparbeiding). På gbnr. 213/60 og 213/28 er det registret fritidshus, og ein tilråd difor ikkje å endre til bustad. Det vert ikkje tilrådd å endre gbnr. 213/55 som ligg i LNF-spreidd bustad.

<table>
<tr><th colspan="2">TILRÅDING</th></tr>
<tr><td>Innspelet vert tilrådd, men tilrådd areal er redusert. Tilrådd areal:<br>• Gbnr. 213/44; 1,2 daa<br>• Gbnr. 213/63; 0,8 daa<br><br>Sum: 2 daa.</td><td></td></tr>
<tr><th colspan="2">ENDRA I PMU 19. JUNI 2019</th></tr>
<tr><td>Innspelet vert tilrådd, men tilrådd areal er redusert. Tilrådd areal:<br>• Gbnr. 213/44; 1,2 daa<br>• Gbnr. 213/63; 0,8 daa<br>• Gbnr. 213/28/2; 2,3 daa<br>• Gbnr. 213/60; 2 daa<br>• Gbnr. 213/28/3; 2,3 daa<br>• Gbnr. 213/28 (deler av); 0,7 daa<br><br>Sum: om lag 10 daa.</td><td></td></tr>
</table>

## B 12 - Bustad

**AREALFØREMÅL - EIKANGERLID**

**Gbnr.:** 211/2, 12, 15, m.fl.
**Føremål i dag:** LNF og LNF-spreidd
**Areal storleik:** 63 daa
**Forslagstillar:** Even Askeland (område 3 i innspelet)



**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg delvis som LNF-spreidd bustad og LNF i gjeldande kommuneplan. Området er bygd ut, med spreidd bustetnad. Føreslått omdisponert til bustad.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I konflikt med samfunnsdelen strategi 31 om auka arealutnytting i Knarvik, Alversund og nærsentra og strategi 39 om å oppretthalde kulturlandskapet og ta vare på verdifullt landbruksareal. I konflikt med nasjonale og regionale føringar på lokalisering av bustad. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Om lag 1 km frå Eikanger skule og 13 km til Knarvik. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Omsøkt areal er blanding av bebygd areal, skog, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Tiltaket må eventuelt justerast for å ta ut overflatedyrka jord. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Liten del av omsøkt areal er ubebyd areal som ligg nærare Liavatnet enn 100 m (næraste punkt ca. 35 m frå Liavatnet). Elver gjennom omsøkt areal. Art av særleg stor forvaltningsinteresse; gråtrost (i vegen i omsøkt areal). |
| | Landskap | | Landskapstype; LT21-08 Åslandskap.<br>Omsøkt areal er delvis bebygd og delvis ubebygd areal. Deler av omsøkt areal er bratt; 14 m og 22 m høgdeforskjell på utvalte areal. Alt omsøkt areal vil truleg ikkje eigne seg for utbygging. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ikkje del av kartlagt friluftsområde, men etablert landbruksveg i nordvest er viktig innfallsport til friluftsområde. Tilgangen til denne må eventuelt sikrast. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Fleire registrerte sefrakbygningar i omsøkt areal. Store delar av omsøkt areal er kulturlandskap. Fortetting av bustader i området vil redusere verdien av kulturlandskapet. |
| | Sosial infrastruktur | | 1 km frå Eikanger skule. Framtidig lokalisering av barneskulen er til vurdering, og aktuell tomt for ny skule vert tilrådd lagt inn i KPA. Endeleg vedtak om eventuell flytting av skulen skal avgjerast i Alver kommune. |
| | Transportbehov | | Gangavstand til skule. 13 km frå Knarvik. Utbygging vil kunne gje auka biltrafikk knytt til arbeids- og handelsreiser. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Er offentleg vatn og avløp. Kommunal veg til fv. 397. Mogleg utfordring med etablering av avkøyrsel til kommunal veg for areal på sørsida av den kommunale vegen. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt areal er eit kulturlandskap med spreidd busetnad. Endring av arealføremål til bustad, vil legge til rette for ein meir ekstensiv utbygging av området. Ei utbygging som kan redusere kvalitetane i kulturlandskapet. Området ligg om lag 1 km frå Eikanger skule. Det er ein pågåande prosess som vurderer den framtidige skulestrukturen i området, og skulen vert vurdert flytta. Det vert vurdert som riktig å avvente lokalisering av store, nye bustadområder til spørsmålet om framtidig lokalisering av skulen er avklart.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd. Viss innspelet vert tilrådd, må arealet justerast for å unngå overlatedyrka jord og innmarksbeite.

## B 13 - Bustad

**BUSTAD – ØVRE EIKANGER**

**Gbnr.:** 212/2
**Føremål i dag:** LNF-spreidd
**Areal storleik:** 10 daa
**Forslagstillar:** Per Gunnar Kleivdal



**Omtale av området:**
Innspelet ligg i ei etablert bygd i Eikanger skulekrins, langs fylkesveg 397. Det er del av ein jordbrukseigedom og ligg innanfor omsynssone jordbruk. Bustadinnspelet ligg nært eit område sett av til bustad i KPA 2011.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I konflikt med samfunnsdelen strategi 31 om auka arealutnytting i Knarvik, Alversund og nærsentra, men kan vurderast å vere i tråd med strategi 32 om spreidd busetnad i heile kommunen. I konflikt med nasjonale og regionale føringar på lokalisering av bustad. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Innspelet er del av ein jordbrukseigedom og ligg innanfor omsynssone jordbruk. Overflatedyrka jord. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Arter av særlig stor forvaltningsmessig interesse; Bjørkefink, gråsisik og vipe. Arter av stor forvaltningsmessig interesse; fiskemåka og stær. |
| Miljø | Landskap | | Landskapstype; LT21-08 Åslandskap. 20 m høgdeforskjell på omsøkt areal. Bratt skrent midt i omsøkt areal med 12 m høgdeforskjell. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ikkje kartlagt friluftsområde. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| Miljø | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Framtidig lokalisering av barneskulen er til vurdering, og aktuell tomt for ny skule vert tilrådd lagt inn i KPA. Endeleg vedtak om eventuell flytting av skulen skal avgjerast i Alver kommune. |
| Samfunn | Transportbehov | | Gangavstand til barneskule. 14 km frå Knarvik. Utbygging vil kunne gje auka biltrafikk knytt til arbeids- og handelsreiser. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Eksisterande avkøyring inn på same bruket. Privat veg til fylkesveg 397. Er offentleg vatn og avløp i nærleiken. Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| Samfunn | Folkehelse | | Ligg nært to større friluftsområde, på kvar side av dalen. Ingen kjente konfliktar |
| Samfunn | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Området ligg i gangavstand til Eikanger skule. Det er ein pågåande prosess som vurderer den framtidige skulestrukturen i området, og skulen vert vurdert flytta. Det vert vurdert som riktig å avvente lokalisering av store, nye bustadområder til framtidig lokalisering av skulen er avklart. Omsøkt tiltak ligg innanfor omsynssone for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen. Lokalisering av eventuelle nye bustadområder bør først vurderast når framtidig lokalisering av ny skule og kommunedelplanen for E39 er vedtatt. Omsøkt areal ligg innanfor LNF-spreidd bustad området som vert tilrådd vidareført.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## B 14 - Bustad

**AREALFØREMÅL - MANNSFJELLET**

**Gbnr.:** 244/2 m.fl.
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 123 daa
**Forslagstillar:** Tippetue Arkitekter



**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg i strandsona på Mannsfjellet, på ei halvøy. Halvøya er i hovudsak ubebygd, med unntak ei industritomt like ved innspelet. Det er også nokre fritidsbustadar og naust på motsett side av halvøya. Industritomta har ein tilkomstveg til FV393. Føreslått omdisponert til bustad.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I strid med samfunnsdelen strategi 31 om auka arealutnytting i Knarvik, Alversund og nærsentra og strategi 64 om berekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfald. I konflikt med nasjonale og regionale føringar på lokalisering av bustad og forvaltning av strandsona. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Om lag 14 km til Knarvik og 6 km til Ostereidet. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Omsøkt areal er produktiv skog, delvis planteskog. Stort, samanhengande skogsområde. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Arter av stor forvaltningsmessig interesse; havørn. I sjø Yngleområde for fiskemåke, viktig og andefugl, svært viktig (miljøstatus). Fleire elvar i omsøkt område. |
| Miljø | Landskap | | Landskapstype; LT 21-02 Middels breie fjordløp. Ubebygd areal ved sjø. Eksponert område/fjernverknad. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Grensar til kartlagt friluftsområde, Stabbevika. Skjergarden er mye brukt av lokale i Lindås. Grenser til friluftsområde for sjø og vatn i gjeldande KPA. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| Miljø | Strandsone | | Store delar av innspelet ligg innanfor funksjonell strandsone. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente registreringar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Om lag 3,5 km til Eikanger skule. Eit punkt på strekninga er markert som særleg farleg/vanskeleg skuleveg. Innspelet opplyser om at det vil leggast til rette for trygg skuleveg for barne og unge. Framtidig lokalisering av barneskulen er til vurdering, og aktuell tomt for ny skule vert tilrådd lagt inn i KPA. Endeleg vedtak om eventuell flytting av skulen skal avgjerast i Alver kommune. |
| Samfunn | Transportbehov | | Om lag 14 km til Knarvik og 6 km til Ostereidet. Utbygging vil kunne gje auka biltrafikk knytt til arbeids- og handelsreiser. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ikkje offentleg vatn og avløp per i dag. Ny hovudvassleidning frå Kløva må etablerast. Kan vere mogleg å etablere avløp med slamavskiljar. Privat veg inn på Fv. 393 Eidsnesvegen. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Største delen ligger i omsynssone faresone, på grunn av fyrverkerilager. Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| Samfunn | Folkehelse | | Stabbevika vil miste noko av verdien sin som ein skjerma badeplass (friluftskartlegginga). Nær tilkomst for sjø og friluftsområde for dei som flytter dit. |
| Samfunn | Barn og unge | | Som under folkehelse. |

**SAMLA VURDERING**

Eikanger skulekrins har ledige areal som er avsatt eller regulert til bustad i gjeldande planar, og det er ikkje behov for ytterlegare bustadareal i området ved denne rulleringa. Etablering av bustader på omsøkt areal vil m.a. gje ei nedbygging av urørt del av strandsona. Det er ein pågåande prosess som vurderer den framtidige skulestrukturen i området. Det vert vurdert som riktig å avvente eventuell lokalisering av store, nye bustadområder til lokalisering av skulen er avklart.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## LSB 2 - Spreidd bustad

**LNF-SPREIDD BUSTAD - STORNESET**

**Gbnr.:** 214/3
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 13,8 daa
**Forslagstillar:** Knut Fyllingsnes

**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg på Storneset i LNF område, som grensar til område avsatt til bustad i KPA 2011. Føreslått omdispnert til LNF-spreidd bustad, med 4 bustader.




| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I konflikt med samfunnsdelen strategi 31 om auka arealutnytting i Knarvik, Alversund og nærsentra, men kan vurderast å vere i tråd med strategi 32 om spreidd busetnad i heile kommunen. Kan vere i konflikt med nasjonale og regionale føringar på lokalisering av bustad. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | 2,8 km til Eikanger skule. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Omsøkt areal er skog. Lågproduktiv skog. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Elv i vestre del av omsøkt areal. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT21-08 Åslandskap og LT 21-02 Middels breie fjordløp. 17 m høgdeforskjell. Tiltaket vil kunne endre/fjerne markert høgdedrag. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ikkje del av kartlagt friluftsområde, men truleg nytta som grøntområde for nærfriluftsliv, pga nærleik til bustadområder. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Ca 1/3 av omsøkt areal ligg innanfor funksjonell strandsone. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | 2, 8 km til Eikanger skule. Deler av vegen er markert som særleg farleg/vanskeleg skuleveg (smal veg med mange krappe kurvar utan sikt, samt lite eller ingen sideareal for mjuke trafikantar). Framtidig lokalisering av barneskulen er til vurdering, og aktuell tomt for ny skule vert tilrådd lagt inn i KPA. Endeleg vedtak om eventuell flytting av skulen skal avgjerast i Alver kommune. |
| | Transportbehov | | 12 km til Knarvik. Utbygging vil kunne gje auka biltrafikk knytt til arbeids- og handelsreiser. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Privat veg til kommunal veg Fyllingsnesvegen. Bussveg. Smal veg. Ikkje offentleg avløp i området, men hovudleidning vatn ligg langs kommunal veg Fyllingsnesvegen. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Truleg nytta som nærfriluftsområde. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Eikanger skulekrins har ledige areal som er avsatt eller regulert til bustad i gjeldande planar, og det er ikkje behov for ytterlegare bustadareal i området ved denne rulleringa. Tiltaket ligg delvis innanfor funksjonell strandsone, og etablering av bustader på arealet, vil gje inngrep i eit høgdedrag/skråning. Grenser til omsøkt areal for LNF-spreidd næring, for mottak av jordmassar.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## LSB 3 - Spreidd bustad

**LNF-SPREIDD BUSTAD - HØYLANDSMYR**

**Gbnr.:** 209/1
**Føremål i dag:** LNF-spreidd
**Areal storleik:** 24 daa
**Forslagstillar:** Svein Arild Valaker

**Omtale av området:**
Innspelet ligg på Høylandsmyr, omlag 16 km frå Knarvik. Føreslått vidareføring av eksisterande LNF-spreidd område Høyland og utvide med 3 til 4 nye bustader.




| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med strategi 32 om spreidd busetnad i heile kommunen. Kan vere i konflikt med nasjonale og regionale føringar på lokalisering av bustad, men innspelet er på 3/4 bustadtomter, slik at konsekvensen er vurdert som liten. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Om lag 4 km til Eikanger skule og 16 km til Knarvik. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Omsøkt areal er skog og myr i gardskart. Ortofoto viser at myrdraget er fylt igjen. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Omsøkt areal ligg om lag 55 m frå elv som ren ut frå Heggernesvatnet. |
| Miljø | Landskap | | Landskapstype; LT21-08 Åslandskap. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Markert traktorveg gjennom omsøkt areal. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| Miljø | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente registreringar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Om lag 4 km frå Eikanger skule. Framtidig lokalisering av barneskulen er til vurdering, og aktuell tomt for ny skule vert tilrådd lagt inn i KPA. Endeleg vedtak om eventuell flytting av skulen skal avgjerast i Alver kommune. |
| Samfunn | Transportbehov | | Utbygging vil kunne gje auka biltrafikk knytt til arbeids- og handelsreiser. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Eksisterande privat veg til Fv. 397 Mykingvegen. Kommunalt vatn er under etablering. Kommunalt avløp. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), flaum i vassdrag, skog- og lyngbrann og radonstråling. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| Samfunn | Folkehelse | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt areal ligg som LNF-spreidd bustad i KPA 2011. LNF-spreidd bustadområdet skal vidareførast med opning for fleire bueiningar.

**TILRÅDING**

Innspelet vert tilrådd.

## LSB 4 - Spreidd bustad

**LNF-SPREIDD BUSTAD – NEDRE EIKANGER**

**Gbnr.:** 213/1
**Føremål i dag:** Privat/off.tenesteyting
**Areal storleik:** 13,3 daa
**Forslagstillar:** Arne Martin Eknes



**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg på Nedre Eikanger, og grensar til Eikanger skule. Føreslått omdisponert til LNF-spreidd bustad.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I konflikt med samfunnsdelen strategi 31 om auka arealutnytting i Knarvik, Alversund og nærsentra, men kan vurderast å vere i tråd med strategi 32 om spreidd busetnad i heile kommunen. Kan vere i konflikt med nasjonale og regionale føringar på lokalisering av bustad. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Nært på eksisterande skule. Om lag 13 km til Knarvik. |
| | Landbruk og jordressursar | | Overflatedykra jord, open fastmark og skog. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Omsøkt areal grenser til Nedgardselva. Bratt skrent ned mot elva (8 m høgdeforskjell). |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. Areal i søraust ligg tett på kommunal veg Fyllingsnesvegen. Bratt rygg som ligg mellom eksisterande skuleområde og flatare areal der eksisterande driftsbygning ligg på omsøkt areal. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Området kan vere i bruk som nærfriluftsområde. Ligg tett på Leiknes barneskule. Vurdert som ikkje vesentleg pga at arealet ligg som off./privat tenesteyting i KPA 2011. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Deler av omsøkt areal ligg innanfor 100 metersbelte til sjø. Kommunal veg går på utsida av omsøkt areal. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Nært til eksisterande skule. Framtidig lokalisering av barneskulen er til vurdering, og aktuell tomt for ny skule vert tilrådd lagt inn i KPA. Endeleg vedtak om eventuell flytting av skulen skal avgjerast i Alver kommune. |
| | Transportbehov | | Utbygging vil kunne gje auka biltrafikk knytt til arbeids- og handelsreiser. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Kommunal veg Fyllingsnesvegen. Er offentleg vatn og avløp i området. Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Ikkje relevant. |
| | Barn og unge | | Området kan vere i bruk som nærfriluftsområde for barn og unge. Ligg tett på Leiknes barneskule. |

**SAMLA VURDERING**

Nytt areal for Eikanger skule er lagt inn i planforslaget. Intensjonen på sikt er at skuletomta, sør for omsøkt areal, skal flyttast. Situasjonen med skulen er per i dag uavklart, og Lindås kommune er ikkje klar til å frigi det omsøkte arealet, før eit endeleg vedtak om flytting av skulen er fatta. Framtidig arealbruk for omsøkt areal, kan ikkje avklarast før eventuelt ny skule er ferdigstilt. Omsøkt tiltak ligg innanfor omsynssone for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## LSB 5 - Spreidd bustad

**AREALFØREMÅL - EIKEKLETTEN**

**Gbnr.:** 213/4
**Føremål i dag:** LNF og LNF-spreidd bustad
**Areal storleik:** 40 daa
**Forslagstillar:** Even Askeland (område 2 i innspelet)

**Omtale av området:**
Omsøkt areal grensar til områder avsatt til LNF-spreidd bustad, fritidsbustad og bustad i KPA 2011. Føreslått omdisponert til LNF-spreidd bustad, med ca. 5 bustadeiningar.




| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I konflikt med samfunnsdelen strategi 31 om auka arealutnytting i Knarvik, Alversund og nærsentra, men kan vurderast å vere i tråd med strategi 32 om spreidd busetnad i heile kommunen. I konflikt med nasjonale og regionale føringar på lokalisering av bustad. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Bilbasert arealendring, under 1 km til Eikanger skule og om lag 14 km til Knarvik. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Omsøkt areal er skog. Vekslande kvalitet. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Liten del av omsøkt areal er myr. Elv gjennom deler av omsøkt areal. Omsøkt areal ligg ca. 85 m frå Eikeklettvatnet. |
| Miljø | Landskap | | Landskapstype; LT21-08 Åslandskap. Omsøkt areal går inn i ås; Eikekletten. Etablering av bustader vil kunne gje store landskapsmessige inngrep. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Hovuddel av omsøkt areal ligg innanfor kartlagt friluftsområde, verdi: viktig (Eikangervassdraget/Liavatnet rundt). |
| Miljø | Klimatilpassing | | Elv gjennom omsøkt areal. |
| Miljø | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente registreringar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Gangavstand til Eikanger skule. Framtidig lokalisering av barneskulen er til vurdering, og aktuell tomt for ny skule vert tilrådd lagt inn i KPA. Endeleg vedtak om eventuell flytting av skulen skal avgjerast i Alver kommune. |
| Samfunn | Transportbehov | | Om lag 14 km til Knarvik. Utbygging vil kunne gje auka biltrafikk knytt til arbeids- og handelsreiser. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Er offentleg vatn og avløp i nærleiken. Privat veg til kommunal veg Nedre Eikanger. Smal veg utan fortau. Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| Samfunn | Folkehelse | | Konflikt med viktig friluftsområde. |
| Samfunn | Barn og unge | | Området antas å vere i bruk av barn og unge. |

**SAMLA VURDERING**

Eikanger skulekrins har ledige areal som er avsatt eller regulert til bustad i gjeldande planar, og det er ikkje behov for ytterlegare bustadareal i området ved denne rulleringa. Etablering av bustader i omsøkt areal kan gje store inngrep i landskapet og tiltaket er i strid med eit viktig friluftsområde (Eikangervassdraget/Liavatnet rundt). Omsøkt tiltak ligg innanfor omsynssone for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen. Lokalisering av eventuelle nye bustadområder bør avvente til kommunedelplanen er vedtatt, og trasèen er fastsatt.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## LSB 6 - Spreidd bustad

**LNF-SPREIDD BUSTAD - GJERDBERGÅSEN**

**Gbnr.:** 212/8
**Føremål i dag:** LNF og bustad
**Areal storleik:** 16 daa
**Forslagstillar:** Even Askeland (område 4 i innspelet frå Askeland)



**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg nord for Eikanger skule, langs fv. 397. Føreslått omdisponert til LNF-spreidd bustad. Den delen av innspelet som låg innafor omsynssone landbruk er tatt vekk jf. handsaming i politisk styringsgruppe 16. okt. 2018.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I konflikt med samfunnsdelen strategi 31 om auka arealutnytting i Knarvik, Alversund og nærsentra, men kan vurderast å vere i tråd med strategi 32 om spreidd busetnad i heile kommunen. I konflikt med nasjonale og regionale føringar på lokalisering av bustad. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Om lag 1,5 km til Eikanger skule og 13,5 km frå Knarvik. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Omsøkt areal er skog og liten del open fastmark og myr. Produktiv skog. Deler av området nyplanta skog. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Liten del av omsøkt areal er myr. I tillegg går det ei elv frå oppsida av garasjehus, og ut av området. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT21-08 Åslandskap. 25 m høgdeforskjell på omsøkt areal. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Framtidig lokalisering av barneskulen er til vurdering, og aktuell tomt for ny skule vert tilrådd lagt inn i KPA. Endeleg vedtak om eventuell flytting av skulen skal avgjerast i Alver kommune. |
| | Transportbehov | | Om lag 13,5 km frå Knarvik. Utbygging vil kunne gje auka biltrafikk knytt til arbeids- og handelsreiser. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Privat veg til Fv. 397. Er offentleg vatn og avløp i nærleiken. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

I Eikanger skulekrins er det store areal avsatt til LNF-spreidd bustad i KPA 2011. Det er ikkje ønskjeleg å opne opp for eit nytt LNF-spreidd område. Omsøkt tiltak råker område med produktiv skog, og er ikkje i tråd med føringar for samordna areal- og transportplanlegging.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## LSN 8 - Spreidd næring

**AREALFØREMÅL - HØYLAND**

**Gbnr.:** 209/3
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 23,7 daa
**Forslagstillar:** Ingmar Nordanger



**Omtale av området:**
Føreslått omdisponert til LNF-spreidd næring, med ønskje om mottak av jord- og steinmasser for landbruksføremål. Eigedomen er i aktiv drift, kjøttfe.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 23; Leggje til rette for auka matproduksjon og næringsutvikling i landbruket. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Må påreknast noko utslepp frå transport ved tilkøyring av masser. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Fulldyrka jord. Omsøkt tiltak vil auke landbruksverdien av arealet. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT21-08 Åslandskap. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Deler av arealet del av kartlagt friluftsområde (viktig). Ikkje vurdert til å ha vesentleg konsekvens, i og med at tiltaket inneberer forbetring av landbruksjord. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Vil vere auka transport i ein avgrensa periode. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Det er etablert traktorveg som går rundt omsøkt areal. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Auka transport i avgrensa periode. Potensielle farar er flaum i vassdrag, skog- og lyngbrann og kjemikalieutslepp og annan forureining. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Ikkje relevant. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Arealet er eigna for mottak av massar og tiltaket vil kunne gje betra avkasting. Etter at tiltaket er avslutta vil arealet bli endra tilbake til LNF.

**TILRÅDING**

Innspelet vert tilrådd.

Føresegna opnar opp for areal for overskotsmasser til jordforbetringstiltak innan landbruket.

## LSN 9 - Spreidd næring

**LNF-SPREIDD NÆRING - STORNESET**

**Gbnr.:** 214/7
**Føremål i dag:** LNF og bustad
**Areal storleik:** ca. 130 daa
**Forslagstillar:** Stein Åge Fyllingsnes

**Omtale av området:**
Føreslått omdisponert til LNF-spreidd næring, for mottak av stein- og jordmassar.
Område A: 14 daa. Bustadområde. Delvis del av reguleringsplan Fyllingsnes, gnr. 214 bnr. 4, 5, 7 m.fl. (planid 1263-200807).
Område B: 38 daa. LNF og eksisterande bebyggelse.
Område C: 68 daa. LNF og fulldyrka mark.




| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 23; Leggje til rette for auka matproduksjon og næringsutvikling i landbruket. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Må påreknast noko utslepp frå transport ved tilkøyring av masser. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Område A: Skog. Område B: Skog, fulldykra jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Område C: Fulldyka jord, overflatedyrka jord og skog. Omsøkt tiltak vil kunne auke landbruksverdien av areala. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Område B: Grenser ned til Litlevågen. Arter av særleg stor forvaltningsinteresse i nord/vest grense av omsøkt tiltak; gråtrost, vipe, bjørkefink. Art av stor forvaltningsinteresse same stad; fiskemåke, ærfugl og stær. Område C: Grenser til sjø. Område B og C: elv gjennom omsøkt areal. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT21-08 Åslandskap og LT 21-02 Middels breie fjordløp. Område C kolle som avgrensar bratt skrent ned mot sjø. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ikkje del av kartlagt friluftsområde. Område B grensar til statleg sikra friluftsområde (badeplass) i Litlevågen, Fyllingsnes. Bergen og Omland friluftsråd har planar om opparbeiding av området når avløpssituasjonen er rydda opp i. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Område B og C går begge ned til sjø. Område C 1/3 del innanfor funksjonell strandsone. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Auka transport i avgrensa periode. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Privat veg til kommunal veg Fyllingsnesvegen. Bussveg. Smal veg. Konfliktfylt å opne opp for stor trafikk med tilkøyring av massar i området. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Auka transport i avgrensa periode. Område C: liten del av areal mot sjø er utløsings- og utløpsområde for snøskred. Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense) og kjemikalieutslepp og annan forureining. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon[4]. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Område B er i konflikt med statleg sikra friluftsområde. |
| | Barn og unge | | Område B er i konflikt med statleg sikra friluftsområde. |

**SAMLA VURDERING**

LNF-spreidd næring, med ønskje om mottak av stein- og jordmassar for opparbeiding av landbruksjord er primært et tiltak som er aktuelt for areal i drift. Delar av område C har fulldyrka jord, og er vurdert som eigna for føremålet. Innspelet vert

[4] I ROS-analysen er berre tilrådd areal vurdert.

<table>
<tr><td colspan="2">trekt vekk ifra sjø, for å unngå funksjonell strandsone, og kolle som naturleg buffer mot sjø. Område A og B er ikkje vurdert som eigna til dette føremålet, m.a. pga nærleik til eksisterande bygg.</td></tr>
<tr><td colspan="2">TILRÅDING</td></tr>
<tr><td>Innspel område C vert tilrådd, med redusert utstrekning. Tilrådd areal er om lag 25 daa og føresegne opnar opp for areal for overskotsmasser til jordforbetringstiltak innan landbruket.</td><td>
</td></tr>
</table>

## BAB 10 – Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag)

**SMÅBÅTANLEGG I SJØ OG VASSDRAG - LITLEVÅGEN**

**Gbnr.:** 214/7
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 2,4 daa
**Forslagstillar:** Stein Åge Fyllingsnes

**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg i Litlevågen. Føreslått omdisponert til småbåtanlegg, med ønskje om båtplassar for utleige med kai langs land og uteliggjar. Er tre eksisterande naust innanfor omsøkt areal.



| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Ikkje i tråd med fastsatt avgrensing av kva innspel på naust og småbåthamnområder ein opna opp for i planarbeidet. Kan vere i strid med nasjonale og regionale føringar for forvaltning av strandsona. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil kunna auke utsleppa av klimagassar noko. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Open fastmark og skog. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente registreringar. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ligg om lag 50 m fra statleg sikra friluftsområde (badeplass) i Litlevågen, Fyllingsnes. Bergen og Omland friluftsråd har planar om opparbeiding av området når avløpssituasjonen er rydde opp i. |
| | Klimatilpassing | | Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder. |
| | Strandsone | | Omsøkt areal ligg i strandsona. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Antas å vere bilbasert fordi brukarane ikkje må vere frå nærområdet, men aukinga i transportbehov antas å være begrensa. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Utfordring med tilkomst og parkering. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt tiltak er ikkje i tråd med den avgrensinga av kva innspel på naust og småbåthamnområder ein opna opp for å vurdere i planarbeidet. Det er utfordring med tilkomst og parkering. Areala må vere offentleg tilgjengeleg. Tilkomst og parkering til det offentlege badeanlegget innerst i vika er ikkje løyst. Tiltaket er ikkje vurdert til å vere til hinder for badeplassen.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## BAB 11 – Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag + naust)

**SMÅBÅTANLEGG I SJØ OG VASSDRAG + NAUST - EIKANGERVÅG**

**Gbnr.:** 213/17
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 1,4 daa
**Forslagstillar:** Roald Fyllingsnes



**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg i eit etablert naustmiljø med 8 eksisterande naust. Føreslått omdisponert til naustområde. Ønskje om oppføring av 2 naust og bryggje.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Ikkje i tråd med fastsatt avgrensing av kva innspel på naust og småbåthamnområder ein opna opp for i planarbeidet. Kan vere i strid med nasjonale og regionale føringar for forvaltning av strandsona. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil kunna auke utsleppa av klimagassar noko. ngen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Bebygd areal. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Eikangervågen; marin naturtype bløtbunnsområder i strandsona. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. Omsøkt tiltak vil vere ei fortetting av eksisterande naustmiljø. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ikkje del av kartlagt friluftsområde. |
| | Klimatilpassing | | Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder. |
| | Strandsone | | Etablert naustmiljø. Omsøkt tiltak vil byggje ned tilgang til strandsona, men arealet på austsida er ikkje bebygd. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente registeringar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Antas å vere bilbasert fordi brukarane ikkje må vere frå nærområdet, men aukinga i transportbehov antas å være begrensa. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Kommunal veg Fyllingsnesvegen. Tilkomst til området via privat veg tett på etablert bustadhus. Vil ikkje kunne oppfylle krav til parkering. Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er skred, ustabil grunn, flaum i vassdrag, skog-/lyngbrann, kjemikalieutslepp og annan forureining og tilkomst for utrykkingskøyretøy. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umoglege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Omsøkt tiltak vil byggje ned tilgang til strandsona, men arealet på austsida er ikkje bebygd. |
| | Barn og unge | | Omsøkt tiltak vil byggje ned tilgang til strandsona, men arealet på austsida er ikkje bebygd. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt tiltak er ikkje i tråd med den avgrensinga av kva innspel på naust og småbåthamnområder ein opna opp for å vurdere i planarbeidet. Det er utfordring med tilkomst og parkering. Det er ei regulert småbåthamn på andre sida av sundet. Omsøkt tiltak ligg innanfor omsynssone for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

Endra i PMU 19. juni 2019

Innspelet vert tilrådd.

| **ENDRA ETTER PLANVEDTAK 15. OKTOBER 2019** | |
|---|---|
| Arealet er endra etter semje i dialogmøte med Fylkesmannen i Vestland 25. september 2019.<br><br>Arealet er redusert til 0,6 daa og omfattar berre eksisterande naust. | <br> |

## BAB 12 – Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag)

**SMÅBÅTANLEGG I SJØ OG VASSDRAG - EIKANGERVÅG**

**Gbnr.:** 212/102 m.fl.- Utviding av sjøareal i reg. plan Vahaugen bustadfelt
**Føremål i dag:** Sjøareal
**Areal storleik:** 1,4 daa
**Forslagstillar:** Steinar Haukås



**Omtale av området:**
Ønskje om utviding av indre grense for småbåtanlegg for å utvide flytebryggje (20 plassar i dag). Det er gjennomført KU av småbåtanlegget i reguleringsplanarbeidet. Følgjande KU omhandlar difor berre utviding av småbåtanlegget. Utvidinga vil ta areal frå område avsatt til friluftsområde i sjø i reguleringsplanen.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med fastsatt avgrensing av kva innspel på naust og småbåthamnområder ein opna opp for i planarbeidet. Innspelet er ei mindre utviding av eksisterande areal for småbåtanlegg, og konsekvensen vert vurdert som liten jf. regionale og nasjonale føringar. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil kunna auke utsleppa av klimagassar noko. ngen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Ikkje relevant. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Eikangervågen; marin naturtype bløtbunnsområder i strandsona. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Del av omsøkt tiltak ligg i kartlagt friluftsområde (viktig) leke- og rekreasjonsområde. |
| | Klimatilpassing | | Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder. |
| | Strandsone | | Strandsona er bygd ut, og omsøkt tiltak er ei mindre utviding av eksisterande bruk. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente registeringar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Antas å vere bilbasert fordi brukarane ikkje må vere frå nærområdet, men aukinga i transportbehov vert vurdert å vere avgrensa. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), flaum i vassdrag, havnivåstigning, stormflod og bølgjepåverknad og kjemikalieutslepp og annan forureining. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Tiltaket er ei utviding av indre grense for småbåtanlegg innanfor reguleringsplan for Vahaugen bustadfelt (planid 1263-24062004). Positivt å tilrettelegge for ei utviding av småbåtanlegget. Omsøkt tiltak ligg innanfor omsynssone for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen. Arealendringa er ikkje vurdert til å ha stor konsekvens for det arbeidet, og vert difor tilrådd.

**TILRÅDING**

Innspelet vert tilrådd.

## BAB 13 – Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag)

**SMÅBÅTANLEGG I SJØ OG VASSDRAG – YTRE EIDSNES**

**Gbnr.:** 215/31 m.fl.
**Føremål i dag:**
**Areal storleik:** 15 daa
**Forslagstillar:** Anders Eidsnes m.fl.



**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg i ei lita lun og grunn brukt ved fylkesvegen på Eidsnes. Føreslått omdisponert til småbåtanlegg, med utviding av eksisterande areal for småbåthamn med 50-100 m sørover. Landgang og felles flytebryggje.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med fastsatt avgrensing av kva innspel på naust og småbåthamnområder ein opna opp for i planarbeidet. Kan vere i strid med nasjonale og regionale føringar for forvaltning av strandsona. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil kunna auke utsleppa av klimagassar noko. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Skog og open fastmark. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Eikangervågen; marin naturtype bløtbunnsområder i strandsona. Art av stor forvaltningsinteresse; fiskemåke. Arter av særlig stor forvaltningsinteresse; lappfiskand, bjørkefink og bergand. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. Lita vik som ligg skjerma for innsyn frå fjorden. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ikkje del av kartlagt friluftsområde. |
| | Klimatilpassing | | Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder. |
| | Strandsone | | Delvis nedbygd strandsone. Etablering av parkering i strandsona vert vurdert som konfliktfylt. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Antas å vere bilbasert fordi brukarane ikkje må vere frå nærområdet, men aukinga i transportbehov vert vurdert å vere avgrensa. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Tilkomst frå privat veg frå Fv. Eidsnesvegen. Spørsmål rundt tilkomst og parkering. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Eksisterande område for småbåthamn (innerst i vika) var lagt inn ved førre rullering av KPA. Det er langgrunt i området, og omsøkt utviding av arealet kan truleg koplast til behovet for å etablere tiltak lenger ut i vika. Etablering av parkering er vurdert som utfordrande, og kan gje uønska tiltak i strandsona.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## BAB 14 – Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag + naust)

**SMÅBÅTANLEGG I SJØ OG VASSDRAG + NAUST – EIDSNES/GANGSTØ**

**Gbnr.:** 244/6 m.fl.
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 10 daa
**Forslagstillar:** Tippetue Arkitekter



**Omtale av området:**
Omsøkt areal er urørt del av strandsona på Eidsnes/Gangstø. Føreslått omdisponert til naustområde, med kai og flytebryggje. Innspelet er kopla til innspel om etalbering av næring på tilgrensande areal.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med fastsatt avgrensing av kva innspel på naust og småbåthamnområder ein opna opp for i planarbeidet, om ein legg til grunn at tilkomst og parkering er tenkt sikra gjennom tilgrensande næringsareal (KU Næring 7). I strid med regional og nasjonal forvaltning av strandsona. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil kunna auke utsleppa av klimagassar noko. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Skog. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | I Eknesvågen arter av stor forvaltningsinteresse; ærfugl og havelle. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. 9 m høgdeforskjell på omsøkt areal. Endringa vil kunne medføre større terrenginngrep. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ikkje del av kartlagt friluftsområde. |
| | Klimatilpassing | | Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder. |
| | Strandsone | | Ubebygd areal i strandsona. Omsøkt tiltak vil vere eksponert frå sjø. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Antas å vere bilbasert fordi brukarane ikkje må vere frå nærområdet, men aukinga i transportbehov vert vurdert å vere avgrensa. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Privat veg inn på Fv. 393 Eidsnesvegen. Tilkomst og parkering må løysast. Er truleg tenkt sikra gjennom tilgrensande næringsareal (KU Næring 7). |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt tiltak er i ein uberørt del av strandsona. Etablering av naustområde vil medføre store terrenginngrep. Eksisterande småbåtanlegg på motsatt side. Innspel på næringsareal på tilgrensande område, KU Næring 7, vert ikkje tilrådd.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## BOP 1 - Offentleg eller privat tenesteyting

**AREALFØREMÅL - EIKANGER**

**Gbnr.:** 214/5
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 25,7 daa
**Forslagstillar:** Administrasjonen




**Omtale av området:**
Føreslått omdisponert til offentleg tenesteyting. Areal for ny skule på Eikanger. Mange alternative lokalitetar har vore vurdert i prosessen. Omsøkt areal er valgt, m.a. basert på følgjande lokaliseringskriterium:

- Storleik: Minimum 20 daa, og tilleggsareal for evt. framtidig utviding
- Solforhold: Gode solforhold kl.12 21.desember.
- Topografi: Minimum 50% av tomta sitt areal under 15 grader helling
- Avstand til hovudveg/kollektiv: Inntil 500m frå fv./E39
- Ny E39: Forslag til korridor
- Byggjegrense fylkesveg/E39: 50m frå senterline
- Skoleskyss: Grense for skoleskyss 4 km
- Gangavstand: 30 min gåtid/1,5 km

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 42; «Sikre at nærsentra har skule, barnehage og fritids- og servicetilbod. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Ligg nært til E39, og er vurdert til å ha god dekning av elevmasse som bur innanfor gå- og sykkelavstand (1,5 km) og grenser for skuleskyss (4 km). Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Primært skog og eit mindre areal med fulldyrka jord. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Elv gjennom omsøkt areal. Ingen andre kjente konfliktar. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT21-08 Åslandskap. Flatt område. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ikkje del av kartlagt friluftsområde. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Vurdert som best eigna som lokalitet for ny skule på Eikanger. |
| | Transportbehov | | Ligg nært til E39, og er vurdert til å ha god dekning av elevmasse som bur innanfor gå- og sykkelavstand (1,5 km) og grenser for skuleskyss (4 km). |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Kommunalt vatn, men ikkje kommunalt avløp. Høgspenlinje i utkanten av omsøkt areal. Etablering av gang- og sykkelveg mellom Vikane-Eikangervåg er ein del av Nordhordlandspakken pkt. 17. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), skog- og lyngbrann, radonstråling, transport av farleg gods og elektromagnetisk felt. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Ingen kjente konfliktar. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

| |
|---|
| **SAMLA VURDERING** |
| Lindås kommune har hatt ein 2-årig prosess med å avklare aktuell tomt for ny skule på Eikanger. Ulike alternativ har vore oppe til vurdering, og ein har konkludert med omsøkt areal som den aktuelle lokaliseringen av ny skule. Alternativet kjem positivt ut jamfør hovudvekten av KU-tema. Tiltaket føreset etablering av godkjente løysingar for vatn og avløp. |
| **TILRÅDING** |
| Innspelet vert tilrådd. |

### 4.1.7. KLØVE SKULEKRINS

Kløve er den minste skulekrinsen i Lindås kommune, og den einaste som har hatt fallande folketal i perioden mellom 2010 og 2019. Det har blitt 30 færre innbyggjarar i krinsen i denne perioden.

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Folketal** | 471 | 472 | 468 | 462 | 459 | 467 | 456 | 459 | 457 | 441 |
| **Prosent av folketal i kommunen** | 3 % | 3 % | 3 % | 3 % | 3 % | 3 % | 3 % | 3 % | 3 % | 3 % |

Det er barneskule på Kløvheim. Lokalisering av barneskulen er til vurdering, og nytt areal som er aktuelt for framtidig lokalisering av felles barneskule for Eikanger og Kløve, er del av konsekvensutgreiinga (BOP 1).

Følgjande innspel er del av konsekvensutgreiing i Kløve skulekrins:

- BAB 15 Andre typer bygg og anlegg – Tveitastø




*Figur 8 Innspel til KU Kløve skulekrins*

## BAB 15 – Andre typer bygg og anlegg (naust)

**NAUSTOMRÅDE - TVEITASTØ**

**Gbnr.:** 24/4
**Føremål i dag:** Næring
**Areal storleik:** 40 daa
**Forslagstillar:** Anders Fammestad

**Omtale av området:**
Føreslått omdisponert til naustområde, med ønskje om 12-25 nausttomter inkl. areal til parkeringsplass, eventuelt spyleplass og bygg for vinterlagring av båter. Grenser til eksisterande småbåtanlegg.




| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | Gul | I tråd med fastsatt avgrensing av kva innspel på naust og småbåthamnområder ein opna opp for i planarbeidet. Kan vere i strid med regionale og nasjonale føringar for forvaltning av strandsona. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | Grøn | Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil kunna auke utsleppa av klimagassar noko. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | Grøn | Omsøkt areal er skog. Lågproduktiv skog. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | Grøn | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Landskap | Raud | Landskapstype; LT 21-03 Småfjord og storsundlandskap. Areal på austsida av Svindalsvegen er svært bratt; 35 m høgdeforskjell frå veg, og ned til flate. Bratt skrent ned mot sjø. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | Grøn | Ikkje del av kartlagt friluftsområde. |
| Miljø | Klimatilpassing | Grøn | Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder. |
| Miljø | Strandsone | Raud | 2 eksisterande naust, ellers urørt strandsone. Deler av arealet ligg innanfor funksjonell strandsone. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | Grøn | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | Grøn | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Transportbehov | Grøn | Antas å vere bilbasert fordi brukarane ikkje må vere frå nærområdet, men aukinga i transportbehov vert vurdert å vere avgrensa. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | Grøn | Tilkomst frå kommunal veg, Svindalsvegen. Fv. 397 Mykingvegen ligg nært til omsøkt areal. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | Gul | Potensielle farar er skred (snøskred), ustabil grunn (området ligg under marin grense), skog- og lyngbrann og kjemikalieutslepp og annan forureining. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umoglege å handtera med avbøtande tiltak. |
| Samfunn | Folkehelse | Grøn | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Barn og unge | Grøn | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt tiltak er i tråd med den avgrensinga av kva innspel på naust og småbåthamnområder ein opna opp for å vurdere i planarbeidet. I gjeldande reguleringsplan er det 11 daa med tilgjengeleg areal på land. Omsøkt areal er bratt, og om ein opnar opp for heile arealet, vil det kunne gje store landskapsmessige inngrep. Tilråd difor eit avgrensa areal, kor areal innanfor

funksjonell strandsone, og bratte deler av arealet, er tatt vekk. Det vert altså ikkje opna opp for naust i strandsona, men båtopplag/naust på land.

**TILRÅDING**

Innspelet vert tilrådd, men tilrådd areal er redusert. Tilrådd areal, om lag 9,6 daa.

Areal som ligg rundt tilrådd areal, og som er næring i KPA 2011, vert endra til LNF.




Endra i PMU 19. juni 2019

Innspelet vert tilrådd, men tilrådd areal er redusert. Tilrådd areal, om lag 19,5 daa.

Areal som ligg mot vegen, og som er næring i KPA 2011, vert endra til LNF.




**ENDRA I PLANVEDTAK 15. OKTOBER 2019**

Fylkesmannen i Vestland fremja motsegn mot BAB 15.

Arealet er redusert til 9,6 daa, same avgrensing som tilråding til 1. gangs handsaming (sjå over) og motsegn er trekt.

### 4.1.8. OSTEREIDET SKULEKRINS

Ostereidet krins har den største geografiske utstrekninga av alle krinsane i Lindås kommune. Den omfattar området langs E39 frå Eknes, til kommunegrensa mot Masfjorden øvst i Romarheimsdalen. I søraust grensar krinsen til Romarheimsfjorden, og i nordvest til kommunegrensa mot Masfjorden.
Ved inngangen til 2019 budde det 1 303 personar i Ostereidet skulekrins, etter ein auke på pm lag 70 personar i perioden mellom 2010 og 2019. Folketalsveksten i krinsen har vore noko svakare enn i kommunen under eitt, slik at skulekrinsens andel av det totale folketalet har falt eit prosentpoeng.

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Folketal** | 1234 | 1257 | 1276 | 1273 | 1293 | 1320 | 1301 | 1344 | 1333 | 1303 |
| **Prosent av folketal i kommunen** | 9 % | 9 % | 9 % | 9 % | 9 % | 9 % | 8 % | 9 % | 8 % | 8 % |

I kommuneplanens samfunnsdel er det vedteke at Ostereidet er eit av to nærsenter i Lindås kommune. Nærsentera skal vere ein attraktiv møtestad og er meint å bidra til å avgrense transportbehovet i kommunen ved å tilby handel, tenester og sosial infrastruktur for innbyggjarane i omlandet. Ostereidet har barnehage, barneskule og ungdomsskule. Ostereidet senter har utandørs idrettsanlegg, kafè og daglegvarehandel. Det er utarbeida ein områdeplan for Ostereidet, som er ute til offentleg ettersyn i perioden 4. juni 2019 til 30. juli 2019. Ny idrettshall på Ostereidet er del av planforslaget.

Følgjande innspel er del av konsekvensutgreiing i Ostereidet skulekrins:

- B 15 Bustad – Sjurneset
- B 16 Bustad - Eknes
- B 17 Bustad – Eknes
- B 18 Bustad - Kvernhushaugen
- LSN 10 Spreidd næring – Bjørgo
- LSN 11 Spreidd næring - Eidevågen
- LSN 12 Spreidd næring - Askeland
- LSN 13 Spreidd næring – Bjørndalsvatnet
- LSN 14 Spreidd næring - Askvik
- LSN 15 Spreidd næring – Molvik
- BAB 16 Andre typer bygg og anlegg - Molvik
- BFT 2 Fritids- og turistføremål - Molvik



Figur 9 Innspel til KU Ostereidet skulekrins

## B 15 - Bustad

**BUSTAD - SJURNESET**

**Gbnr.:** 10/16
**Føremål i dag:** LNF, bustad og LNF-spreidd bustad
**Areal storleik:** 15 daa
**Forslagstillar:** Rune Hosøy

**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg om lag 9 km frå Ostereidet. Føreslått omdisponer til bustad, med 2 til 3 einebustader, samt ny veg ned til naust i nord. Området ligg i LNF, LNF-spreidd bustad (Veland/Rødland) og bustad i gjeldande KPA.




| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I konflikt med samfunnsdelen strategi 31 om auka arealutnytting i Knarvik, Alversund og nærsentra, men i tråd med strategi 32 om spreidd busetnad i heile kommunen. I konflikt med nasjonale og regionale føringar på lokalisering av bustad. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | 9 km frå Ostereidet. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Deler av arealet er innmarksbeite. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Går ei elv gjennom omsøkt areal. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. Store høgdeforskjellar i omsøkt område (8 til 35/17 til 35 m). |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Kartlagt viktig friluftsområde i austre del av omsøkt område (Gamlevegen på Stranda). |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Deler av omsøkt areal ligg innanfor 100 metersbelte. Arealet bør eventuelt justerast slik at areal innanfor 100-metersbelte vert tatt vekk. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Om lag 9 km frå Ostereidet barne- og ungdomsskule. |
| | Transportbehov | | Om lag 9 km frå Ostereidet. Utbygging vil kunne gje auka biltrafikk knytt til arbeids- og handelsreiser. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Behov for ny avkjøyrsle til kommunal veg 1130 Hosøyvegen. Ikkje kommunalt vatn. Kommunalt avløp (6/700 m avstand), men ikkje kapasitet. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Omsøkt område har lang avstand til Ostereidet, og er ikkje tilrettelagt for gang/sykkel og kollektivtransport. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Ikkje i tråd med kvalitetskrav til bustadområder og nasjonale og regionale føringar for lokalisering av bustad. Endring av arealføremål til bustad har vesentlege og mindre vesentlege konfliktar med fleire KU-tema. Ligg p.t. delvis inne som ein del av LNF-spreidd bustad område. Regulert bustadareal i nærleiken.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## B 16 - Bustad

**BUSTAD - EKNES**

**Gbnr.:** 239/3
**Føremål i dag:** LNF-spreidd bustad
**Areal storleik:** 11,3 daa
**Forslagstillar:** Idar Tangen (2)




**Omtale av området:**
Området ligg i Eknes, langs FV393, ca. 3,5 km frå Ostereidet nærsenter. Tomta er ein jordbrukseigedom med eit våningshus og eit landbruksbygg. Tomta grensar til eksisterande bustadfelt med arealføremål bustad i kommuneplanen. Føreslått omdisponert til bustad. Tal bueiningar ikkje oppgitt.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I konflikt med samfunnsdelen strategi 31 om auka arealutnytting i Knarvik, Alversund og nærsentra, men kan vurderast å vere i tråd med strategi 32 om spreidd busetnad i heile kommunen. I konflikt med nasjonale og regionale føringar på lokalisering av bustad. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | 3,5 km frå Ostereidet. Liten del av omsøkt areal innanfor gul støysone. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Skog (kratt) og open fastmark. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Art av særleg stor forvaltningsinteresse, i grense av omsøkt areal i nordvest; gråtrost og i grense mot sørvest; dvergspett og bjørkefink. Utvalgt naturtype i søndre del; hule eiker (lokalt viktig). |
| Miljø | Landskap | | Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. 12 m høgdeforskjell i vestre del av omsøkt areal, ned mot veg. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| Miljø | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Kulturminne i nordvest, rett utanfor omsøkt areal. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Området ligg om lag 3,5 km frå Ostereidet barne- og ungdomsskule. Ligg nært busstopp. |
| Samfunn | Transportbehov | | Området ligg 3,5 km frå Ostereidet nærsenter og 16,5 km frå Knarvik. Utbygging vil kunne gje auka biltrafikk knytt til arbeids- og handelsreiser. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Kommunalt vatn. Ikkje kommunalt avløp. Er i dag ein spetikktank i bustadområde mellom to bustadfelt, men ikkje meir kapasitet. Utbygging av avløpsløysing er nødvendig. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| Samfunn | Folkehelse | | Liten del i gul støysone. |
| Samfunn | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Ikkje i tråd med nasjonale og regionale føringar for lokalisering av bustad. Mindre vesentlege konfliktar med fleire KU-tema. Ligg p.t. delvis inne som ein del av LNF-spreidd bustad område som opna opp for 0 einingar i KPA 2011. Ikkje aktuelt som bustad, men vert vurdert som del av vurderinga av LNF-spreidd område.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## B 17 - Bustad

**BUSTAD - EKNES**

**Gbnr.:** 238/4
**Føremål i dag:** LNF-spreidd bustad
**Areal storleik:** 5 daa
**Forslagstillar:** Andreas Sørå (1)




**Omtale av området:**
Området ligg i Eknes, langs FV393, om lag 3,5 km frå nærsenteret Ostereidet og 17 km frå Knarvik. Tomta er ubebygd og grensar til eksisterande bustadfelt med arealføremål bustadfelt i kommuneplanen. Føreslått omdisponert til bustad. Tal bueiningar ikkje oppgitt.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I konflikt med samfunnsdelen strategi 31 om auka arealutnytting i Knarvik, Alversund og nærsentra, men kan vurderast å vere i tråd med strategi 32 om spreidd busetnad i heile kommunen. Kan vere i konflikt med nasjonale og regionale føringar på lokalisering av bustad. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | 3,5 km nærsenter Ostereidet og 17 km frå Knarvik. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Skog (kratt). Uproduktiv skog. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Området blir ikkje nytta som turområde av lokalbefolkinga, men ligg ca. 500 meter i luftline frå friluftsområde med bl.a Totlandsåsen. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | 3,5 km frå nærsenter Ostereidet og 17 km frå Knarvik. Barnehage og skule ligg ikkje i gangavstand frå området. Området ligg like ved busstopp. |
| | Transportbehov | | 3,5 km nærsenter Ostereidet og 17 km frå Knarvik. Utbygging vil kunne gje auka biltrafikk knytt til arbeids- og handelsreiser. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Kommunalt vatn. Ikkje kommunalt avløp. Er i dag ein spetikktank i bustadområde mellom to bustadfelt, men ikkje meir kapasitet. Utbygging av avløpsløysing er nødvendig. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Området er ikkje nytta av lokalbefolkinga som turområde, men ligg ca. 500 meter i luftline frå friluftsområde med bl.a Totlandsåsen. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Ikkje i tråd med nasjonale og regionale føringar for lokalisering av bustad . Endring av arealføremål til bustad har vesentlege og mindre vesentlege konfliktar med fleire KU-tema. Ligg p.t. delvis inne som ein del av LNF-spreidd bustad område som opna opp for 0 einingar i KPA 2011. Ikkje aktuelt som bustad, men vert vurdert som del av vurderinga av LNF-spreidd område.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## B 18 - Bustad

**BUSTAD - KVERNHUSHAUGEN**

**Gbnr.:** 217/3 m. fl.
**Føremål i dag:** LNF og bustad
**Areal storleik:** 30,3 daa
**Forslagstillar:** Johannes Romarheim

**Omtale av området:**
Området ligg på Romarheim, om lag 2 mil nord for Ostereidet nærsenter. Ostereidet er næraste stad med service/tenestefunksjonar som barnehage, skule og butikk. Delar av området er sett av til bustad i gjeldande KPA og er utbygd. Tal bueiningar ikkje oppgitt.




| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I konflikt med samfunnsdelen strategi 31 om auka arealutnytting i Knarvik, Alversund og nærsentra, men kan vurderast å vere i tråd med strategi 32 om spreidd busetnad i heile kommunen. I konflikt med nasjonale og regionale føringar på lokalisering av bustad. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | 20 km frå Ostereidet nærsenter. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Open fastmark. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landskap | | Bratt område med høgdeforskjell på rundt 20 m, bratt ned mot sjø. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentlege konfliktar. |
| | Strandsone | | Ikkje innanfor funksjonell strandsone og 100-metersbelte til sjø. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente registreringar. |
| | Sosial infrastruktur | | Sosial infrastruktur som barnehage og skule ligg på Ostereidet 2 mil sør for området. |
| | Transportbehov | | Utbygging vil kunne gje auka biltrafikk knytt til skule-, arbeids- og handelsreiser. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ikkje offentleg vatn og avløp. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er skred, ustabil grunn, skog-/lyngbrann, radonstråling, transport av farleg gods og trafikkforhold. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umoglege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Omsøkt område har lang avstand til Ostereidet, og er ikkje tilrettelagt for gang/sykkel og kollektivtransport. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Ikkje i tråd med kvalitetskrav til bustadområder og nasjonale og regionale føringar for lokalisering av bustad. Endring av arealføremål til bustad har vesentlege og mindre vesentlege konfliktar med fleire KU-tema. Vert vurdert å legge ut eit LNF-spreidd bustadområde i området.

| **TILRÅDING** | |
|---|---|
| Innspelet vert ikkje tilrådd. | |
| **ENDRA I PMU 19. JUNI 2019** | |
| Innspelet vert ikkje tilrådd, men deler av arealet vert lagt inn som LNF-spreidd bustad med opning for 3 einingar |  |

## LSN 10 - Spreidd næring

### LNF-SPREIDD NÆRING - BJØRGO

**Gbnr.:** 241/1
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 9,4 daa
**Forslagstillar:** Kjell Morgan Bjørge



**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg på Bjørgo, i enden av vegen. Eit landbruksbygg på omsøkt areal. Føreslått omdisponert til LNF-spreidd næring, men ønskje om etablering av forsamlingslokale og legge til rette for parkering.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 21 om å støtte opp under nye idear og verksemder og strategi 23 om å legge til rette for auke matproduksjon og næringsutvikling i landbruket. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Kan gje auke i trafikk, men vert vurdert som avgrensa. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Ligg i omsynssone landbruk H510_oL21. Blanding av overflate dyrka jord, fulldyrka jord og innmarksbeite. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Landskap | | Landskapstype; LT 21-08 Vestlandes skogåser. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| Miljø | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Transportbehov | | Kan gje auke i trafikk, men vert vurdert som avgrensa. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ikkje kommunalt vatn og avløp. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er skog- og lyngbrann og radonstråling. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| Samfunn | Folkehelse | | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt tiltak vil styrke næringsgunnlaget for garden. Omsøkt tiltak er primært knytt til opprusting av eksisterande landbruksbygg, som forsamlingslokale, samt etablering av parkering. Det vert vurdert som tilstrekkeleg å opne opp for eit meir avgrensa areal. Eventuelle tiltak føreset etablering av godkjente løysingar for vatn og avløp.

**TILRÅDING**

| | |
|---|---|
| Innspelet vert tilrådd, men tilrådd areal er redusert til 1,2 daa.<br><br>Føresegne opnar opp for forsamlingslokale med servering. |  |

## LSN 11 - Spreidd næring

### LNF-SPREIDD NÆRING - EIDEVÅGEN

**Gbnr.:** 234/11
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 1,5 daa
**Forslagstillar:** Silje Smådal og Kennet Innvær




**Omtale av området:**
Føreslått omdisponert til naustområde. Vurdert av adm. til å være LNF-spreidd næring jf. den aktivitet som er skildra; Etablering av naust, kaifront, vinterlagring av båter, samt opptrekksplass for båter; med service og vedlikehald.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 21 om å støtte opp under nye idear og verksemder og strategi 23 om å legge til rette for auke matproduksjon og næringsutvikling i landbruket. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Ikkje relevant. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Strandsona er delvis bygd ut med 3 bygg innanfor omsøkt areal. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Kan gje auke i trafikk, men vert vurdert som avgrensa. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ikkje kommunalt vatn og avløp. Omsøkt tiltak – miljøkrav jamfør omsøkt aktivitet. Må ha anlegg for handsaming av vaske- og spylevatn (truleg oljeutskiljar). Kan ikkje tilkoplast offentleg avløpsnett, då dette ikkje er på plassen. Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Miljøkrav for å sikre forsvarleg handtering av vaske- og spylevatn. Potensielle farar er skred (snøskred på motsett side av vågen), ustabil grunn (området ligg under marin grense), havnivåstigning, stormflod og bølgjepåverknad, kjemikalieutslepp og annan forureining og framkomst for utrykkingskøyretøy. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt tiltak vil styrke næringsgunnlaget for garden. Service og vedlikehald av båtar vil få miljøkrav på etablering av godkjent handtering av vaske- og spylevatn. Tilrår ikkje å opne opp for slik aktivitet på omsøkt areal. Ålmenta sin tilgang til sjø skal sikres i detaljplan. Omsøkt tiltak ligg innanfor omsynssone for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen. Arealendringa er ikkje vurdert til å ha stor konsekvens for det arbeidet, og vert difor tilrådd.

**TILRÅDING**

Innspelet vert tilrådd.
Føresegna opnar opp for vinterlagring av båtar, oppstrekksplass for båtar, kai og naust.

## LSN 12 - Spreidd næring

**LNF-SPREIDD NÆRING - ASKELAND**

**Gbnr.:** 16/4
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 28 daa
**Forslagstillar:** Sidsel Kalve og Olav Nygård – Stykje Gard



**Omtale av området:**
Føreslått omdisponert til LNF-spreidd næring, med ønskje om utviding og etablering av tilleggsnæring på garden;

- «Inn på tunet»
- Nytt bygg; lokalmatproduksjon, lager, gardsbutikk m.m.
- 4 enkel utleigehytter
- Oppgradere strandareal; kai til utleige av småbåter, båthus og opphaldsrom
- Nytt sel/løe i utmarka på Strandafjellet

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 21 om å støtte opp under nye idear og verksemder og strategi 23 om å legge til rette for auke matproduksjon og næringsutvikling i landbruket. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Kan gje auke i trafikk, men vert vurdert som avgrensa. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Blanding av fulldyrka jord, overflatedyrka jord, innmarksbeite og open fastmark. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. Bratt område, med nokre flatare parti. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ikkje del av kartlagt friluftsområde. Gitt Sti/traktoveg i omsøkt areal, antas å ha verdi som nærfriluftsområde. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Innerst i smalt sund, med 2 naust. Enkel tilkomst til strandsona, med flatt areal ved sjø. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Kan gje auke i trafikk, men vert vurdert som avgrensa. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ikkje kommunalt vatn og avløp. Føreset godkjenning av private VA-løysingar. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er skred (snøskred), ustabil grunn (området ligg under marin grense), skog- og lyngbrann, radonstråling og elektromagnetisk felt. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Omsøkt tiltak kan bygge ned tilgang til strandsona. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt tiltak vil styrke næringsgunnlaget for garden. Innspelet er omfattande både i areal og i talet på ulike aktivitetar. Nytt sel/løe i utmarka på Strandafjellet er i tråd med LNF-føremålet og vert difor ikkje tilrådd. Det er ønske om å legge til rette for deler av omsøkt aktivitet, men ikkje i det omfang som innspelet legg opp til. Det er ønskeleg at omsøkt aktivitet i så stor grad som mogleg vert samla, for å avgrense tiltak på dyrka mark. Føresegna vil presisere kva type tiltak som føremålet vil opne opp for.

**TILRÅDING**

| | |
|---|---|
| Innspelet vert tilrådd, men tilrådd areal er redusert til om lag 4,6 daa.<br><br>Føresegna opnar opp for følgjande aktivitet:<br><br>– «Inn på tunet»<br>– Nytt bygg; lokalmatproduksjon, lager, gardsbutikk<br>– Maks 4 enkel utleigehytter |  |

## LSN 13 - Spreidd næring

**LNF-SPREIDD NÆRING - BJØRNDALSVATNET**

**Gbnr.:** 243/1
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 20,5 daa
**Forslagstillar:** Helge Vatshelle



**Omtale av området:**
Omsøkt areal grensar til og ligg delvis i Bjørndalsvatnet. Føreslått omdisponert til LNF-spreidd næring, men ønskje om massedeponi/nydyrking.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 23 om å legge til rette for auka matproduksjon og næringsutvikling i landbruket. I strid med strategi 64 om berekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfald. |
| **Miljø** | Forureining, klima og miljø | | Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Myr og noko skog. Ikkje eigna til massedeponi. Ureining av vassdrag. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Omsøkt areal råkar utløpet av elv til Bjørndalsvatnet. Grensar til og ligg delvis i Bjørndalsvatnet. Spørsmål om avrenningsproblematikk. Våtmarksområde. Art av særleg stor forvaltningsinteresse i Bjørndalsvatnet; lappfiskand. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 21-06 Vågsvatn. Utfylling av massar vil kunne gje endringar på landskapet. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ikkje del av kartlagt friluftsområde. Sør i Bjørndalsvatnet er kartlagt friluftsområde (Treafjæra badeplass). Omsøkt tiltak kan ha negativ konsekvens for badeplassen. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| **Samfunn** | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Vil gje auka transport i ein avgrensa periode. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ikkje etablert vegtilkomst til området. Omfattande inngrep å få etablert vegtilkomst. Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Auka transport i avgrensa periode. Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Kan ha negativ konsekvens for badeplass. |
| | Barn og unge | | Kan ha negavit konsekvens for badeplass. |

**SAMLA VURDERING**

Hensikten med etablering av LNF-spreidd næring for mottak av massar, er for opparbeiding av dyrka mark for å betre landbruksverdien. Omsøkt areal er i der hovudsakeleg myr, og vatn. Det er ikkje ønskeleg å opne opp for mottak av masser på arealet. Omsøkt tiltak ligg innanfor omsynssone for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## LSN 14 - Spreidd næring

### LNF-SPREIDD NÆRING - ASKVIK

**Gbnr.:** 236/1
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:**
**Forslagstillar:** Thomas Lindås




**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg om lag 2 km frå Ostereidet nærsenter. Føreslått omdisponert til LNF-spreidd næring og LNF-spreidd bustad, med følgjande aktivitetar:

- Område i nord; enkel overnatting
- Område rundt eksisterande våningshus – LNF-spreidd bustad (opne opp for tilbygg/garasje).
- Område ved sjø; enkel flytekai med utleige av båt.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 21 om å støtte opp under nye idear og verksemder og strategi 23 om å legge til rette for auke matproduksjon og næringsutvikling i landbruket. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Kan gje auke i trafikk, men vert vurdert som avgrensa. Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| | Landbruk og jordressursar | | Ikkje drivverdig skog og open fastmark. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landskap | | Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. Omsøkt tiltak opnar ikkje opp for store, nye tiltak. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ikkje del av kartlagt friluftsområde. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Strandsone | | Ligg innanfor 100-metersbelte mot sjø. Området er bebygd med fleire mindre bygg. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Kulturminne, enkeltminneikon, på utsida av omsøkt areal. Ikkje verna. Ingen andre kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Kan gje auke i trafikk, men vert vurdert som avgrensa. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ikkje kommunalt vatn og avløp, men omfang av omsøkt tiltak er lite, slik at konsekvensen vert vurdert som liten. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Det er ikkje tilrådd å leggje LNF-spreidd bustad på eit enkelt hus, då det ikkje er ein praksis andre stadar i kommunen. Innspel på LNF-spreidd næring er av liten skala, og ikkje vurdert som nødvendig å legge som LNF-spreidd næring.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

## LSN 15 - Spreidd næring

**LNF-SPREIDD NÆRING - MOLVIK**

**Gbnr.:** 227/2
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 164 $m^2$
**Forslagstillar:** Svein Harald Molvik (2)



**Omtale av området:**
Omsøkt område ligg i Molvik, om lag 7 km frå Ostereidet nærsenter. Føreslått omdisponert til LNF-spreidd næring ved eksisterande sag.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med eksisterande arealføremål, landbruks-, natur-, og friluftsliv. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Ingen kjente konfliktar med anna forureining. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Ikkje relevant. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ikkje relevant. |
| Miljø | Landskap | | Ikkje relevant. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ikkje relevant. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder. |
| Miljø | Strandsone | | Omsøkt areal er bebygd. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Transportbehov | | Omsøkt tiltak er i tråd med eksisterande bruk. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn, flaum, havnivåstigning og stormflod, radonstråling, brann/eksplosjon ved industrianlegg og kjemikalieutslepp og annan forureining. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umoglege å handtera med avbøtande tiltak. |
| Samfunn | Folkehelse | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Drift av sag med hovedsakleg foredling av eiga tømmer er i tråd med LNF føremålet. Det vert difor ikkje vurdert som nødvendig å endre arealføremålet for omsøkt areal.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.

**ENDRA I PMU 19. JUNI 2019**

Innspelet vert tilrådd.

## BAB 16 – Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag)

**SMÅBÅTANLEGG I SJØ OG VASSDRAG - MOLVIK**

**Gbnr.:** 227/2
**Føremål i dag:** LNF og sjøareal
**Areal storleik:** 3,5 daa
**Forslagstillar:** Svein Harald Molvik (2)



**Omtale av området:**
Omsøkt areal ligg om lag 7 km frå Osterieidet nærenter. Føreslått omdisponert til småbåtanlegg, med flytebryggje for 10 til 12 båtar. Areal for parkering vist. Foreslått badevik på innsida av omsøkt areal.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med fastsatt avgrensing av kva innspel på naust og småbåthamnområder ein opna opp for i planarbeidet. Kan vere i strid med regionale og nasjonale føringar for forvaltning av strandsona. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil kunna auke utsleppa av klimagassar noko. Ingen andre kjente konfliktar. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Ikkje relevant. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Art av stor forvaltningsinteresse; fiskemåke og ærfugl, rett sør for omsøkt areal til parkering. |
| Miljø | Landskap | | Flytebryggja vil vere synleg frå Osterfjorden. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Mykje båttrafikk i området. Viktig å ta omsyn til tryggleik for passerande båttrafikk ved eventuell utforming av tiltaket. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder. |
| Miljø | Strandsone | | Strandsona i omsøkt areal er bebygd. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Transportbehov | | Antas å vere bilbasert fordi brukarane ikkje må vere frå nærområdet, men aukinga i transportbehov vert vurdert å vere avgrensa. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ikkje kommunalt vatn og avløp, men vurdert til å ha liten konsekvens. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), havnivåstigning, stormflod og bølgjepåverknad, kjemikalieutslepp og annan forureining, potensiell fare for brann ved industrianlegg og tilkomst for utrykkingskøyretøy. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| Samfunn | Folkehelse | | Vil kunne styrke tilgjenge til friluftsliv til sjøs, og er ikkje i konflikt med andre omsyn når det gjeld folkehelseaspektet. |
| Samfunn | Barn og unge | | Tilrettelegging for badevik på innsida av omsøkt areal kan vere ei positiv tilrettelegging for barn og unge. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt tiltak er etablering av småbåtanlegg i ein del av strandsona som allereie er bygd ut, med vegtilkomst og naust. Det er positivt å legge til rette for eit slikt tilbod i denne delen av kommunen. Omsøkt tiltak kan vere noko utsatt pga båttrafikk som går forbi, og ein må ta omsyn til det ved konkret utforming av tiltaket. Ålmenta sin tilgang til sjø skal sikres i detaljplan.

**TILRÅDING**

Innspelet vert tilrådd.

| **ENDRA I PLANVEDTAK 15. OKTOBER 2019** | |
|---|---|
| Arealet er endra etter semje i dialogmøte med Fylkesmannen i Vestland 25. september 2019.<br><br>Arealet er redusert til 1,7 daa. |  |

## BFT 2 - Fritids- og turistføremål

**FRITIDS- OG TURISTFØREMÅL - MOLVIK**

**Gbnr.:** 227/7
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 3,3 daa
**Forslagstillar:** Knut Morten Ånensen

**Omtale av området:**
Omsøkt område ligg om lag 7 km frå Ostereidet nærsenter ved kommunal veg, Molvikavegen. Føreslått omdisponert til fritids- og turistføremål, med ønskje om etablering av areal til oppstilling/parkeringsplass for 10 bubilar.



| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Vurdert som mindre vesentleg jf. både kommunale, regionale og nasjonale føringar. |
| Miljø | Forureining, klima og miljø | | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Deler av omsøkt areal er beite og fjellknaus. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| Miljø | Landskap | | Omsøkt tiltak vil krevje landskapsmessige endringar, spørsmål rundt tilkomst. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ikkje del av kartlagt friluftsområde. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt. |
| Miljø | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente registreringar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Transportbehov | | Omsøkt tiltak er tenkt å løyse parkering for bubilar som allereide vitjar område. Transporten er vurdert til å være avgrensa. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ikkje kommunalt vatn og avløp. Omsøkt tiltak vil truleg utløyse krav om etablering av mottak av avløp (tømmestasjon for slam). Utfordring med å etablere tilkomst til omsøkt areal. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| Samfunn | Folkehelse | | Ingen kjente konfliktar. |
| Samfunn | Barn og unge | | Vil ikkje påverka barn og unge sin oppvekstvilkår. |

**SAMLA VURDERING**

Omsøkt tiltak er lagt tett på eksisterande fritidseigedom, gbnr. 227/22. Ikkje ønskeleg å legge til rette for omsøkt aktivitet, og terrenginngrep så tett på eksisterande fritidseigedom. Det vert vurdert som utfordrande å etablere tilkomst og korleis tiltaket skal løyse eventuelt krav om mottak av avløp.

**TILRÅDING**

Innspelet vert ikkje tilrådd.